

«Eg trudde jo at livet mitt skulle vere ein romantisk komedie, men det er det jo ikkje»

Korleis konstruerer kambodsjansk og norsk ungdom romantisk kjærleik?
Ein komparativ studie av korleis kambodsjansk ungdom og norsk ungdom opplever romantisk kjærleik.

LINDA-MARIE LEIRPOLL

RETTLEIAR

Ann Christin Eklund Nilsen

Universitetet i Agder, 2020

Fakultet for samfunnsvitskap

Institutt for sosiologi og sosialt arbeid

Summary

How do youth in Cambodia and Norway perceive romantic love? This master thesis compares how youth in Cambodia and Norway perceive romantic love, and how the romantic love affects other parts of everyday life. Love is an individual feeling, but is it different across culture and gender? And how much are the youth affected by social media, music, and movies in the way they see romantic love? Is “happily ever after” possible? This thesis is based on romantic love as a social construct.

This thesis is based on three months of field work in Phnom Penh, Cambodia. I used nine interviews, four girls, four boys and one professor from my collected field data. In Norway I had six interviews, three of each gender. The thesis concludes that the individual feeling of love might be the same, but how the youth are affected by romantic love, is different. For Cambodian youth, career and self-development are more important than romantic love while they are still students. It is not many years since Cambodian youth got more independence, and now they have the opportunity to follow their dreams and goals. For Norwegian youth, who are born in a more developed country, this self-development and career building is not a new phenomenon for most. Norwegian youth are more often searching for the “perfect life” and happiness. While Cambodian youth are enjoying a life with a lot of choices and opportunities, it can seem like Norwegian youth are over this phase and are rather looking for stable and good relations.

The differences between the genders, are more about the cultural differences between the gender roles, than the gender itself. Movies, music, and social media affect them and the way they perceive romantic love. The youth in Cambodia for example, say they learn a lot about love from South-Korean movies, while their Norwegian counterparts keep telling me about “influencers” from reality shows that they look up to, and come to be inspired by. Mass media gives youth from both countries a recipe for how they can live their lives, and sociologist Thomas Ziehe is calling this transaction for youth a “culture release”.

Takk!

Kor skal ein begynne?

Det har vore eit merkeleg master-år på godt og vondt.

Det er litt vemodig å skulle leve frå seg eit prosjekt som eg har brukte eit år av livet mitt på.

Og som ikkje minst har vore utruleg spennande å jobbe med!

Kan vel starte med å takke roomien for å halde ut med meg i koronatida. Den var lang. Og til redbull og kaffi som har bidrege med energi. Og til The Smiths, som kan gjere dei mørkaste dagar lysare. Men til tross for at våren har verka umåteleg lang på mange måtar, så kan ein ikkje gløymte eit vedunderleg og lærerik feltarbeid i Phnom Penh fyrste semester.

Eg vil takke Pisney, Bunleng og Vouchleng. Og Sophany. Mine gode hjelparar.

Sophorn som alltid hadde tid til meg.

Alex for alle dei meiningslause og meiningsfulle samtalane. Og øla.

Ashot for alle dei gode refleksjonane.

Sothavrin, Rin og Dia for tallause kveldar med latter.

Alle mine informantar i Kambodsja og Noreg.

Og ikkje minst Shahbaz, for å ha lært meg Phnom Penh.

Professor Ann Christin, du er eit førebilete! TUSEN takk for all rettleiing, og at du har bidrege til att eg har blitt eit hakk smartare.

Takk mamma og pappa – det blei noko av meg og til slutt.

Amanda, Marthe og resten av vennane mine for både støtte og korrekturlesing.

Og Canela då, som alltid har stilt opp for ein luftetur.

Så no, etter ein levert mastergrad om kjærleik, har eg forhåpentlegvis lært så mykje om dette feltet at eg kan ta fatt på mitt eige kjærleiksliv.

Innhald

1. Introduksjon	6
Problemstilling	8
Avgrensing	9
Avgrensing kjærleik	9
Avgrensing ungdom	10
Lesarrettleiing	10
2. Teoretiske perspektivet	12
Sosiologi og kjærleik?	12
Den sosiologiske kjærleiken	13
Kjærleik som ein sosial konstruksjon	14
Den moderne sosiologiske kjærleiken	15
Ungdom i det moderne samfunn	17
Kjønnsaspektet	20
Populærelement	23
Korleis påverka musikken kjenslene?	23
Korleis påverka film kjenslene?	24
Korleis påverka sosiale media dei unge?	27
3. Kontekst	30
Kambodsja	30
Folket frå Kambu	32
Kambodsja si avskyelige fortid	33
Kva for konsekvensar fekk dette for Kambodsja?	34
Utviklingsfase	34
Samfunnet, normer og verdiar	36
Skriftande samfunn	36

Religion i Kambodsja	39
Forholdet mellom mann og kvinne	40
Arrangert ekteskap	41
Chbab Srei	42
Samanlikningskontekst – Noreg	43
Historiske trekk i den norske konteksten	43
Kva er kjenneteikn på norsk ungdomskultur?	44
Kjønnsrollene blant norsk ungdom	46
4. Metode og metodiske refleksjonar	49
Å drive etnografisk arbeid	50
Gjennomføring, frå forskingsidé til analyse	50
Forskinsidé	50
Forskarolla i felt	51
I felt	52
Å «Gestalte»	54
Ein tettare dialog	55
Det å vere tilstede	55
Vere saman i ein felles horisont	56
Tid og rom	56
Det sosiale og personlege meiningsfulle	56
Oppdag det verkeleg liv	57
Utval	58
Pannasatra university of Cambodia	58
Studentgruppa i Phnom Penh	58
Studentgruppa i Noreg	59
Intervjua	59
Utfordringar eg satt igjen med etter intervju	60
Intervjuguide	61
Transkribering	62
Analysen	62
Intervjua gjennomført i Noreg – samanlikningsgrunnlaget	63
Informantane	63
Informantane i Noreg	64

Studiet sin kvalitet	65
Utfordringar knytt til etnografisk arbeid	65
Truverdigheit	66
Bekreftelse	67
Overførbarheit	69
Etiske refleksjonar	69
Forskarolla	69
Informert samtykke og anonymitet	71
5. Kva tyding har kjærleik for kambodsjansk ungdom?	72
Kjærleik som sosial konstruksjon	72
Tyding av romantisk kjærleik hos dei norske informantane	78
Oppsummering	80
Fantasiverda sin røyndom	81
Korleis globaliseringa påverkar dei norske informantane	87
Oppsummering	91
Valsamfunnet si forbanning	91
Tyding av normer og verdiar for norsk ungdom	95
Oppsummering	98
Bruk og kast – mentalitet	98
Likskapar og skilnadar mellom kjønna hos norske ungdom	103
Oppsummering	107
Ei kulturell frisetjing?	107
Vidare forsking	110
6. Referanse	111
Referanse	111
Vedlegg	114

«There is an extremely powerful force that, so far, science has not found a formal explanation to. It is a force that includes and governs all others, and is even behind any phenomenon operating in the universe and has not yet been identified by us. This universal force is LOVE.»

Albert Einstein

1

Introduksjon

Oktobe 2019. Phnom Penh. Kambodsja.

Som ein vanleg oktoberdag i hovudstaden Phnom Penh er det klam og trykkande luft, og lyden frå tuktukane og gateseljarane helde sitt faste, høge støy nivå. Eg og mine tre informantar, tre fnisefulle jenter, har funne oss ein halvslitt kafé i Samdach Pan Street. Jentene er ivrige og latterfulle når dei pratar om temaet kjærleik, og har gode refleksjonar rundt kva forelsking og romantisk kjærleik betyr for dei. På spørsmålet om «What do you think about love?» blir det stille ei lita stund. Etter at dei to fyrste jentene har gitt sine svar, seier jente nummer tre, Sina, at: «for me, love is like the weather.» Det blir stille nokre sekund, før vi må bekrefte kva vi nettopp høyrd. «Like the weather?» spør eg. Dei andre jentene byrja å fnise, men Sina held fram, sjølv sikker og tankefull:

«For me, love is like the weather. Because weather always change. It's never the same. It's my opinion because I have never felt true love for someone, but I have seen my friends in love. The first time they love each other, they felt good, despite not being good for her, but she was so in love with him! But after a while, he met another girl. She was so broken. Everything changed. That's why I think love is like the weather. Sometimes it's good, and sometimes it's bad. Like a storm – a storm is fearless. So, things will be broken. »

«Den som har inntrykk av å bli dominert av krefter som han ikkje kjenner att som sine, som dreg han med seg, som han ikkje rår med... han føler seg trekt inn i verd som er annleis enn den han lever sitt eige liv i. Livet her er ikkje berre intenst, men og kvalitativt annleis... han mistar interessa for seg sjølv, gløymer seg sjølv, gjev seg heilt over til dei sams måla...(kreftene) syner trong til å ekspandere berre for moro skuld, utan ende... I slike stunder lever ein livet på det høgare planet med ein slik intensitet og på ein måte som nesten heilt utelukkar andre ting frå medvitet, slik at ein der ikkje får plass til egoistiske og daglegdagse suter» (Alberoni 1985:8).

Desse orda er blitt skrive av ein av sosiologien sine fedrar, Emile Durkheim. Du trudde kanskje det var kjærleik han beskrev, men det er nok den franske revolusjonen. For Sina, som såg på romantisk kjærleik som vêret, er også romantisk kjærleiken krefter ein ikkje rår over. Samstundes som det kunne vere noko utruleg flott, kunne det også vere det motsette, noko smertefullt og uføreseieleg. Kjærleik er noko som ikkje lar seg gripe av rasjonelle omgrep.

Den italienske sosiologen Francesco Alberoni fortel om sosiologar som er opptatt av dei store kollektivistiske fenomena som angår i det sosiale liv, og ikkje forelskinga som oppstår mellom middelalderfrua og gartnaren, dei to ungdommane i blokka eller dei to høgt utdanna økonomane som møtte kvarandre på BI. Han tykkjer at kjærleik er eit fenomen som kan setjast i same klasse som ei rekke andre sosiologiske fenomen (Alberoni 1985:5). Samfunnet er avhengig av kjærleik, enten det er frå ein ektemann eller ein ven. Vi høyrer om sjalusidrap der eit menneske ikkje greier å handtere sine kjensler til kjærleik eller dei som fell utanfor samfunnet som følgje av mangel på kjærleik. I Noreg har kjærleik vore sjølve essensen i utvikling av til dømes institusjonen ekteskap, ved å gå frå eit hushald basert på økonomi og behov, til å i større grad dreie seg om romantisk kjærleik og sjølvrealisering (Haldar 1997:149).

Frå vi veks opp, opplever dei fleste av oss kjærleik frå familie og vener. Fyrst i ungdomstida blir vi introdusert for den romantiske kjærleiken. Denne romantiske kjærleiken har kjenslene i fokus og ikkje fornufta. Det er kjærleik som er basert på å forelske seg i eit anna menneske, og den er fylt med lidenskap og begjær (Thagaard 2005:19). Vi nyttar ungdomstida til å utforske denne kjensla, og den spelar ei sentral rolle i mange av livsvala vi tar. Romantisk kjærleik er også ei personleg kjensle, og er individuell for kvar enkelt. Men korleis spelar dei

kulturelle verdiane og normene inn for korleis vi ser kjærleik? Alberoni innleiar bok si *Eg elskar deg* med at kjærleiken er den same over heile verda (Alberoni 1997:9). Til tross for å voksa opp med to vidt forskjellige utgangspunkt, både økonomisk, kulturelt og sosialt, er framleis romantisk kjærleik det same? Dette spørsmålet skal denne avhandlinga forsøke å gje eit nærmare svar på.

Problemstilling

Problemstillinga for denne oppgåva er: «**Korleis konstruerer kambodsjansk og norsk ungdom romantisk kjærleik? Ein komparativ studie av korleis kambodsjansk og norsk ungdom opplever romantisk kjærleik.**»

Denne masteravhandlinga tar for seg korleis kambodsjansk og norsk ungdom opplever romantisk kjærleik, med tyngde på kambodsjansk ungdom. Oppgåva skal sjå nærmare på kva romantisk kjærleik betyr for livsfasen ungdommane er kome i, korleis den påverkar vala dei tar og korleis den prega deira daglege liv. For å belyse dette på best mogeleg måte, har eg valt ut fire temaa og underspørsmål som blir gjennomgått i kvar sin del i analysen. Desse underspørsmåla er:

«Kjærleik som sosial konstruksjon» - **Korleis opplevast tydinga av romantisk kjærleik for ungdom?** Spørsmålet tar utgangspunkt i Thomas Ziehe sin teori om kulturell frisetjing og Giddens sin teori om det refleksive sjølvet. Delkapittelet forsøker å belyse kva romantisk kjærleik er for dei unge, korleis den opplevast, og korleis det spelar inn på sjølvrealiseringa hos dei unge (Ziehe 1983, Giddens 1996).

«Fantasiverda sin røyndom» - **Korleis påverkar globaliseringa opplevinga av romantisk kjærleik?** Dette underspørsmålet bygge vidare på Thomas Ziehe sin teori om kulturell frisetjing. Det blir tatt for seg korleis ungdom adopterer «ferdiglagte oppskrifter» for sine livsval gjennom populærelement og sosiale medium. Vidare blir det tatt føre seg, med utgangspunkt i sosialpsykolog Karen Dill-Shackleford, korleis våre haldningar og oppfatningar blir påverka når vi bevegar oss over i den oppdikta verda (Shackleford 2016). Ungdom er storkonsumera av sosiale medium og teknologi, korleis påverka dette synet dei unge har på romantisk kjærleik?

«Valsamfunnet si forbanning» - **Kva tyding har normer og verdiar for romantisk kjærleik på tvers av generasjonane?** Dette underspørsmålet ser på kva kulturelle verdiar og normer

dei unge tar med seg frå generasjonen før dei. Gjev uendeleg med val større fridom? Med utgangspunkt i Giddens sin teori om valsamfunnet, blir det sett på korleis ungdommen opplever den nye fridommen som dagens seinmoderne samfunn har brakt med seg (Giddens 1996).

«Bruk og kast-mentalitet» - **Kva er likskapane og skilnadane mellom gutar og jenter sitt syn på romantisk kjærleik?** Underspørsmålet tar for seg korleis det å «gjere kjønn» i Kambodsja er annleis enn å «gjere kjønn» i Noreg, med utgangspunkt i West & Zimmerman sin teori om «doing gender» (West & Zimmerman 1987). Kjønnsrollene blir skapt i den konteksten dei blir utøvd, og underspørsmålet tar for seg korleis dei to ulike kontekstane utøver sine kjønn. Dagens moderne samfunn er flyktig og med stor risiko, fortel Bauman (Bauman 1999). Kva gjer det med mentaliteten når vi tek for oss romantisk kjærleik?

Hensikta med det komparative aspektet, er å sjå på kulturelle moment som verkar inn på synet ungdom har på romantisk kjærleik. Med utgangspunkt i kjærleik som ein sosial konstruksjon, vil oppgåva belyse kontekstuelle, historiske og sosiale forhold som påverkar synet ungdom har på romantisk kjærleik. Denne masteravhandlinga vil utfordre kva romantisk kjærleik er frå eit sosiologisk perspektiv, korleis ungdom konstruerer kjærleik og korleis romantisk kjærleik spelar inn på andre aspekt i livet. Vi skal byrja med å avgrense kjærleiksaspektet og gruppa ungdom.

Avgrensing av omgrepet kjærleik

Kjærleik er eit vidt omgrep, og vi har mange formar for kjærleik. Vi har kjærleik til vår partner, til familien, til naturen, til landet etc. Problemstillinga i denne oppgåva omfamar korleis dei unge ser kjærleik i forhold til ein partner, enten i deira noverande situasjon som student eller i framtida. Sosiolog Tove Thagaard kallar denne kjærleiken for romantisk kjærleik. Det er kjærleik der kjenslene er i sentrum og ikkje formufta. Kjærleik basert på å forelske seg i eit anna menneske – den lidenskapelege og russkapande (Thagaard 2005:19). Sosiolog Mary Evans framhevar korleis romantisk kjærleik har eit idelogisk preg, førestillinga om «kjærleik ved fyrste blikk» og «evig din». Ekteskapet er basert på romantiske ideal forbunde med personlege val og fridom (Thagaard 2005:20).

Avgrensing av ungdom

Målgruppa for prosjektet blei avgrensa til studentar i Phnom Penh. Bakgrunnen for dette, er at det er store skilnadar i ungdomskultur og klassebakgrunn blant kambodsjansk ungdom.

Studentar har eit høgare engelskspråkleg nivå, og det er ikkje nødvendig med tolk. Det er ein fordel når ein skal forske på romantisk kjærleik, der mykje av essensen ligg i refleksjon og ordlegging. Informantane frå Noreg er også studentar.

Lesarrettleiing

Oppgåva har innleiingsvis byrja med å avgrense kva for type kjærleik vi har valt å fokusere på i denne avhandlinga, og kva for ungdomsgruppe vi har tatt utgangspunkt i. Kapittel to tar for seg teorien som er utgangspunktet for analysen, og den ser på kva for rolle romantisk kjærleik har frå eit sosiologisk aspekt. Det blir tatt utgangspunkt i kjærleik som ein sosial konstruksjon, noko som blir nærmare grunngjeve i teorikapittelet. Deretter blir det drøfta kva posisjon kjærleik har fått i det moderne samfunn, før ein går over på å sjå på ungdom i samhøve det moderne samfunn. Del to av teoridelen ser på populærelement og korleis dette spelar inn på ungdom sitt kjærlekssyn.

Vidare tar avhandlinga for seg Kambodsja sin kontekst. I og med at oppgåva tar utgangspunkt i kjærleik som ein sosial konstruksjon, er det sentralt å sjå på konteksten bak. Her blir det tatt for seg kulturelle faktorar som kan vere førande for korleis dagens kambodsjanske ungdom, også omtalt som khmer-ungdom, ser romantisk kjærleik. Deretter kjem Noreg sin kontekst. Den har fått mindre plass enn Kambodsja sin, fordi Noreg blir nytta som samanlikning, og får dermed mindre fokus.

Metoden blir gjennomgått i kapittel fem. Det blir grundig gjennomgått feltarbeidet som blei gjort i førekant av denne oppgåva, samt refleksjonar og framgangsmetode for intervju. Eg har nytta meg av kvalitativ metode, og mitt empiriske materiale består av åtte intervju frå Kambodsja, samt tre månadar med feltarbeid hausten 2019. Det norske grunnlaget er seks intervju gjort i Noreg våren 2020. Vidare i kapittel seks blir analysen presentert. Den har blitt delt opp i fire temaa, som tar for seg dei ulike sentrale elementa som kom fram i intervjua. Til slutt i analysekapittelet kjem ei samanfatning av hovudfunna mine. Heilt til slutt kjem referanseliste og vedlegg.

Sidan eg har valt å legge fokus på den kambodsjanske ungdommen, og bruke norsk ungdom som samanlikning, er det skeivheit i omfanget av dei to ulike kulturane. Dette gjeld både kapittelet om kontekst og metode, der det kambodsjanske har fått tildelt størt merksemd.

Forkortinger er definert i fotnoten første gong dei blir nemnde, og alle sitat frå informantar er i mindre skriftstorleik, og i hermeteikn.

2

Teoretiske perspektivet

Sosiologi og kjærleik?

Er det for klisjé å forske på kjærleik? Er det kanskje for personleg å stille spørsmål ved? For vagt?

I ei tidlegare utgåve av sosiologinytt, undra Jan Frode Haugseth seg over kvifor så mange sosiologar kvir seg for å prata om tema kjærleik (Haugseth 2015). Sosiologar er vande med å stille spørsmål ved dei rasjonelle sidene ved individ og samfunn, og kastar gjerne ballen over til psykologen og biologien når det kjenslebaserte skal belysast. Det er relativt lite forsking på feltet, samanlikna med andre dimensjonar innan samfunnsforsking. Nokre sentrale bidrag innan kjærlekssosiologi, deriblant Ariel Hochschild (2003, 2012) sine verk om kommersialisert kjærleik, Beck & Beck-Gernsheim (1995) sitt *The chaos of love*, og fleire verk av Eva Illouz (2011), har likevel fått ein sentral plass i bokhylla. Fleire av våre kjende samtidssosiologar har også tatt for seg kjærleik i lys av det moderne samfunn. Som blant anna Bauman (2003) med *Liquid love* og Giddens (1994) sitt verk om intimitet. Fellestrekket hos desse, som elles ikkje er eit ukjent fenomen hos sosiologane, er skeptisismen til den moderne kjærleiken. Giddens dristar seg til å seie at den pasjonerte kjærleiken er ein trussel mot den sosiale orden. Pasjonert kjærleik er eit av hans definerte kjærleksidealer, og det kan potensielt vere ein trussel mot ekteskapet (Haldar 1997:155).

Å studere kjærleik frå eit sosiologisk perspektiv, er ifølge Thagaard, å fokusere på førestillingane om kjærleik, og korleis kjærleik kjem til uttrykk gjennom handlingar. Korleis vi tenkjer på kjærleik og korleis vi utøver den. Formålet for sosiologien er ikkje å forklare kva kjærleik eigentleg *er* (Thagaard 2005:15). Vidare fortel Thagaard;

«Kjærighetens sosiologi handler om å studere kjærighet i en samfunnsmessig kontekst. Vi studerer sammenhenger mellom, for det første: forestillingen om kjærighet og handlinger som uttrykker kjærighet; og for det andre: de sosiale og kulturelle forholdene som kjærighetsrelasjonen er en del av; og for det tredje;

karakteristiske trekk ved relasjonen mellom de personene som har følelsesmessig bånd til hverandre» (Thagaard 2005:16).

Thagaard skriv at kjærleik innan sosiologi handlar om å studere den i ein samfunnsmessig kontekst. Ved å sjå på kontekstuelle og kulturelle normer for ein kultur, kan vi også lære mykje om kjærleksperspektivet. Dette kjem vi tilbake til seinare i oppgåva. Det vil fyrst bli greia ut om korleis kjærleik blir framstilt i sosiologi.

Den sosiologiske kjærleiken

Som sosiolog Francesco Alberoni seier - det finst endå ikkje eros-ologi om kjærleik, og det manglar ein vitskap på feltet (Alberoni 1997:13). Dei ulike disiplinane har laga sine tolkingar av fenomenet kjærleik. Psykologien ser på kjærleik som ei kjensle og på det evolusjonspsykologisk perspektivet bak. Dei ser på kjærleik knytt til ulike teoriar, som til dømes i sosial utvekslingsteori, der eit parforhold blir sett på som ein psykologisk bytehandel (Fredrickson 2014). For biologien sin del, er det ganske opplagt at kjærleik bidrar til å reproduusere samfunnet. Kjærleik er ein overlevingsmekanisme der arten menneske treng å bli tiltrekt av kvarandre for å produsere for framtida sin generasjon (Alberoni 1985:8). Filosofien ser på kjærleik som noko dysindig. Platon sjølv såg på det som galskapens rus, medan Kahlil Gibran sa at «kjærligheten gir ingenting annet enn seg selv, og tar ingenting annet enn fra seg selv» (Andersen 2020).

Kva er kjærleik for sosiologi?

I likskap med samfunnet elles, har kjærleiken utvikla seg over tid. Dagens moderne kjærleik er for mange sosiologar ein sosial relasjon som skapar og skapast av forpliktingar og omsorg for andre (Haugseth 2015). Erich Fromm, forfattaren bak *The art of loving*, såg på kjærleik som ein sosial prosess som utvikla seg over tid. Moderne kjærleik var det å kunne lære seg sjølv å kjenne, men samtidig ha respekt, kunnskap og ansvar for den andre (Fromm 1993). For Marit Haldar, er sosiologien i kjærleiken noko som er mellom oss, noko rasjonelt. Kjærleiken som kommuniserast gjennom eit felles meningsunivers mellom to partar (Haldar 1997:147). «Kjærlighet dannes nettopp i skjæringspunktet mellom på den ene side myter, arketyper og kulturell dramaturgi, og på den andre den enkeltes søken etter det dypeste i seg selv og andre» (Haldar 1997:148). Haldar ser på kjærleiken som kompleks - samtidig som det

er noko rasjonelt, er kjærleik også begjær, lidenskap og drifter. Det er viktig også i sosiologien å få fram at kjærleik også er individuelt, unikt for kvar enkelt og personleg. Kvart enkelt menneske sin søken etter kjærleik dannar grunnlaget for det relasjonelle. Ifølgje Alberoni, er kjærleik basert på ulike typar av relasjonar (Alberoni 1997:13). Kjenslemessige band er prega av den relasjonen dei er ein del av. I forelskingsfasa gjev partane i relasjonen slepp på sine eigne behov, for å saman kunne utvikle og vekse saman til ei eining. I denne oppgåva blir det tatt utgangspunkt i kjærleik som ein sosial konstruksjon - eit fenomen som er historisk, dynamisk og kulturelt vilkårsbunden. Det formar seg i takt med samfunnet og den historiske tida det inngår i.

Kjærleik som ein sosial konstruksjon

Ein sosial konstruksjon, ifølgje Berger og Luckmann, er ein dialektisk prosess der fenomenet er eit produkt av sin sosiale røyndom. Fenomenet er ikkje gitt, men blir forma gjennom aktiv fortolking og samhandling (Berger & Luckmann 1966). Kjærleiken er stadig i forandring. Som C. Wright Mills var oppteken av: «Neither the life of an individual nor the history of a society can be understood without understanding the both» (Mills 1967:3). Samfunnet og individet påverkar kvarandre i ein hermeneutisk spiral der dei skapar og omskapar kvarandre. Den historiske konteksten påverke fenomenet, og formar deretter nye kulturar for den vidare utviklinga av samfunnet til ein ny historisk kontekst (Gravås 1992). Dette gjer kjærleiken dynamisk. Den formast som ein kombinasjon av den kulturelle og historiske epoken. Til dømes institusjonen ekteskap, den historiske utviklinga med overgang frå storfamilie til dagens kjernefamilie har gitt meir rom for dyrking av kjærleik i parforholdet. Å ha færre i husstanden, både i form av å måtte ha omsorgsansvaret for dei eldre og tradisjonen med å ha fleire born, gjev meir rom for romantisk utfolding. Dagens ekteskap er også mindre basert på økonomisk overleving, men i større grad basert på livskvalitet og begjær (Haldar 1997:149).

Å sjå på kjærleik som ein sosial konstruksjon, betyr å sjå på det historiske, dynamiske og kulturelle rundt (Gravås 1992:2). Her er vi tilbake til Tove Thagaard som blei nemnt innleiingsvis, om korleis kjærleik blir sett i ein samfunnsmessig kontekst. I dagens samfunn finn vi meir variasjon i haldningar, meininger og levesett. Vi har framleis ei felles førestilling om kva kjærleik er, men vi har fleire forskjellige perspektiv på kjærleik som følgje av større variasjon i samfunnet (Thagaard 2005:16). Som det blei sagt av forfattaren La

Rouchefoucaulds: «Få mennesker hadde forelsket seg, hadde det ikke vært for at de hadde hørt om kjærligheten» (Illouz 1997:180). Vi skal vidare i denne oppgåva ta med oss utgangspunkt om kjærleik som ein sosial konstruksjon, og bevege oss over til dagens moderne kjærleik.

Den moderne sosiologiske kjærleiken

Kjenneteikna ved det moderne samfunnet, i samhøve våre samtidssosiologar, er eit samfunn prega av usikkerheit, risiko, konsum og individualisering. Ulrick Beck fortel om eit risikosamfunn, der dagens generasjon og dei seinare generasjonane må betale for industrisamfunnet sin overveldande suksess (Aakvaag 2008:267). Ei auka individualisering har vakse fram som eit resultat av eit deregulert, destandardisert og destabilisert samfunn. Der eit samfunn har blitt skapt som følgje av auka globalisering, ein postindustriell arbeidarklasse og ein endra familiestruktur (Aakvaag 2008:268). Zygmunt Bauman fortel at overgangen mellom ein fast til flytande modernitet inneber at vi går frå eit produksjonssamfunn til eit konsumsamfunn. I den «faste modernitet» hadde menneska dei same jobbane og den same identiteten heile livet, medan no flyter vi mellom arbeid, klasse og tilhøyrslle. Bauman meina difor at forbruket vårt av varer og tenester er med på forme vår identitet (Aakvaag 2008:281).

Individualisering, usikkerheit, risiko og konsum er stikkord som går att i skildringa av den moderne kjærleiken også. Bauman innleiar boka si *Liquid love* med:

«On the Frailty of Human Bonds: In a liquid modern setting of life, relationships are perhaps the most common, acute, deeply felt and troublesome incarnation of ambivalence. This is, we may argue, why they are firmly placed at the very heart of the attention of liquid modern individuals by-decree and perhaps at the top of their life agenda» (Bauman 2003:viii).

Det moderne samfunnet, er ifølgje Bauman, prega av usikre og flyktige relasjoner. Kjærleiksforhold har fått mindre forventingar til at dei skal vare, noko Bauman grunngjeve med at vi har «lausare» band til kvarandre. Vi føler ikkje same forplikting ovanfor kvarandre. Bandet til oss sjølve har også blitt usikrare. Det å ha likviditet til eigenkjærleik, er eit grunnleggande element for å gå inn i eit kjærleiksforhold. Mange av oss har ikkje denne grunnleggande eigenkjærleiken, på bakgrunn av eit kravstort og stressa forventingssamfunn.

Det flytande moderne samfunnet kjenneteiknast som usikkert og med eit behov for søken etter å tilfredsstille våre augeblikkelege behov. Samfunnet er eit forbrukssamfunn med «bruk og kast»-mentalitet, og det same er banda vi skapar med menneske. Banda er kortvarige, og det er usikkerheit knyta til både å vere i eit forhold, men også å gå inn i eit (Bauman 2003).

The normal chaos of love av Beck & Beck-Gernsheim ser også på kjærleik som nokre usikkert i det moderne samfunnet, og korleis overgangen frå ein kollektivistisk til individualistisk kultur har også gjort innflytelse på kjærleiksperspektivet (Beck & Gernsheim 1995). Det moderne samfunnet er prega av eit hig etter sjølvrealisering og prestisje. Det er stadig meir fokus på eigne behov, og karriere har blitt viktigare enn nokon gong før. I *The normal chaos of love* tar dei tyske sosiologane for seg korleis individualismen har prega kjærleiken, noko dei ser på med bekymring. Endringsprosessane som samfunnet har gått gjennom dei siste 100 åra er påverka av kvinnefrigjering og eit moderne arbeidsliv. Vi har gått frå eit samfunn som var organisert rundt mannen, til eit familieliv der kvinna set same krav som det mannelege kjønn. Kvinna har fått større fokus på å realisere seg sjølv gjennom utdanning og karriere, noko som bidrar til at familien blir beståande av to sjølvrealiseringssprosjekt (Beck & Gernsheim 1995).

At begge partane i forholdet skal sjølvrealiserast, ser Beck & Beck-Gernsheim på som noko som kan by på utfordringar. Dagens samfunn overleverer svært lite gjennom tradisjonar frå ein generasjon til ein annan, som til dømes tryggheit og identitet. Dermed må mennesket sjølv ta ansvar for å skape sitt eige liv og forfattarane ser på det som ein “do-it-yourself biography”. Dette resulterer i spørsmålet om kor mykje tid det eigentleg er til overs for å få eit kjærleiksforhold til å fungere, ved sidan av arbeidsmarknaden sine krav og eigne ynskjer? Dette bidrar til at individualismen blir sett på som ein trussel mot kjærleiken (Beck & Beck-Gernsheim 1995).

«Selvet betragtes som et refleksivt prosjekt, som individet er ansvarligt for. Vi er ikke, hvad vi er, men hvad vi gør os selv til» (Giddens 1996:94). Giddens er, som på lik linje med Beck & Beck-Gernsheim, også opptatt av det individualistiske aspektet sin innflytelse på kjærleiksperspektivet. I det typiske tradisjonelle samfunn blei normer og identitet overført frå generasjon til generasjon, noko som det har blir mindre av i det seinmoderne samfunn. Identitetsskapinga til det seinmoderne menneske må stadig omformast og utviklast, og det er mennesket sitt eige livsprosjekt; mennesket sin refleksivet. Gjennom refleksivitet sine handlingsval, strukturerer ein sin selvidentitet. Refleksivitet er evna mennesket har til å

produsere informasjon og viten. Denne viten blir brukt til danningsprosessen, saman med omforming av vår sosiale praksis. Vi innhentar ein endå større viten enn før, dermed har vi ein større mogelegheit til å forme vårt liv og historie (Giddens 1994:22).

Eit kjærleksforhold er ein sentral arena for denne omforminga, og intimitet har sin eigen form for refleksivet. Giddens omtalar denne arena for *det reine forhold*. Med dette meine han: «Romantisk kærlighet forutsædder at der kan knyttes et følelsesmæssigt bånd med den anden på grundlag af nogle eigenskaber ved selve båndet. Den er det rene forholds forløber, selv om den også står i et spændt forhold til det» (Giddens 1994:10). Det som kjenneteiknar eit *reint forhold*, er at det ikkje er samfunnet eller forventingar som held det saman. Det er opp til deltakarane i forholdet. Ved å stille spørsmål om dette er forholdet dei ynskjer i sin refleksive verd, og «livsbiografi», vel dei også sin identitet. Det er ikkje lenger eit spørsmål om kjærleik, men eit kontinuerleg arbeid om å stille spørsmål ved sine eigne forventningar. Det er eit spørsmål om kva for liv ein vil leve og kva for livsstil ein ynskje seg (Giddens 1991:100).

Teoriane som er nemnt ovanfor, er teoriar utvikla av vestlege sosiologar. Dei har blitt utvikla dei siste tiåra som eit svar på korleis dei trur kjærleik blir utvikla i det seinmoderne samfunn. Dei søraust-asiatiske landa har lenge følgjt ei anna utviklingsbane enn mange av dei vestlege landa, men har det siste tiåret skutt fart i utviklinga som følgje av økonomisk vekst og globalisering (Baudinet 2018:2). Dei har også byrja å «eksportere» vestlege idear og ideal. Med utgangspunkt i vestlege sosiologar, stiller oppgåva seg open til at empirien skal utfordre desse vestlege teoriane og sjå dei i lys av ein kambodsjansk kontekst.

Passasjen ovanfor har belyst korleis den moderne kjærleiken blir påverka av det individualiserte samfunnet som har vokse fram, og i det følgande skal det bli sett på korleis ungdom taklar det moderne samfunn.

Ungdom i det moderne samfunn

Ungdomsåra er ifølgje sosiolog Tormod Øia:

«Bryte ut av «kjernefamilien» for å kvalifisere seg til en posisjon i det voksne samfunnet. Å være ung handler om å være plassert på sidelinja, kulturelt frisatt, men

sosialt avmekting. De unge må tilkjempe seg en plass i samfunnet. Slik sett kan ungdomsfasen betraktes som en særskilt dannelses- eller læreprosess» (Øia 1996:14).

Å vere ungdom er ein prosess, ein transformasjon frå barndom til vaksen alder. Samtidig som ein skal bli sjølvstendig, skal ein også finne ein ståstad og lausrive seg frå foreldra. Ein skal tilpasse seg normene forventa av det vaksne samfunn, og tilpasse si åtferd deretter (Øia & Vestel 2014:127). Ein skal også fokusere på å skape sin eigen identitet. Søken etter mening, ideal og tilhørsle står sentralt i identitetsbygginga.

«...Dagens unge er selvbevisste og selvrefleksive. Men det er ikke like entydig at unge i dag er drevet av en sterk indre disiplin, fordi prestasjonsidealene som gyldiggjøres er en viktig del av kulturen de unge lever i, innad i familier, blant venner, i institusjoner som i offentligheten ellers» (Haugseth 2020).

Kva kjenneteiknar å vere ungdom i det seinmoderne samfunn? Sosiolog Thomas Ziehe har tatt for seg korleis den moderne ungdomskulturen gjennomgår ei forvitningskrise i det seinmoderne samfunn. Med dette meiner han at ungdommen sitt personlegdomsmønster har blitt endra som følge av forandring i samfunnet elles, og ei endring i oppvekstvilkår (Ziehe 1993:7). Ziehe har sett på korleis denne kulturelle moderniseringa har påverka ungdommen sin kvardag, subjektivitet, indre liv og endring i livsvilkår (Ziehe 1993:8).

Ziehe nyttar omgrepet «kulturell frisetting». Gamle normer og verditradisjonar fell gradvis vekk, tidlegare oppdragsinstitusjonar som familie, skule og religion har mister si kraft, og nye livsmønster bli skapte (Ziehe 1993:38). Det tradisjonelle mister sin plass, noko som gjer at ein mister tryggleik og stabilitet. Dette betyr at ungdom i større grad skape sin eigen identitet, og tar sine eigne livsval. Ziehe skildrar ikkje denne nye utviklinga som noko negativt, men at individet i staden opplever større fridom. På den andre sida, kan ein stille spørsmål ved om individet eigentleg opplever seg som friare. Ungdom har heller utvida sine draumar, forventing og lengsel, noko som fort kan bli uoppnåeleg i røyndomen sitt liv. Dette skapar frustrasjon, og samtidig som ein opplever ei kulturell frisetjing, får ein også ein «kulturell ekspropriasjon». Med dette meina han at teknologisk utvikling har tatt over store delar av kvarldagen til dei unge, og bidrar med forslag til korleis dei unge best kan leve sine liv. Populærelement og sosiale medium bidrar til kunnskap om livet som vaksen, noko som er «ferdige modellar» for livets oppskrift, og ikkje erfaringsbasert (Ziehe 1993:39).

Å fristille seg frå dei kulturelle normene, fører til forandring i kunnskapen vi innehavar. Dette er ei opning av nye moglegheitshorisontar (Ziehe 1989:156). Ziehe nyttar seg av tre omgrep for å skildre omstillinga ungdommen gjennomgår. Det er refleksivitet, formbarhet og individualisering. Auka refleksivitet betyr fleire mogelegheiter til skape sin «perfekte» identitet. Stadig fleire sekundære erfaringar står til ungdom sin disposisjon, noko som gjer at dei allereie føle at dei har erfart det. Vi blir meir bevist på oss sjølve og våre handlingar, noko som gjer at vi lettare kan velje den identiteten vi føretrekke (Ziehe 1989:12).

Formbarheit betyr at ungdommen kan forma si eiga framtid, der tankegangen om at ingenting er umogeleg er sentralt. Dette fører også med seg ansvar (Ziehe 1986:347). Opplevinga av det å vere ungdom er kulturell vilkårsbunde, og samfunnet vi veks opp i legg til rette for det kunnskapsgrunnlaget over kva som er mogeleg å oppnå. Kambodsjansk ungdom utfordrar kambodsjanske normer, medan norsk ungdom møter dei norske forventingane. Opplevinga av å vere ungdom er tilpassa det miljøet ein er vakse opp i. Ziehe meiner ungdomsgruppa er dei som utfordrar desse normene, og formar sin sosiale identitet på eiga hand. Med individualisering viser Ziehe til ein meir sjølvstendig ungdom som står friare til å skape sine eigne liv. Denne auka individualisering er eit uttrykk for ein kulturell moderniseringsprosess. Kvar enkelt si kulturelle klassifisering vektleggast tyngre, og det medføre ei auke i mogelegheiter. Igjen fører dette til ei auke i slutningskonfliktar, som ein konsekvens av å oppleve for mange val (Ziehe 1986:349).

Å skulle stille seg ovanfor uendeleg med val, betyr ein risiko for å mislukkast. Ei kulturell frisetjing inneber å møte desse vala, og Giddens fortel at å bli sett ovanfor ei rekke val og informasjon, byrja ein å tvile (Giddens 1996:14). Med stadig ny informasjon frå «ekspertar» og fagpersonar, blir ein usikker på kva ein skal lytte til. For mange val kan påverke menneske i negativ favør, og det kan slå ut negative reaksjonar fortel Giddens (1996:15). Å ha for mange val blir plutselig ikkje ein fridom, men ei ulempe.

Å studere korleis ungdom ser på romantisk kjærleik, er også med på å sjå på overgangen mellom ungdom/vaksen. Romantisk kjærleik legg til rette for ekteskap i mange tilfelle, og ungdommen lausrive seg frå den trygge kjærleiken dei har opplevd frå familien i oppveksten. Kjærleiken er, på lik linje med andre samfunnsfenomen, også i utvikling. Førestillingane om romantisk kjærleik har utvikla nytt meiningsinhald, og for vestleg kultur, har framhevinga av sjølvstende og sjølvrealiseringa spelt ei sentral rolle (Thagaard 2005:19). Vi skal i den kommande passasjen gjere greie for kjønnsperspektivet i samhøve kjærleik.

Kjønnsaspektet

Eg har tidlegare i teorikapittelet tatt utgangspunkt i kjærleik som ein sosial konstruksjon, og ved det ligg det implisitt også at kjønn er med på å konstituerer opplevinga av kjærleik. «Å gjere» kjønn i Kambodsja er noko anna enn å «gjere kjønn» i Noreg. West og Zimmerman sin kjente klassikar frå 1987, *Doing gender*, viser til at å: «Doing gender involves a complex of socially guided perceptual, interactional, and micropolitical activities that cast particular pursuits as expressions of masculine and feminine "natures"» (Zimmerman &West 1987).

Då dette bidraget kom ut i 1987, var det kontroversielt i si samtid. Kjønn, som i alle år hadde blitt forstått som ein identitet som formast gjennom normer i barndommen, var no blitt eit fenomen som “blir gjort” i ei sosial handling. West og Zimmerman såg på kjønn som noko som utspelar seg i interaksjonen og åtferda blir vurdert utifrå den sosialt aksepterte førestillinga av kjønn. I staden for å fokusere på at kjønn er ein del av individet, ligg heller fokuset på samspelet og interaksjonen. Kjønn kan forsterkast og underkaste seg i settinga den er ein del av. I staden for at biologien har bestemt kva for kjønn du har fått utdelt, er det måten du sjølv «utøve» kjønnet ditt som er det avgjerande (West & Zimmerman 1987). Måten du utøve kjønnet ditt på, blir påverka av samfunnet du er vokse opp i. Normer, verdiar, tradisjon og religion er nokre element som spelar inn på måten ein kjønn blir utøvd. Ungdom i Kambodsja opplever sine kjønnsroller annleis enn det norsk ungdom gjer. Desse rollene spelar også inn på oppfatning av romantisk kjærleik.

Tove Thagaard gjengjev korleis boka *Menn er fra Mars, kvinner fra Venus* frå 1992 beskriv forskjellen mellom kjønna når det kjem til romantisk kjærleik. Kvinner blir sett på som den emosjonelle parten i forholdet. Dei prioriterer kjensler, ynskje å snakke om reaksjonar og opplevingar, og er relasjonsorientert. Mannen er meir retta mot det praktiske. Han er orientert mot handlingar og resultat, og har eit behov for å stille seg i skygga av intimitetssfæren som kvinna er ein pådrivar for. Ho poengtera også at desse forståingane bidrar til å overdrive forskjellane, og er oppfatningar som har utvikla seg som forventa norm i samfunnet (Thagaard 2005:43).

Det er andre kontekstuelle moment som legg føringar for korleis kjønna oppleve romantisk kjærleik, som til dømes kor langt landet er kome med arbeidet med likestilling, kva for historiske føringar dei har levd under og innflytelse frå populærkultur. Sosiologane Susann Sprecher og Maura Toro-Morn påpeikar også at kulturforskjellar spelar ei større rolle enn

forskjellane mellom kjønna i samhøve med oppfatninga av romantisk kjærleik. I deira artikkel *A study of Men and Women From Different Sides of Earth to Determine if Men are From Mars and Women from Venus in Their Beliefs About Love and Romantic Relationships* blir det konkludert med at det er relativt små forskjellar mellom kjønna. Dei viser til ein liten tendens til at menn er meir romantiske enn kvinner, fordi dei idealiserer partneren meir. Medan kvinner på si side er meir opptatt av den kjenslebaserte kontakten for å oppretthalde eit parforhold (Thagaard 2005:44). Det er i større grad kontekstuelle føringar som påverke.

I *The managed heart: commercialization of human feeling* viser Hochchild til forsking på korleis kvinne og menn relatera seg til den kjenslemessige sida av parforholdet. Konklusjonen er at kvinner tilarbeide kjensler på ein meir djuptgripande måte enn det menn gjer (Thagaard 2005:46). Kvinner har ofte behov for å gje uttrykk for dei kjenslene dei tykkjer at dei bør føle. Hochschild nyttar seg av omgrepet «kjenslearbeid» for å beskrive den innsat sen kvinnene gjer med å plassere sine kjensler etter kva dei trur partneren forvente av dei. Ser vi på kjønnsaspektet i samhøve med ungdom, skriv kjønnsforskar Karin Widerberg at kjønn blir forstått ulike, som følge av at vi tilhøyra ulike generasjonar (Thagaard 2005:46).

Forskningsresultat syner mindre forskjellar mellom yngre menn og kvinner, samanlikna med eldre generasjonar, på forholdet mellom kjønn og kjærleik. Er yngre generasjonar meir like i sine haldningar til kjærleik? Dei yngre generasjonane blir og har blitt eksponert frå populærelement og media i større grad enn eldre generasjonar, dette gjer at dagens ungdom blir påverka frå same innflytelseskanal. Som nemnt innleiingsvis, spelar då kultur ei sentral rolle i korleis samfunnet dyrkar kjærleik, og kvar den felles eksponeringa kjem frå. Vi skal i det kommande teoridelen ta for oss kvar denne eksponeringa kjem frå, og sjå på korleis populærelement påverkar dei unge sitt syn på kjærleik. Ungdom blir overlessa med inspirasjon frå sosiale medium, film og musikk om korleis dei bør leve sine liv.

Populærelement

«Der er nogle der har sagt at den romantiske kærlighed var en sammensværgelse anstiftet af mænd mod kvinder for at fylde deres tanker med tomme og urealistiske drømme. Men eit sådant synspunkt kan ikke forklare den romantiske litteraturs tiltrækningeskraft eller det faktum at kvinder har spillet en stor rolle i dens udbredelse» (Giddens 1994:48).

Sitatet til Giddens fortel korleis romantisk kjærleik blei omtalt som ei «oppfinning» for å tilfredsstille det kvinnelege kjønn. Sidan byrjinga på 1900-talet, har kvinner tømt bokhandlarane for romantiske romanar og historier (Giddens 1994:48). Det er ikkje eit nytt fenomen at kvinner draumar seg vekk gjennom fiktive historier om det som blir framstilt som ekte kjærleik. Romanar om forboden kjærleik og «kjærleik ved fyrste blikk» har etter kvart utvikla seg til romantiske tv-seriar og filmar med bodskapen om lukkeleg i alle sine dagar. Filmbransjen fekk etter kvart auga opp for ungdomsgruppa, ei gruppe som var lett påverkelege og gode forbrukarar. Ungdom opplever nye moglekeitshorisontar, ifølgje Thomas Ziehe. Dei har blitt meir kjøpsterke, noko som bidrar til at dei er blitt meir attraktiv for annonsørar (Ziehe 1989:156).

Kambodsjansk ungdom lar seg smigre av Sør-koreansk såpeseriar, dei følgjer kjendisar på sosiale medium og poste bilete på Instagram. Dagens ungdomsgruppe konsumerer store mengder seriar, film og musikk i løpet av dagen. Dei lar seg begeistre av romantiske kjærleikshistorier av forboden kjærleik og dramatiske vendepunkt. Blant norsk ungdom er våre nye førebilete influensarane, menneske vi lar oss inspirere av ved å følgje deira liv gjennom sosiale medium. Realityprogram basert på sex og kjærleik har også blitt den nye kvardagsunderhaldninga. I kor stor grad lar vi oss eigentleg påverke av dette? Og korleis påverkar det synet på romantisk kjærleik?

I dei kommande avsnitta vil det bli gjort greie for korleis populærelement, som film, musikk og sosiale medium, påverkar oss. Vi byrjar med å ta for oss korleis musikk spelar inn på synet vi har på romantisk kjærleik.

Korleis påverka musikken kjenslene?

Musikk har lenge vore ein del av kulturen. Ifølgje sosiologane Østerberg og Bjørnerem kan vi spore tilbake til kyrkjesong i år 800, men det har nok vore ulike former for musikk tidlegare også (Østerberg & Bjørnerem 2017:21). Musikk er med på å prege sosiale kontekstar ved å forsterke betydninga av samhandlinga. Ved å spele roleg, loungemusikk på ein skybar, bidrar dette med å setje den rette stemninga for kundane. Dette bidrar til at kundane får ei anna oppleving og ei forsterka stemning av å vere på skybar, enn om musikken ikkje hadde vore til stades. Det utgjer også ein viktig sosial funksjon for samfunnet. Korleis hadde 17.mai vore utan musikk? Eller ei gravferd? Musikk spelar ei sentral rolle i mange av institusjonar våre, og har også vore eit sentralt bidrag i fleire av dei norske tradisjonane. Historiske element som tradisjonell folkedans og folkemusikk.

Musikk har også vore eit sentral element for ungdomskulturen. Vi har bevegd oss frå rock`n roll på 50-talet, punken på 70-talet og over til dagens moderne listepop. Musikk har ikkje berre vore underhaldning for ungdom, men også for mange, ein del av identitetsskapringa. Musikkterapeut Even Ruud har sett på korleis musikk har bidratt i identitetsskapringa til unge menneske.

«Musikken fargelegger øyeblikk og hendelser i livet med følelser, den produserer gjenstander og relasjoner til tid og sted, slik at verden ikke framstår tilfeldig og uten hensikt for oss. Disse hendelsene og tildragelser blir tilstedeværende som betydningsfulle, de blir ladet med kraft, verdier, emosjoner og stemninger. De oppleves som virkelige og kroppsliggjorte, ikke som tilfeldige representasjoner av ting i verden eller fenomener som møter oss» (Ruud 2013:73).

Identitetsomgrepet, i høve Ruud, er «rent ytre kjennetegn ved individet, som navn, kjønn, alder og yrke, og om personlige kjennetegn som i en spesiell kombinasjon skiller oss som individ fra andre» (Ruud 2013:52). Identitet er ikkje noko ein er fødd med, men noko ein skapar gjennom viktige minner og historier som har vore med å forme oss som person. Sjølv et er sosialt konstruert (Ruud 2013:54). Dermed har musikk vore med på å prege opplevingane ved å forsterke kjenslene. Ein spesifikk song kan få oss til å hugse eit sentralt minne eller ein relasjon. Musikk kan dra parallellar til den sterke kjensla vi opplevde for fyrste gong i ungdomstida, som til dømes vårt fyrste kyss med Roxette i bakgrunnen eller krangling til mor og far under MGP.

Ungdomstida er også ein fase for lausriving frå foreldra. Ein brukar meir tid aleine, og oppleve gjerne meir kjenslemessige svingingar. Ungdommane prøver å ta meir kontroll over desse kjenslene, og nyttar musikken til å regulere. Dei kan gjennom musikken forsterke kjenslene, endre kjenslene, få utløp for kjenslene eller tilarbeide dei. Ein kallar dette for emosjon- og kjensleregulering (Beckmann 2014:145). Å høre på heavymetal til dømes, kan bidra til å få ut sinne, medan klassisk kan stimulere kjenslene. Også kva for musikk ein vel å høre på, definerer ungdom. Den ungdommen som tør å stå for musikken dei hører på, og som opp gjennom tiåra ofte har blitt sett på som ein subkultur, kan i mange tilfelle vere den mest sjølvskre ungdommen. Å høre på listepop kan vere eit resultat av å sikre seg å vere mest mogeleg lik fleirtalet (Strømnes 2013:14). Å skulle ha ansvar for musikken på eit vors er mykje lettare om du spelar musikk som fleirtalet hører på. Å sette på pønk i feil fellesskap, kan få reaksjonar. Det som du ser på om ein del av din identitet, kan bli avvist, og du føle ubehag på grunn av avvisinga (Strømnes 2013:15). Musikken viser også tilhøyrslle, og ungdom tiltrekke andre ungdommar med same musikksmak. Dette kan skape eit fellesskap rundt den felles iveren for musikken (Beckmann 2014:59). Ein må likevel ikkje utelukka den ungdomsgruppa som lyttar til listepop fordi det er deira type føretrekte musikk.

Kjærleik er ei av desse sterke kjenslene som vi opplever i ungdomsåra. Vi opplever ein ny form for kjærleik, den romantiske kjærleiken. Å drive kjensleregulering gjev oss mogelegheit til å forsterke denne nye kjensla, både på godt og vondt. Å skrive songtekstar om kjærlekssorg er eit gjennomgåande trekk hos artistane, noko som gjer at ungdom kan relatere seg til teksten, og kjenne seg att. På motsett side kan ungdommane la seg inspirere av kva artistane ser på som romantisk kjærleik, og korleis dei formulerer opplevinga av denne type kjærleik. Det kan vere utfordrande å definere kva ein sjølv føler, og dette kan ein hente inspirasjon frå gjennom musikken. Den same inspirasjonen kan vi hente frå film, og dette skal vi sjå nærmare på i neste avsnitt.

Korleis påverka film kjenslene?

Det er ni element som må på plass i ei romantisk historie, ifølgje Roach. Dei ni elementa er som følgje: (1) det er hardt å vere aleine, spesielt når (2) ein er ei kvinne i ein mannsdominert verden, men (3) romantikk hjelper som ein religionen innan kjærleik, sjølv om det involvere (4) hardt arbeid og (5) risiko, fordi det lede til healing, (7) god sex, og (8) lukke, og det (9) plassere kor kvinna held seg i feltet (Roach 2016:21).

«And there you have it. The romance story. An analysis of the human condition. A prescription for happiness. A blueprint for how to live the good life. An illusion. A recipe for disaster. An addiction. A universal truth. Esteem enlivened by desire. The bonding of two into one. The brainwashing of individuals by power structures with something to gain» (Roach 2016:27).

Kjønnsforskar Catherine Roach har gjeve ut boka, *Happily Ever After: The Romance Story in Popular Culture*, som tar eit oppgjer med «lukkeleg i alle sine dagar»-fenomenet. Roach har prata med forfattarar som fortel at prinsippet med ein lukkeleg i alle sin dagar-slutt, er ei slags kontrakt med lesaren. Konsumaren har forventningar til at ei romantisk historie skal innehalde ein lukkeleg slutt, fordi vedkommande oppsøker ei romantisk historie med den hensikt om å komme seg vekk frå ein elles hektisk kvardag. Det moderne samfunn opplevast som stressande og utfordrande for mange, og konsumaren vil ikkje ta med seg dette stresset over i historia. Film og bøker skal nyttast som ei avlastning frå kverdagen, og konsumaren vil derfor at forholdet i den romantisk historia skal ende godt (Roach 2016:167). «I make sure to give my readers the ending they want» fortel ein av forfattarane som Roach har prata med (Roach 2016:166).

Psykolog Karen Dill-Shackleford har tatt for seg korleis vi menneske blir påverka av ulike medium og populærkultur i si bok om *How reality become fantasy*. Ved å bevege seg over i den fiktive verda, endrast våre haldningar og oppfatningar, fortel Shackleford (Shackleford 2016:57). Vi vil gjere eit forsøk på å få samsvar med dei påstandane og oppfatningane vi finn i historia. Vi stille spørsmål ved vår tolking av den reelle verda, og byrja etter kvart ufrivillig å absorbere momenta som er dramatisert i den fiktive verda. Etter kvart lar vi oss handle som følge av desse tankane og overtydingane. Det vi har opplevd gjennom film eller serie, kan provosere fram ein reaksjon som ligg utanfor vår bevisstheit. Dermed er media sin fantasiverd med på å forme vår røyndom (Shackleford 2016:58). I boka *Film og følelsar* skriv forfattaren at emosjonar som velbehag, skuelyst og begjær er moment som filmskaparane prøve å vekke i den fiktive verda (Erstad & Solum 2007:52). Forholdet mellom kjensler, stil og stemning skape filmen sitt humør, og hensikta til filmskaparen er å vekke bestemte kjenslemessige opplevingskvalitetar. Dei tre emosjonane som er nemnde ovanfor, er emosjonar som vi også skape gjennom kjærleik.

Om vi tar ein typisk jenteserie som døme, er det stadig dei same momenta som går igjen. Hovudskodespelaren er ei nerdete jente som spelar eit instrument, har plettfridd vitnemål, därleg i sport, har to nerdete bestevenninner som er dei einaste som likar ho og ho er anonym

blant resten av skulen. Den populære guten, er supergod i sport, har mindre gode karakterar og ser perfekt ut. Denne nerdete jenta er sjølvsagt interessert i den mest populære guten på skulen. Jentene som blir plassert i kategori «bitch», er ofte høge og har rike foreldre. Medan dei uattraktive gutane er smålubne og lave. Kva gjer denne stereotypien med kva vi adopterer til den verkelege verda, når vi formar mykje av vår røyndom gjennom den fiktive verda? Dette er moment vi skal ta for oss i analysekapittelet.

Shackleford tar også for seg korleis menneske ubevisst bli påverka av populærelementa vi konsumerer. Både det vi fysisk setter oss ned for å sjå på, men også det som ubevisst snike seg inn gjennom radio, magasin og sosiale medium. Hennar konklusjon er at vi menneske blir påverka i mykje større grad enn vi trur, og mange av oss likar å tru at dei ikkje blir påverka av populærelement i heile teke. Shackleford påpeikar at det er lett å bli opphengt i at all media-konsumering er negativt for oss. Mykje er også med på å skape mening for å definere vårt eige liv gjennom historier og menneske vi ser gjennom populærelement (Shackleford 2016:3). Som Joe Boggs og Dennis Petrie påpeiker I *The Art of Watching Films*, påverkar underhaldningsmediar våre tankar når vi søker dei for å unngå den stressande kvardagen. Ofte kan underhaldning vere ein rømmingsveg frå daglegdagse problem. Som sårbare tv-tittarar, er ein ekstra sårbar til å ta til seg inspirasjon og normer.

Massemedium er med på å skape stereotyper. Det vi oppfattar som det typiske i den fiktive verda, adoptere vi også til den verkeleg verda. Som Shackleford viser til, den typiske afroamerikanske kvinne som spelar hushjelp, eller den typiske underdanige kvinna som svarer nei på spørsmåla ho helst vil svare ja på (Shackleford 2016:6). Kor mange reaksjonar blei det ikkje av at den nye James Bond skulle vere ei kvinne? Forsking syner også at det å sjå på program der ein ser vennskap på tvers av rase, også gjer ein meir open for å skape vennskap på tvers av rase sjølv. Det den fiktive verda fortel oss, er lett å adoptere over for å vere røyndommen. Det er ofte lett å gjere ubevisst, fordi vi har blitt eksponert for dei same trekka over tid. Dette viser til dømes Shackleford gjennom Glasser til i si studie om korleis vi menneske oppfatta politi- og etterforskningsserier (Shackleford 2016:11). Mange trur at det dei lærer gjennom ein typisk detektivserie er slik den verkeleg verda fungere. Sannheita er at dei fleste slike seriar avvike stor frå realiteten.

«We are entertained by a story that we imagine in our mind's eye as really happening. I don't think people would be much entertained by fiction if they thought of it purely as a lie that could never happen» (Shackleford 2016:13). Filmar og seriar hadde ikkje hatt same effekt på oss om det ikkje hadde vore for at vi kan tenke «kva om dette hadde vore mitt liv»

(Shackleford 2016:13). Vi kan sette oss inn i rollene, ta del i filmen og lage vår eigen illusjon av det livet vi vil ha. Studie gjort av Universitetet i Toronto, syner at i ettertid av serie *Friends* si stordomstid, adopterte ungdommane språklege element frå serie. Ordet «so», som blir mykje nytta i serien, blei adoptert til amerikanarane sitt kvardagsspråk. Det er også lett å la seg påverke av dei mindre gode elementa, som tynne skodespelarar og perfekte personlegdomstrekk. Det kan vere med å bidra til forventingspress i korleis ein sjølv bør sjå ut (Shackleford 2016:19).

Kva med realityprogram? Det har det siste tiåret kome mange ulike former for realityprogram med dating som formål, som til dømes Paradise Hotel, Love Island og Gift med fyrste blikk. Medieforskar Biswarup Sen har tatt utgangspunkt i den amerikanske realityserien *The Bachelor*, der ein singel mann skal velje ein kjærast blant 25 kvinner (Ringgaard 2019). Han skal eliminere kvinnene ein etter ein, heilt til han står igjen med hans optimale match. Medieforskaren spør seg kva slike type seriar gjer med synet vårt på kjærleik, og han trur menneske kjenne seg igjen i det anti-romantiske kjærlekssynet. Dagens generasjon forbinde kjærleik med noko risikofylt og det er fleire moment enn å kun vere forelska som må oppfyllast. Dagens generasjon er kresne, og ser vi potensielle faremoment, finn vi heller ein ny partner enn å prøve å jobbe med det vi allereie har. I eit slikt type eliminatingsprogram er vårt subjektive val falt bort, og det er andre element som spelar inn på om det er kjærleik eller ei. Det er lett å misse tilliten til subjektive val, og heller tru at kjærleik er basert på tilfeldigheiter og teknologiens algoritmar (Ringgaard 2019). Vi ser det same fenomenet med anti-romantisk kjærlekssyn innan sosiale medium. Dette skal vi sjå nærmare på i det kommande passasjen.

Korleis påverka sosiale medium dei unge?

Shackleford innleie kapittelet sitt om *social learning and mass media* at vi menneske veks opp med ei konstant samanlikning med dei rundt oss. Som unge, samanliknar du deg med dei talentfulle ungane i teaterstykket, og gjennom ungdomstida, er det eit konstant behov om stadfesting om ein passe inn. Forfattaren held fram med at det som før var naturen si oppgåve, skape konkurranse og samanlikne seg med andre i rang, er no blitt erstatta av media. Vi menneske er ikkje så sjølvstendige som vi trur, og dei fleste av oss er sosiale dyr (Shackleford 2016:74).

Som eg allereie tok føre meg i førre temaa, lar vi oss påverke og inspirere av menneska vi følgje på ulike sosiale medium. Vi blir påverka i den grad at vi vil prøve å adoptere deira liv, men Shackleford er også opptatt av korleis vi «lærer» gjennom sosiale medium. I staden for å lære normer og sosialisering gjennom familie, nyttar unge i større grad andre plattformar til dette. Som Shackleford fortel:

«You see, in many ways, we learn how we should act from watching social interactions on television. We learn what behaviors are reinforced. Psychologists call this vicarious reinforcement. If I see a television character being rewarded for sleeping around, I learn from a distance that young, attractive people value this behavior» (Shackleford 2016:97).

Samtidig som vi søker lærdom gjennom karakterar vi følge, føregår stadig meir sosialisering over nett. Mange føretrekke å ha sitt sosiale liv framfor PC-skjermen ved å spele saman med andre, medan andre brukar mykje tid på å sende meldingar. Å sosialisere seg over internett, kan bidra til at vi misser viktige aspekt ved ei sosialisering enn om vi pratar ansikt til ansikt. Det er vanskeleg å oppfatte vedkommande sine kjensler i dialogen, og ein ser heller ikkje korleis vedkommande uttrykker seg. Dermed kan ein over tid bli därleg på å oppfatte alle dimensjonane som utspelar seg i ein dialog (Shackleford 2016:90).

Filosof Anne-Marie Søndergaard Christensen trur dagens generasjon unge iscenesetjer seg sjølv og livet for å bli elskar (Ringgaard 2019). Christensen har gjort forsking på korleis tinder og sosiale medium går utover unge sitt syn på romantisk kjærleik. Dagens datingkultur har bevegd seg meir over til ulike online plattformer, der vi stadig jaktar meir stadfesting gjennom likarklikk. Vi blir stadig meir opptatt av korleis vi oppfatta av andre, og gjennom sjølvpresentasjon på sosiale medium, trur vi at sjølviscenesetting er avgjerande for om vi bli elskar eller ei. Dette er ei vrangførestilling dei unge har fått, påpeikar filosofen. Ho viser til ein overgang over til ei anti-romantisk tid, der kjærleik er vanskeleg og risikofylt. Unge menneske trur kjærleik øydeleggje karriere, det er blitt ein prestasjon meir enn glede og krava våre er blitt skyhøge. Christensen fortel:

«I stedet for å bringe oss nærmere andre mennesker, får dating-apper og sosiale medier oss lenger vekk fra hverandre, for det handler hele tiden om å posisjonere seg og redigere selvbildet. Det blir et veldig egosentrisk prosjekt som skaper avstand i stedet for nærlhet» (Ringgaard 2019).

Den italienske sosiologen Carolina Bandinelli trur tinder har fått suksess, fordi den får brukarene til å føle seg bekrefta og attraktive (Ringgaard 2019). Dei som nyttar seg av tinder treng ikkje møte nokon i røyndommen, men får bekrefta sjølvstillingen gjennom å få match. Bandinelli fortel at mange menneske opplever fysisk kjærleik som noko utfordrande, og nøyer seg heller med å drøyme om den. Sosiologen grunne hennar hypotese med at kjærleik i vår tid blir betrakta som noko risikofylt. Kjærleiken passar ikkje inn med dei andre idealane om sjølvstendigheit, karriere og prestasjon. Bandinelli viser til sosiologen Ulrich Beck sin teori om risikosamfunnet, og trur mange unge opplever det same, at å møte nokon i den verkelege verda er risikofylt (Ringgaard 2019).

Sosiolog Eva Illouz har også gjort forsking på online-dating. I hennar *Why Love Hurts. A Sociological Explanation* ser Illouz på kjærleik som noko som er strukturert av bestemte sosiale og kulturelle forhold, og ho meina at den romantiske marknaden har ein sentral funksjon i det seinmoderne kapitalistiske samfunn (Illouz 2011). Menneska har aldri før vore større forbrukarar av terapitimar, romantiske nettsider og online dating. Samfunnet har gått vekk frå dei avgrensa sosiale normene, og over til ein mindre sosial kontroll basert på større fridom og individualisering. Illouz trur mennesket lir av ei kronisk skuffelse og misnøye, fordi dei aldri blir fornøgde på ein «evig marknad». Det er blitt ein rasjonell tankegang der ein skal oppnå det best mogelege på kjærleiksmarknaden, og dette skapast blant anna gjennom nettdating. På nettet har ein uendeleg med val, og vi kan selektere kvarandre. Effektiviteten ved å bruke internett bidrar til større kritisk vurdering. Dette igjen koplar på forbrukarsamfunnet – vi skrike etter treningscenter, plastisk kirurgi og sminke for å passe inn i samfunnet sine forventningar (Illouz 2011).

Hege Berntsen har skrive masteroppgåve om sjølvpresentasjon og inntrykkshandtering gjennom bilet på Instagram. Berntsen sine funn, gjennom biletanalyse og fokusgrupper, viste at Instagram bære preg av å vere ein presentasjons- og utstillingsarena. Det inntrykket som formidlast er ein idealisert og iscenesett representasjon av røyndommen. Vidare fortel Berntsen at aktørane prøve å skape eit bilet av seg sjølv som korrelerer med dei normene som eksistere i den sosiale gruppa dei høyre til. Berntsen referer til forsking som syner at 60% av unge Instagrambrukarar legge ut bilet som dei trur at andre vil like, og at mange bruker strategiar for å få mest mogleg likarklikk (Berntsen 2014). Samtidig som ein prøver å skape eit bilet av det «perfekte» liv, er også sosiale media ein arena for å føle seg sett. Har ein elles lite sosialt miljø, kan ein føle seg sett og oppleve sosial støtte gjennom fylgjarar og likarklikk. Dette kan gje vedkommande auka velbehag (Ellison , Steinfield & Lampe 2017).

Dette kapittelet har sett på korleis ungdom lærer kjærleik gjennom film og sosiale medium, og korleis dei brukar musikken til kjensleregulering. Kva vi blir inspirert av og tar lærdom frå, er eit sentralt element for korleis vi opplever kjærleik. Eit anna sentralt element er det kontekstuelle. Kva for føringar har vi fått gjennom miljøet vi er vaks opp i? I det kommande kapittelet skal vi sjå på kva element som kan ligge til grunne for at ungdom frå Kambodsja opplever kjærleik slik dei gjer.

3

Kontekst

9.12.19. Phnom Penh.

I dag besøkte vi Killing Fields, staden der altfor mange menneske blei drepne under Pol Pot regime. Tidleg i opphaldet var eg på besøk i fengselet S-21, men har venta med å besøke Killing Fields til eg hadde lært meir om landet og historia. Og det var ei sterk oppleving. Kambodsja har liksom blitt litt av meg no, og dei behandla meg som ein. Sophorn sa til og med til meg i går at eg va cirka fullært kambodsjansk no, so vi kunne prøve å finne ein mann til meg her. Slik at eg kunne få vere her for evig. Killing Fields var brutal, sterkt og følt. Drapet av så mange menneske, og med ei hensikt om å få samfunnet tilbake til år null! Og det eg tykkjer er noko av det verste med denne tragedien, er at det blei gjort mot sine eigne. Du avrette din eigne landsborgarar. Eg blei liksom litt prega resten av dagen. Det skapte mange tanka i hovudet. Eg diskuterte da med min pakistanske kompis etterpå. «Jammen, alle land har jo si historie,» sa han.

Utdrag frå feltdagboka.

Kambodsja

«In 2018, young Cambodians aged 1 to 25 represent over 50% of the total population. They were born in the internet age and even though teenagers living in the more remote regions do not yet have easy access to online information and entertainment, it is only a matter of time before they too, spend a lot of their time online. Hence, the younger generations` desires, hopes and changing behaviours are already influencing the society they are growing up in. Unbeknown to them, teenagers are already participating in shaping tomorrow`s Cambodia» (Baudinet 2018:17).

Det siste tiåret har Kambodsja gjennomgått store sosioøkonomiske forandringar. Landet er i ferd med å endre sitt tradisjonelle samfunn som følgje av industrialisering, globalisering, urbanisering og teknologi. Den kommande ungdomsgenerasjonen er i ferd med å skape det nye Kambodsja, skriv Marc Baudinet (Baudinet 2018:2). Han har jobba som lærar i

Kambodsja dei siste ti åra, og har gitt ut boka *Cambodia in the twenty first century*. Han har engasjert seg stort i landet sin sosioøkonomiske situasjon. Ved å ta ein kikk på historiske og samfunnsmessige forhold, kan ein betre forstå Kambodsja sitt utviklingsnivå og økonomiske posisjon. Dette kapittelet vil ta føre seg Kambodsjansk kontekst, både historiske trekk, landet sin kultur og sosiale forhold. Formålet er å forstå korleis desse momenta legg føringar for korleis dagens khmerungdom ser romantisk kjærleik. Vidare i kapittelet blir det via eit par korte avsnitt til Noreg sin kontekst, som i denne oppgåva blir nytta som samanlikningsgrunnlag opp mot den kambodsjanske.

Det kommande passasjen vil byrja med å presentere landet.

Folket frå Kambu

Kambodsja ligg i Søraust-Asia med 16,1 millionar innbyggjarar (2017), og kambodsjanarane omtalar seg sjølv som folket frå Kambu. Landet grensar til Laos i nord, Thailand i vest og Vietnam i aust. Landet er inndelt i 24 provinsar, der hovudstaden Phnom Penh, med 1,5 millionar innbyggjarar, ligg i sør (United Nations-Development Programme 2020). Phnom Penh syner store kontrastar, med høge skyskraparar som ruve over byen og slumområde like ved. Ein kan vandre frå rikmannsgater med store Nissan firehjulstrekk susande forbi, til gater der ungane springe halvnakne. Landet består av flatt slettelandskap, med fjellrike områder nord i landet. Dagens befolkning består av 70% under 35 år. Grunnen til ei overvekt av unge i landet, er ei følgje av folkemordet. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet. 27% av befolkninga reknast som analfabet, 37% av born under fem år lir av kronisk underernæring (United Nations-Development Programme 2020). Den berykta tekstilindustrien står bak 70% av eksporten i landet, der arbeidsforholda blir rekna som därlege. Elles drive 60% av den totale populasjonen med landbruk, medan 27% har yrker innan servicenæringa (Baudinet 2018:57). Over 96% av befolkninga er buddhistar (Chandler & Kent 2018).

Korrupsjonsindeksen, tal frå 2019, syner at Kambodsja ligg på plass 162 av 180 medrekna land (Transparency 2020). Dette betyr at landet har eit svært høgt korrupsjonsnivå, og landet lir av store økonomiske og sosiale problem som følgje av korrupsjon. Landet sin bruttonasjonalprodukt (heretter kalla BNP) har hatt ein enorm oppsving sidan 2000, og veks med omtrent 7% kvart år (Baudinet 2018:51). Til tross for at landet har opplevd økonomisk vekst dei siste åra, har det ikkje ført til mindre skilje mellom fattig og rik. Det har heller

bidratt til auke i forskjellar der dei rike blir rikare, og dei fattige blir fattigare. Det er framleis store ulikskapar i landet, noko BNP ikkje gjev eit tal på (Baudinet 2018:50).

Kambodsja si avskyelige fortid

Kambodsja har gått frå å vere Asia sitt mektigaste sentrum, Khmerriket med hovudsete i Angkor Vat mellom 800-talet og 1400-talet, til eit av Asia sine fattigaste land. Imperiet byrja å forfalle etter 1200-talet, Thailand og Vietnam tok gradvis over kontrollen, og Kambodsja ende opp som fransk koloni i 1863. Dei fekk sjølvstende i 1953, men frå 1960-talet byrja epoken som har sett preg på dagens Kambodsja (Strangio 2014).

Rundt 1960-talet byrja Kambodsja, ufrivillig, å ta del i den pågåande Vietnamkrigen. Dette kom som ei følgje av at store delar av nord- og aust Kambodsja blei offer for USA si vedvarande bombing. Kambodsja støtta det kommunistiske Nord-Vietnam i kampen mot USA og Sør-Vietnam. Dette resulterte i eit statskupp i Kambodsja gjennomført av USA og Sør-Vietnam i 1970, der motivet for statskuppet var frykta for at Kambodsja også skulle bli slukt av den kommunistiske bølgja. Dette statskuppet resulterte i ein fem år lang borgarkrig, som Røde Khmer tok kontroll over i 1975. 17.april 1975 var det endeleg over, og innbyggjarane trudde no at dei vakna opp til ei ny tid. Gleda blei kortvarig, for denne datoен skulle bli utgangspunktet for Kambodsja si nye epoke. Denne epoken skulle la seg inspirere av det Kambodsja ein gong var. Landet skulle ta eit stort steg bakover i tid, der bønder satt med makta og fellesskapet skulle dyrkast (Strangio 2014).

Pol Pot var leiar av Røde Khmer, landet sitt kommunistparti, som hadde laga ein framtidsplan for landet. Bror 1, som han også blei kalla, hadde studert i Paris der han byrja å stille spørsmål med rettferd, og kvifor Europa kunne ha ein slik enorm velferd samanlikna med Asia. Pol Pot meldte seg inn i det franske kommunistpartiet, og forsette å dyrke sin ideologi og tankegang. Kort tid etter Pol Pot sin heimkomst til Kambodsja, rundt 1960, meldte han seg inn i det Indokinas kommunistiske parti.¹ Partiet opererte i det skjulte, og dei neste åra brukte Pol Pot på å planlegge sin væpna revolusjon. Revolusjonen som skulle ta landet tilbake til år null (Strangio 2014).

¹ Indokinas kommunistiske parti blei danna i 1930 av Ho Chi Minh, Pham Van Dong, Vo Nguyen Giap m. fl. Partiet jobba for å bygge ut ein sterkare organisasjon for frigjering av landet.

Under denne revolusjonen som skulle vare i fire år, fra 1975 til 1979, har det blitt antatt at omkring 1,7 millionar menneske blei drepne, døydde av sjukdom eller svalt i hel. Desse tala er framleis omdiskutert, sidan mange menneske aldri blei funne. Diktatoren hadde svartelista alle menneske i høgare klasse, deriblant politikarar, lærarar og munkar. Alle som hadde briller eller ei form for utdanning, var ikkje ein del av Pol Pot sitt ideelle samfunn. Alle skulle bli bønder og dyrke ris, og alle skulle kle seg likt. Samfunnet skulle bli så homogent som mogeleg og alle som ikkje passa inn i dette type samfunnet, blei avretta på brutale måtar (Strangio 2014).

Kva konsekvensar fekk dette for Kambodsja?

Det er cirka førti år sidan denne forferdelege tragedien fann stad i landet. Ein tragedie som sit djupt forankra i kambodsjanarane. Kvar og ein har blitt råka av det som skjedde, enten dei har mista familiemedlemmar eller sit igjen med store psykiske lidingar. Åra mellom 1950 og 1990 var utviklingslanda sin glansperiode for økonomisk oppsving, og medan andre land etablerte stabil økonomi og velferd, opplevde Kambodsja tilbakegang. Fyrst etter 1979 kunne landet ta fatt på eiga utvikling.

Korleis har dette prega landet sin utviklingsframgang og sosiale status? I det kommande passasjen skal vi sjå nærmare på korleis dette har prega utviklinga fram til den situasjonen Kambodsja er i den dag i dag.

Utviklingsfase

Dei glade tiår, fasen etter 2. verdskrig, var prega av økonomisk oppturar, etablering av velferdsstatar og sterke grunderspirer rundt om i verdas land. For vesten var dette fasen for modernisering og etablering av stabil økonomi. For Kambodsja, og fleire land i Søraust-Asia, var desse åra fortset prega av uro. Landet var framleis under ein fransk koloni fram til 1953. Mellom 1969 og 1973 herja bombefly frå USA over landet og Pol Pot tok landet tilbake nesten 2000 år i 1975. Då Kambodsja i 1979 skulle røyse seg igjen, var dei så og sei på bar bakke. Utgangspunktet dei fekk, var eit samfunn med traumatiserte, analfabetar og handikapa samfunnsborgarar. Mange politiske og utdanna menneske blei avretta, og samfunnet hadde lidd store tap (Strangio 2014).

Landet kom seg sakte, men sikkert på beina igjen, og opplevde økonomisk framgang. I åra etter fallet av Pol Pot stod jordbruket for 90% av landets BNP, og fram til 1999 var landet så og sei isolert frå det internasjonale samfunnet. Året 1999 blei Kambodsja medlem av ASEAN², ein opptur som bidrog til større investeringar, økonomisk vekst og nyttedragning frå det internasjonale samfunnet (Baudinet 2018:50). FN har også spela ei sentral rolle i bidrag med økonomisk stønad, og hjelp. Landet endra sin sosialistiske økonomiske struktur over til ein capitalistisk, marknadsbasert økonomi (Brickell 2011).

Landet drog nytte av internasjonale investeringar, la store verdiar i konstruksjonar til service-sektoren og i klesindustrien, samt fleire kvinner ut i arbeid. Dei siste åra har turisme spelt ei sentral rolle for inntektskjelda til landet, deriblant storståtte Angkor Vat som drar inn eit verdifullt bidrag. Dei siste tala frå World Bank report frå 2018 og 2019, syner at Kambodsja sin økonomi er spådd å halde seg sterk og fleksibel med ei auka i BNP mellom 6,9% og 6,7%. Rapporten understrekar også ulike faremoment som kan vere ein potensiell trussel, som blant anna eit enormt klasseskilje og underliggende strukturelle utfordringar. Dette er truslar som kan gå utover økonomien på sikt. Jordbruk er også ein av landet sine større sektorar, i 2016 på 42.5%, ein sektor som bidrar til lite økonomisk oppgang for landet i heilskap. Det same gjeld den «grå økonomien» som ein stor del av landet si befolkning hamne under. Alle dei tallause matvognene, sykkelverkstadane og gatekjøkkena som ligg langs gatehjørna. Dette er arbeidsstader som kjem landet sin BNP lite til gode. Landet har framleis åtte millionar menneske i fattigdom (Baudinet 2018).

Landet har også store utfordringar knytt til korruption.

«Huge swathes of the economy are closely controlled by a network of CCP politicians, top military officers and business families arranged in a vertical khsae or “strings”, of patronage emanating from the Prime Minister and his close associates. Money circulates within a nexus of political and economic connections in which allies are not just friends, but family too» (Baudinet 2018:68).

Korruption bidrar til at menneske får lite tillit til systemet. Dei ser ikkje hensikta med å delta politisk, og ein veit aldri kva konsekvensane kan bli om ein vel å gjere opprør mot høgare hald. Medan foreldra på si side vil at den kommande generasjonen skal ta utdanning og bidra

² (ASEAN er ein politisk og økonomisk organisasjon i Søraust- Asia som jobbe for felles utvikling (Baudinet 2018:35))

til endring i landet, er dei også uroa over kva som kan skje ved å engasjere seg. Dei har Pol Pot regimet friskt i minnet, og held seg heller nøytral enn å risikere gjentaking av historia.

Samfunnet, normer og verdiar

3.12.19, Phnom Penh.

...Etter at eg hadde hatt undervisningstimen stod det igjen nokre skjønne gutar. Då ein av gutane torde å komme bort til meg, strøyma resten også på. Guten lurte rett og slett på om eg hadde nokre tips til korleis Kambodsja kunne få til same utvikling som Noreg, for han hadde gitt opp demokrati. Han var så oppgitt over at uansett kor mykje ein prøvde å engasjere seg, ville det framleis ikkje gjere noko utslag, på grunn av landet sin korrupte situasjon. Og denne 19-åringen forventar at ein mastergradsstudent frå Noreg skal ha svaret på dette? Takk for tilliten tenkte eg. Eller eventuelt fordi eg er kvit. Eg prøvde mitt beste på eit ok svar. Om han blei noko klokare veit eg ikkje, men vi fekk i alle fall ein god diskusjon i gruppa...

utdrag frå feltdagbok.

Den fyrste veka mi i Kambodsja lånte eg ei Lonely planetbok av ein backpacker. Der blei kambodsjanarane beskrive som eit triveleg folkeslag der latteren satt laust og som alltid hadde eit smil på lur. Men på innsida skjulte det seg stor sorg og tomheit etter kva landet deira har vore gjennom (Lonely Planet 2017). Som utdraget frå feltdagboka syner, er kambodsjanarane lei av ei samfunn basert på korruption og fattigdom. Det ligg forventingar i landet om at den kommande generasjonen skal få til utrettingar i landet, og det kan allereie sjå ut som landet har tatt fatt på denne endringsprosessen.

Skiftande samfunn

«Young people meet and interact every day at school and one of the consequences is that they make friends. They also spend a lot of time on the internet and get information that was not available to them before. And so nowadays, young people tend to disagree with traditional such as arranged marriages. Today, we can see that romantic relationship, which were rare not so many years ago, are now on the rise. Having said that, the situation is clearly different in

the countryside where many young people stop attending school earlier and so mostly remain more traditional when it comes to relationship and marriage» (Baudinet 2018:6).

Sitat ovanfor er henta frå Baudinet sine intervju, og blir sagt av den kambodsjanske kvinnen Kheng Sophal, mor til to og ledar av NGO³en *Positive woman of hope organization*.

Kambodsja har det siste tiåret gjennomgått ei enorm omvelting og endring. Baudinet fortel om eit samfunn som gjekk frå eit halvdårleg bibliotektilbod med utdatert materiale, til ei verd på internett med uavgrensa tilgang på kort tid. Dei fleste av ungdommane fekk ikkje oppleve overgangen frå Nokia 420 med svartkvitt skjerm og tastar, men tok istadenfor steget rett til touch og smarttelefon. Baudinet fortel om ein generasjon som blei avhengige av Facebook, Instagram og Line (Baudinet 2018:7). Leap, ein ung informant henta frå Baudinet sine studiar, fortel:

«We all chat a lot, we love it, and chatting with a girl online is much easier than face to face. I sometimes talk to girls at school but its harder, I don't have the words, when we chat we use a lot of emotions, its easier and fun» (Baudinet 2018:8).

Den globaliserte innflytelsen la grunnlaget for vidare utvikling av den nye ungdomsgenerasjonen i landet. Moderniseringa gav Kambodsja shoppingsenter, kinoar, ulike elektriske produkt og vestleg inspirerte gjenstandar, og ungdomsgruppa var fyrst ute med å engasjere seg i utviklinga (Baudinet 2018:19). Dei unge fekk stadig auka fridom, noko som bar med seg å kunne studere, flytte heimanfrå, bygge karriere og friare kjærasteval. Dei unge fekk vere med å forme si eiga framtid, og er ikkje avhengige av å måtte forsørgast av ein ektemann. Det er også blitt meir normalt å ha ein deltidsjobb, noko som bidrar til betre økonomi. Dette meiner også forfattaren er eit av momenta som bidrar til auka sjølvstende hos kvinnene. Tal frå 2018 syner at det framleis kun er 25% av befolkning som bur i urbane strøk, men at ei strøyming av unge på jakt etter arbeid til byen stadig auke. Dette er med på å bidra til ei omstilling i busituasjonen i landet (Baudinet 2018:13) .

Det nye Kambodsja vi er vitne til, er eit samfunn som er på veg over i det individualistiske samfunn. Dagens ungdomsgenerasjon har stått i føringa for ei omvelting som har skjedd på kort tid, ei utvikling vesten måtte skape over tid. Som følgje av økonomisk framgang, eksponering frå den globale verda og tilgang på høgare utdanning, har ungdomsgruppa tatt mykje av ansvaret for det som kan sjå ut som overgangen til det seinmoderne samfunnet

³ NGO betyr *Non-Governmental Organization*, og er ei samlenemning på ikkje-statlege, frivillige organisasjonar, inkludert nærings- og fagorganisasjonar (Bistandsaktuelt 2015).

(Baudinet 2018:3). Ungdommane gjennomgår det Thomas Ziehe kalla «kulturell frisetjing». Dei er frontfigurane for å endre dei gamle normene og verditradisjonane, og adopterer heller nye normer frå den globaliserte verda. Ungdommane finn desse «oppskriftene» på livet gjennom massemedia, enn gjennom tradisjonar og normer frå familie (Ziehe & Herbert 1983). Eg gjennomførte eit intervju med ein professor i etikk ved eit av byen sine universitet, og han var opptatt av korleis unge lærte «oppskrifter» frå sosiale medium.

Han fortalte meg dette:

«We have a lot of young kids here, who own television, rather than just having a vision. You know what I mean? There is a lot of young boys who own a television, a screen, rather than just having vision. So they just sit down in front of a tv, watching tv and getting inspired and that who is down there. Rather than having an own vision them self. You know. And then perceive a vision in life, aim and struggle.»

Han såg på lærdommen dei unge fekk gjennom massemedia som därleg innflytelse. Å hente inspirasjon frå film og sosiale media, kunne bidra til at unge slutta å reflektere sjølv. At dei heller adopterte korleis livet skulle levast gjennom sosiale medium. Ungdommane mista nysgjerrigkeit og vilje, noko som er negativ utvikling for kulturen.

Kambodsjansk ungdom er stolte av sitt opphav, og for mange er det framleis viktig å ta vare på det tradisjonelle. Dei finn det likevel utfordrande å skulle balansere dei gamle normene med alle dei nye, moderne påverknadane. Enkelte ungdomsgrupper, som blant mellom anna «city youth», ungdom som er vakse opp i Phnom Penh, er meir pådrivarar for endring. Dette kjem därleg ut hos den eldre generasjonen. Dei ser på den ungdommelege generasjonen som respektlause og rebelske. Å ta ein smoothie på ein kaffibar eller kysse offentleg, er ukjent for dei eldre (Baudinet 2018:17).

Marc Baudinet fortel om Kambodsja sin 21st generasjon; den fyrste generasjonen i Kambodsja som kan utfordre sine foreldre. Generasjonen som får ta høgare utdanning, henge med venner, ha kontakt med verda utanfor og med eit nytt nivå av sjølvstendigheit. Generasjonen før dei hadde ikkje same tilgang på utdanning og økonomi, og det å vere rebell var ikkje eit alternativ. Dei måtte hjelpe til å forsørge familien. Kambodsja har tatt skrittet inn i det individualistiske samfunnet, det er eit kulturelt og sosialt skifte i landet. Korleis pregar dette skiftet synet dei unge har på romantisk kjærleik? Dette kjem vi nærmare innpå i analysekapittelet. Fyrst skal vi ta ein titt på andre sentrale element som har vore ein del av det tradisjonelle Kambodsja.

Religion i Kambodsja

Rundt 97% av Kambodsja si befolkning er Theravada buddhistar, 1,1% er sunni-muslimar og 0,5% er kristne. Religion har alltid vore ein sentral del av kambodsjansk kultur, og mykje av moralske prinsipp og normer er bygd på religiøst grunnlag (Chandler & Kent 2008).

Theravada buddhisme er den eldste retninga innanfor buddhismen som framleis praktiserast den dag i dag, og dei hevda at dei har bevart Buddha si lære utan endring. Munkar er menn som har avgjeve løfte om å vie livet sitt til religionen. Dei kan ikkje ha familie, og dei tar ansvar for seremoniar som avhaldas i tempelet (Chandler & Kent 2008:17). Munkar er høgt respektert i landet, og det er til dømes ikkje lov for ei kvinne å komme for nærme ein munk. Buddhistiske verdiar handlar om å verne om fellesskapet, vise nestekjærleik og at mennesket er viktigare enn det materialistiske univers. Karma følgje ein gjennom livet, der gjerningane ein gjer, kan få konsekvensar for det neste liv. Den tilstanden ein opplever i det nåverande liv, er eit resultat av tidlegare gjerningar (Chandler & Kent 2008) .

Tradisjonelt har forholdet mellom landet og religionen vore prega av gjensidig avhengigheit. Det ligg ei forventning om beskyttelse frå staten om noko skulle oppstå. Ein buddhistisk identitet var nedfelt i den kambodsjanske grunnlova heilt fram til 1975 (Chandler & Kent 2008). Under Pol Pot regimet var all religion forbyde i landet, og munkane blei fjerna frå tempela og ut på rismarkene. Mange munkar døyde av svolt eller blei drepne under regimet. Tempel blei også øydelagde. Buddhismen blei ikkje før i 1993 gjenoppført som statsreligion. Buddhismen greidde aldri å få tilbake same posisjon som dei hadde før Pol Pot, og landet har framleis mykje færre munkar som følge av handlingane som blei gjort under Pol Pot regimet (Chandler & Kent 2008).

Dei religiøse verdiane attspegler også normene i samfunnet. Å ta vare på fellesskapet, verne om din nestemann og gjere gode handlingar slik at karmaen blir god for ditt neste liv. Dette er verdiar den kambodsjanske ungdommen har lært av sine foreldre, og som mange av dei framleis er opptatte av å dyrke vidare i sitt eigne liv. Det er også stadig fleire unge som byrja å stille spørsmål med religionen sin relevante posisjon i det moderne Kambodsja, og det er eit tema som er blitt meir privat (Baudinet 2018:27). Religion har også spela ei sentral rolle i forholdet mellom det mannlege og kvinnelege kjønn i landet. Dette skal vi sjå nærmare på i neste avsnitt.

Forholdet mellom mann og kvinne

Før 1970 var det eit samsvar mellom Chbap Srei og korleis dei kambodsjanske kvinnene oppførte seg. For å vere ei «successful khmer woman» var Chbap Srei oppskrifta å følgje. Samanlikna med dagens samfunn, er det større uklårheit korleis kvinner og menn ser på den ideelle oppførsel for ei kambodsjansk kvinne (Brickell 2011:439). Etter røde khmer-regimet frå 1975 til 1979, blei buddhismen avskaffa, inkludert chbap srei. Dette gjorde at Kambodsja fekk eit relativt likestilt samfunn i åra utan desse normene. Brickell oppsummerer med at desse normene framleis er nytta i skulen under «nasjonal identitet», men at:

«I argue that women are not necessarily uncritically obeying the rules mobilized to defend the moral code of the nation but are (at least partially) reworking some of the normative behaviors that the Chbap Srei promotes» (Brickell 2011:440).

Det kambodsjanske samfunnet er framleis dominert av menn som innehavar av den sterkeste posisjonen i samfunnet, både i den sosiale og familiære sfæren. Spesielt i rurale områder i Kambodsja har det mannlege kjønn ein overordna status (Baudinet 2018:6). Mannen skal vere forsørgjar av familien, men også ei stemme utanfor heimen. Dei er også dominerande i det politiske arbeidet, der det kun er 19% kvinner i parlamentet (United Nations-Development Programme 2020). Som ei følgje av at stadig fleire kvinner har kome i arbeid, og har fått lov til å ta utdanning, har spørsmålet om likestilling stadig fått meir merksemd. Kambodsja har også fått innflytelse frå vestlege land, og folk blir meir bevisst på sine eigne rettigheter. Kambodsja sin «Gender Parity Index», ein sosioøkonomi indeks som måle tilgangen kjønna har til høgare utdanning, syner ein oppgang frå 0.31 i 2000 til 0.62 i 2011. Av dei sørøstasiatiske landa ligg Kambodsja framleis ei stykke bak, samanlikna med mellom anna Laos som ligg med 0.88 og Thailand høgst med 1.34 (Baudinet 2018:37).

Ei rapport gjennomført av GADC⁴ syner at kjønnsrollene har tatt fatt på ei endring, og menn har også byrja å bidra med husarbeid. Kvinner får stadig ta meir jobb utanfor heimen, og menn ser verdien av å ha to økonomisk forsørgjarar. Det viser seg at tv- og radioprogram som opplyse om kjønnsforskjellar, har hatt god innflytelse. Kjønnsrollene er stadig under forhandling i landet (Brickell 2011).

⁴ (GADC betyr Gender and development for Cambodia, og dei jobber for å støtte kvinnelege ledarar, utvikle ledarskap blant kvinner og mindre ulikskap mellom kjønna (GADC 2018)).

Det er framleis nokre menn som stille seg meir skeptisk til utviklinga, og føle dei misse si hovudoppgåva ved å vere mann. Til dømes er det nokre menn som ikkje akseptera at kvinnene tener meir enn menn. Ein av dei eldre informantane til Baudinet fortel:

«...but if a woman earns more than her husband... that's not good... and what about the children, when both parents work they will need someone to look after the children, and who will do that if they live in the city? So, things are getting complicated. I think that husbands and wives must help each other, but to be clear, I don't think a husband should do homework! That's not how it should be» (Baudinet 2018:9).

Arrangert ekteskap

Arrangert ekteskap har vore tradisjon i Kambodsja i mange hundre år, og blir framleis nytta blant nokre familiar. Den største skilnaden mellom det typiske arrangerte ekteskap i tidlegare tider, versus dagens arrangerte ekteskap, er graden av medbestemmelse. I dagens Kambodsja får sonen eller dotera i større grad vere med å bestemme om vedkommande er godkjent. Før var det ingen aksept for å avslå ektemaken som foreldra hadde valt ut, og ekteskap blei heller inngått ved tvang. I dagens meir moderne Kambodsja kan familien saman plukke ut ein potensiell ektemake, og det er større fridom rundt tradisjonen (Mony 2004).

Å gifte seg er ein viktig del av kambodsjansk kultur, og familiene feirar ofte med å sette opp store, kvite telt på gatene med store dekorasjoner. Det er ektemannen si oppgåve å betale for utgiftene til bryllaupet, og han skal også betale ei form for avgift til foreldra. Denne avgifta er eit symbol på at mannen skal greie å forsørge barnet deira. Nokre familiar vel å avslå denne avgifta også. Eit ekteskap i Kambodsja er ikkje kun mellom mannen og kvinnen, men også mellom dei to familiene. Som også mine informantar var opptatt av, er det viktig å finne ein ektemake som respektere dei eldre, og som foreldra tykkjer er godkjent. Med mindre ekteparet vel å flytte saman kun dei to, noko som blir meir og meir vanleg i til dømes Phnom Penh, flyttar ektemannen inn hos familien til brura (Mony 2004).

Slik eg opplevde arrangert ekteskap gjennom mine informantar, er at definisjonen på det har blitt veldig utvida. For nokre av ungdommane er arrangert ekteskap som det ein gong var; lite aksept frå foreldra om barnet deira ville avslå vedkommande. For andre er arrangert ekteskap noko positivt, fordi foreldra berre prøver å hjelpe til. Eg fekk høyre argumentet om at foreldra er dei som kjenner ungen sin best, dermed innehavar dei også best utgangspunkt til å sjå kva for ektemake som passar best til barnet sitt. Det som ein gong var det typiske arrangerte ekteskap

i Kambodsja, har saman med utviklinga av eit meir fritt samfunn, fått nye normer for gjennomføring. Dei held framleis hardt på tradisjonen sin, fordi det er ein sentral del av den buddhistiske trua, og det handlar om respekt for religionen sin (Mony 2004). Tradisjonen har heller endra kriteria i takt med moderniseringa.

Chbap Srei

Chbap Srei er ei rekke kambodsjanske dikt som inneholder prinsipp og praktisk råd om passande og upassande oppførsel for ei kambodsjansk kvinne (Brickell 2011). Desse dikta har tidlegare vore eit sentralt element i landet sine tradisjonar, men har ikkje same gyldigheit i dagens Kambodsja. Til tross, blir dei framleis lært i skulen, og for nokre familiar sit tradisjonen endå igjen. Dikta er danna etter buddhistiske prinsipp, og inneholder også normer om makt og status i samhøve med sosiale posisjonar i samfunnet (Brickell 2011). Dikta fortel blant anna om korleis kvenna skal bevege seg roleg rundt i huset, ho skal vere høfleg, unngå vulgaritet og respektere mannen sine kjensler (Brickell 2011). Det er også blitt tatt med reglar om konsekvensar ved å ikkje overhalde normene.

Dikta fortel også at det er forventa at mannen er hovudforsørgjar i heimen, og tar ansvar for val og avgjersler. Det er eit sentralt, kambodsjansk uttrykk som ofte blir nytta om korleis likestillinga har vore i landet, og som for enkelte framleis er gyldig. «Men are gold, women are cloth», menn blir sett på som gull, fordi dei ikkje misser sin verdi om dei hadde blitt putta i såle. Kvinner er som klede, hamnar dei i såle, blir dei tilgrisa (Mauro 2015).

Informantane mine var kjende med chbap srei, men dei såg på det som noko som var meir eller mindre utgått. Dei såg på det som ein morosam del av kulturen, og mente at samfunnet var kome lenger enn å følgje slike reglar. Nokre stader på landsbygdene blir reglane framleis utøvd, men meir uformelt. Det finnast også ein Chbap Srei for gutter, men meir avgrensa enn for jentene (Mauro 2015).

Samanlikningskonteksten – Noreg

Noreg ligg i Norden, heilt nord i Europa, med eit innbyggjartal på 5,3 millionar (2019). Landet har ein sterk velferdsstat, og GII-likestillingsskalaen⁵, ligg på 0,044, syner eit relativt likestilt land mellom kjønna. GII-scoren for Kambodsja, som målast frå 0 til 1, der 0 er god likestilling, ligg på 0,474 (United Nations-Development Programme 2020). Dette syner at Kambodsja framleis har store utfordringar knytt til likestilling. Noreg har høg forventa levealder (82,3) og målet for korleis velstand det er i landet, HDI⁶, ligg på 0,889. Dette talet er rangert som nummer ein i verda. På denne skalaen kjem Kambodsja på plass nummer 136 med ein HDI på 0,465 (United Nations-Development programme 2020).

Noreg er eit trygt land med lite kriminalitet, lite korruption og sterkt helsevesen. År etter år er Noreg rangert som eit av dei lukkelegaste landa i verda, og ligge høgt i verdsranking over høgst levestandard (United Nations-Development Programme 2020). I Noreg er det forventa for den gjennomsnittlege ungdom å ta 18,1 år med skule, og lesekynndigheit ligg på 100%. Samanlikna med Kambodsja, ligg forventa år på skule på 11,3 og lesekynndigheta er på 81% (United Nations-Development Programme 2020).

Historiske trekk i den norske konteksten

Utviklinga av den norske velferdsstaten byrja allereie på slutten av 1800-talet. Stadig fleire fabrikkarbeidarar blei utsett for ulukke og skader, noko som gjorde at det blei oppretta fagbevegelsar som jobba for arbeidarane sine rettigheter (Ellingsæter & Widerberg 2012:216). Dette var starten for det som skulle bli ei rekke fleire velferdsgode som tilrettelagde for både betre arbeidsvilkår, lønn, rettigheter i familien, og likestilling.

Noreg har hatt ein fordelingspolitikk som har bidratt til det homogene samfunnet vi har den dag i dag. Sosiolog Pfau-Effinger plasserer Noreg i det ho kalla den nordiske velferdsmodellen. Kjenneteikna med denne modellen er at likestillingsverdiane og familien står sterkt, det er eit deltakarsamfunn, parlamentarisk demokrati og ein form for kapitalistisk marknadskønologi som balansere velferd og inntektsutvikling for landet på ein effektiv måte (Effinger 2004).

⁵ Gender Inequality Index = En indeks som fanger opp skjevfordeling mellom kjønnene for helse, medbestemmelse og yrkesaktivitet, 0 til 1, der 0 er best (United Nations-Development programme 2020).

⁶ HDI(Human development index)= brukast på ein meir nøyaktig måte enn bruttonasjonalprodukt (BNP) for å måle velstand i ulike land (United Nations-Development programme 2020).

I etterkrigstida har arbeidarpartiet vore dominerande politisk, noko som har bidratt til fokus både på arbeidarane, velferdsstaten og familien. Ei bølgje av kvinneopprør skylte innover landet på slutten av 1960-talet, ei rørsle som tok tak i likestillingeskampen. Dette opprøret gav kvinner fleire rettigheter, og fleire kvinner ville ut i jobb, og kunne ta utdanning. Samfunnet måtte tilpasse seg ei arbeidsdeling mellom begge kjønna (Ellingsæter & Widerberg 2012). Dette resulterte i at omsorgsforpliktingane, som før var sentrert til heimen, no er eit kollektivt ansvar, og staten måtte trå til. Barnehagar og eldreheimar måtte skapast når det ikkje lenger var ei husmor i heimen, og SFO og andre institusjonelle ordningar skulle gjere det enklare for foreldra å tilpasse timeplanen. Men dette skapte også arbeidsplassar. Det blei bruk for sjukepleiarar og barnehageassistentar, yrker som i stor grad er dominert av kvinner. Omsorgsyrker, som til dømes sosionomar og helsesøster, blei det fleire og fleire av. Dette gjorde det lettare å få fleire kvinner ut i arbeid. Eit samfunn med fleire yrker, stadig skrik etter fleire velferdsgoder, meir tilrettelegging og likestilling førte også med seg forbrukarsamfunnet (Ellingsæter & Widerberg 2012:221). Det vellukka velferdssamfunnet blei stadig rikare, endå meir kapital i omlaup og stadig større forventninga til det å vere ein familie. Ei husmor på marknaden var ikkje lenger eit ynskje, det var eit behov. Saman med utviklinga av nye arbeidsplassar og tilpassingar for kjernefamilien, kom også velferdsordningar som skulle gjere overgangen enklare. Desse bidrog også til fokuset på likestilling (Ellingsæter & Widerberg 2012).

Noreg si oljehistorie tok fatt rundt 1970-talet, noko som har gitt landet enorme økonomiske ressursar. Skatt frå oljeselskap, sal av olje og pengar frå investeringar har bidrar i oljefondet. Landet har helde fram med å oppretthalde politiske prioriteringar som har likestilling og egalitære prinsipp i fokus, og har hatt økonomisk stabilitet dei siste femti åra (Ellingsæter & Widerberg 2012).

Kva er kjenneteikn på norsk ungdomskultur?

Generasjonskløfta som forsvant av Tormod Øia og Viggo Vestel fortel om ein norsk ungdomskultur som for eit par tiår sidan var kjent for å vere opprørske og rebelske, og som no er erstatta av ungdom med skyhøge ambisjonar og mål. Dagens ungdomsgenerasjon blir ofte omtalt som «generasjon prestasjon», ein generasjon der eit stort fleirtal er flinke, vil prestere og er veltilpassa. Det er ungdom som har høge krav til seg sjølv, og leve med tankegangen om at alt er mogeleg, så lenge ein jobbar hardt nok (Øia & Vestel 2014).

Bakgrunnen for spekulasjonen om generasjonskløfta er i ferd med å forsvinne, kjem av ungdom som har fått eit nærmare band med sine foreldre. Dei er meir konforme, og opptatt av prestasjon. Ungdommen har ikkje same behovet for å utstråle identitet gjennom klesstil, musikksmak og tilhøyrsla enn ungdommen som vaks opp for femti år sidan (Øia & Vestel 100:2014). Vestel og Øia drar opp fleire moment som kan vere årsaka til ein endra ungdomskultur. Ein betre digital teknologi gjer det lettare for foreldra å halde kontakt med borna sine, og ungdommen kan lettare søke råd hos foreldra. Barn og ungdom brukar også fleire timer i sosialiseringsinstitusjonar enn dei gjorde for femti år sidan. Dette bidrar til ein meir regulert oppvekst, og gjer borna likare (Øia & Vestel 2014:115). Forfattarane undra seg over om familien no blir oppfatta som ein arena kor ungdom blir akseptert som dei er, og der dei kan føle tryggleik.

At ungdom får ta utdanning, er meir økonomisk stabile, og har vakse opp i eit velferdssamfunn, gjer også at dei ikkje har same behovet for å vere rebelske og opprørske. Dei har i staden fått uendeleg med valmogelegeheiter, og livet handlar i større grad om sjølvrealisering og forventningar. Både forventingar frå seg sjølve, men også frå relasjonane rundt. Dei unge har alt tilrettelagt for å skape det ideelle liv, noko som også bidrar til stort press på dei unge. Ein kombinasjon av store forventingar til seg sjølv og frå andre, har bidratt til mykje stress blant dei unge. Dette igjen har bidratt til eit auka samfunnsproblem med psykiske helseplager (Bakken, Sletten & Eriksen 2018). Sosiale medium og internett bidrar også til auka kroppspress og sjølvpresentasjon.

Sosiolog Jan Frode Haugseth har i nyare forsking sett på norsk ungdom sine ideal, og fortel om ein ungdomskultur som har gjennomgått store endringar sidan 90-talet (Haugseth 2020). Det som før var rebelsk og opprørske ungdommar, har blitt erstatta med veloppdragne og strukturerte unge. Det har blitt etablert større tillit til politiske institusjonar, og Haugseth viser til dagens unge som mindre opptatt av å vere autentiske, ubunde eller å «være seg sjølv» enn på 90-talet. Som Haugseth skriv:

«Siden 90-tallet har den norske ungdomskulturen endret seg. De unge har blitt mere skikkelige, og de er i mindre grad enn tidligere opprørske eller i konflikt med autoriteter og eldre generasjoner. Dagens unge er mer veloppdragne, de trener mer, ruser seg mindre og debuterer senere seksuelt, samtidig som færre blir kriminelle (Øia & Vestel 2014). De fleste lever aktive liv, der venner, familie, skole, trening og digital fritid spiller en stor rolle i hverdagen» (Haugseth 2020).

Norsk ungdom har fått føle på valfridom og sjølvstende over lengre tidsaspekt, og byrja å stille spørsmål om uendeleg med val gjer ein friare. Dei byrja å søke trygge og gjensidige relasjonar og kjærleik i ein elles hektisk kvardag. Haugseth viser til ungdom som har blitt mindre opptatt av å vere unik og som i større grad verdsette verdiar som investere i framtida, som til dømes trygge relasjonar (Haugseth 2020). Korleis har dette utspelt seg mellom kjønna? Dette skal vi sjå vidare på i kommande avsnitt om kjønnsrollene blant norsk ungdom.

Kjønnsrollene blant norsk ungdom

Ei bølgje av kvinneopprør skylte over det norske land på slutten av 1960-talet (Ellingsæter & Widerberg 2012). Dette var starten på likestillingskampen i landet, noko som har ført til at Noreg er eit av dei mest egalitære landa i verda. I det kommande skal vi sjå på korleis dette har prega utviklinga av kjønnsrollene.

Korleis taklar gutter det nye, moderne samfunnet? Det er stadig ein pågåande diskusjon om gutter er likestillinga sine taparar, og at det moderne samfunnet har blitt for krevjande for det mannelege kjønn. I artikkelen *Guttepanikk og jentepress – paradokser og kunnskapskrise* tar sosiologane Nielsen og Henningsen for seg tre moment der gutter klarer seg dårligare enn det motsette kjønn. Dei gjer det dårligare på skulen, dei har større fråfall i vidaregåande skule og fleire jenter enn gutter tar høgare utdanning. Kva er årsakene til dette?

Forfattarane meiner debatten ikkje kan sjåast så snevert som eit nullsumspel, der det eine kjønnet må gå bakover når det andre går framover. Det handlar ikkje om at det eine kjønnet vinne alt, og dermed må det andre tape alt. Gutter kjem i mange tilfelle dårligare ut på både prestasjon i skulen, og kor mange som tar høgare utdanning. På den andre sida, har gutter både ofte betre sjølvtilleit og lønn/karriere som voksen. Forsking syner at jenter tilpassar seg grupper betre, og meistrar sjølvregulering og sosial tilpassing på ein anna måte enn gutter (Nielsen & Henningsen 2018).

Dette er moment som gjer at jenter har betre føresetnad for å meistre skulesystemet betre. I *Svartmaling av gutter* fortel Kristoffer Vogt at ein må sjå vekk frå at absolutt alle gutter har dei same problema, og at ulike problem må møtast med ulike løysningar. Som til dømes at gutter som droppar ut av vidaregåande, har andre problem enn gutter som ikkje kjem inn på legestudiet. At gutter møte skulesistema med andre føresetningar enn jenter, gjer at dei også skulle hatt andre formar med studieteknikkar og rettleiing (Vogt 2018).

«Det kan ikke utelukkes at det kan være en høyere generell sårbarhet hos gutter/menn, men det hjelper neppe menn/gutter som befinner seg i ulike dårlige statistikker å bli sett på som en samlet gruppe. Svartmalingen av gutter som gruppe kan indirekte bidra til å «hvitvaske» privilegiene til de guttene som allerede klarer seg bra. På den måten kan fokus på kjønnsforskjell ha som effekt at makt- og statushierarkier *mellom* menn økes» (Vogt 2018).

Det har også blitt omtalt at skulen er blitt feminisert. Det er ei stor tyngde av kvinnelege lærarar og gutane misse den mannelege frontfiguren. Forsking har likevel ikkje kunne påvise at kvinnelege lærarar har påverka prestasjonar eller trivsel for elevane (Nielsen & Henningsen, 2018). Det kvinnelege kjønn har eit kjenneteikn for å vere flinkare å snakke om kjensler, og det er stadig eit dagsaktuelt tema at gutter også må snakke meir om kjensler. Det mannlege kjønn har sine måtar å uttrykke kjensler, ofte gjennom fysiske handlingar.

Aud-Keila Bendiksen Kjær tok for seg ulike opplevingar menn hadde av samlivsvanskar i si hovudoppgåve frå 2003. Menn definerer ikkje samlivsvanskar i same omfang som kvinner, og det er stort sett kvinner som tar initiativ til å prate om områder dei definere som problemområde i forholdet. Menn aksepterer at eit forhold handlar om «å ha det greitt» og dei aksepterer i større grad at eit forhold går i bølgedalar. Kommunikasjon er eit område som er ulikt hos kjønna. Kvinner har ofte definert «relasjonsspråket», noko som prega menn si sjølvforståing. Menn unngår ofte å ta dialogen, fordi dei vil unngå den kommunikasjonen som fører til blant anna krangling. Ofte kan det følast som om han misse sin «manndom» ved å ikkje leve opp til idealet om kva ei mannleg åferd er. Kva er maktstrukturen? Det mannlege kjønn har lenge vore den dominerande part i storsamfunnet, men heime er det motsett. Kva skjer når maktbalansen endrast? Menn ynskje å oppfylle det å vere ein god mann. Noko som ofte kan vere ei utfordring i samfunn der kvinna fortente perfeksjon (Kjær 2003).

Statistikk syner også at ein av fire menn er barnelause. Tar ein i betrakning at menn ventar lengre med å få born, syner statistikken 20% som er barnlause ved fylte femti år, og utan innvandrarbakgrunn. Mange kvinner vel heller å få born med ein som allereie har born frå før – å bruke «opp att» menn. Kjønnsforskarane Lommerud og Grasdal trur nokre av faktorane for denne utviklinga, ligg i at kvinner vel bort «lavstatusmenn». Det kan vere menn med lågare inntekt, dårlig helse og som mottar offentlege ytingar (Lommerud & Grasdal 2020). Forfattarane røyser også her spørsmålet om denne statistikken syner endå eit teikn på at det mannlege kjønn er taparar i det moderne samfunn.

Avsnittet ovanfor syner korleis kjønnsrollene har fått endra betydning i det moderne samfunn. Dette spelar inn på måten menn ser på kjærleiksperspektivet. Har gutar fått meir underdanig posisjon i samhøve til jenter? Dette er moment vi skal ta for oss i analysen. Fyrst skal vi ta for oss metodiske refleksjonar i det kommande kapittelet.

4

Metode og metodiske refleksjoner

«Forskere som nytter kvalitativ metode, studerer ting i deres naturlige setting, der de prøver å forstå eller tolke ulike fenomener ut fra den mening folk gir dem» (Ryen 2002:18).

Problemstillinga: Korleis konstruerer den kambodsjanske og norske ungdommen romantisk kjærleik?, er eit spørsmål som søker forståing og innsikt. Ein er interessert i aktøren sitt eige perspektiv og søker meining framfor å kartlegge handling. Dette gjer at kvalitativ forskingsmetode blir sentralt å nytte i denne oppgåva. For å kunne danne eit mest mogeleg reelt verkelegheitsbilete, er det hensiktsmessig å møte situasjonen der den utspeler seg – i si naturlege setting. Ved å ta del i handlingsaugeblikket ved deltakande observasjon eller gjenfortelje erfaringar gjennom eit intervju, oppsøkjer ein konteksten til det eg vil belyse. I denne oppgåva blei det nytta ein etnografisk metode med feltarbeid i ukjent kultur.

Etnografi, er ifølgje Hammersley og Atkinson,

«In terms of data collection, ethnography usually involves the researcher participating, overtly or covertly, in people's daily lives for an extended period of time, watching what happens, listening to what is said, and/or asking questions through informal and formal interviews, collecting documents and artefacts – in fact, gathering whatever data are available to throw light on the issues that are the emerging focus of inquiry» (Hammersley & Atkinson 2007:3).

Etnografisk arbeid består av å studere personar og grupper gjennom deira kvardagsliv, og som forskar, tar del i deira sosiale settingar. Etnografen kan delta i daglege rutinar, og skape relasjoner, men samtidig måtte notere seg alt vedkommande observerer. Kva er ein typisk kvardag for deltakarane i denne kulturen? Korleis oppfører dei seg mot kvarandre? Som Hammersley og Atkinson påpeikar i sitatet ovanfor, skal ein samle all den dataen ein kjem

over, om det er tale, observasjon eller eigne erfaringar. Alle desse momenta er med på å danne eit heilskapleg inntrykk. I samhøve problemstillinga eg har valt, er ein etnografisk metode nyttig å bruke for å orientere seg i ny kultur. Eg har ingen tidlegare erfaring med landet, utanom litteratur eg har lese på førehand. Etnografisk arbeid gjev meg mogelegheit til å tilnærme meg feltet frå fleire hald, og eg kan til dømes få fortalt gjennom intervju det ein samtidig observerer frå eigen ståstad.

Eg ville prøve å sjå nærmare på korleis ungdom frå Kambodsja opplever og konstruerer romantisk kjærleik, og samanlikne mine funn opp mot norsk ungdom. Dette med utgangspunkt i romantisk kjærleik som ein sosial konstruksjon. Bakgrunnen for problemstillinga kjem av interessa for om ungdom, til tross for forskjellig sosiologøkonomisk bakgrunn, oppvekstland og kultur, opplever romantisk kjærleik forskjellig. Nokon vil gjerne sei at kjensla av forelsking og det å oppleve kjærleik vil opplevast likt for alle, men er det eigentleg det på tvers av kulturelle verdiar og normer? Etnografisk metode kan dermed nyttast til å observere korleis ungdommane oppfører seg saman, korleis dei pratar, og korleis kulturen spelar ei sentral rolle. Gjennom intervju og gruppeintervju har eg fått ungdommane sine meningar og tankar rundt feltet.

Å diskutere metode er eit viktig reiskap for å best mogeleg kunne vere i stand til å vurdere halldbarheita av ei etnografisk studie (Stewart 1998). Vidare i dette metodekapittelet skal eg ta føre meg kva eg gjorde på feltarbeidet, kva for erfaringar og utfordringar eg møtte undervegs, og intervjeta eg hadde. Det etnografisk arbeidet mitt bestod av observasjon, spontane intervju og kvalitative intervju. Eg har valt å ta utgangspunkt i truverdigheit, bekreftelse og overførbarheit for å vurdere kvalitetten på prosjektet mitt.

Avslutningsvis kjem nokre etiske refleksjonar ved å vere forskar på feltet, samt formelle krav.

Å DRIVE ETNOGRAFISK ARBEID

- GJENNOMFØRING, FRÅ FORSKNINGSIDÈ TIL ANALYSE

Forskningsidé

Problemstillinga mi oppstod på bakgrunn av at eg har interesse for kva rolle kjensler har i sosiologifaget. Ein kan ikkje utføre ei handling utan å føle noko, og handlingar blir

gjennomført på bakgrunn av kva menneske føler. Kjærleik har ikkje berre enorm innflytelse på oss menneske, den har også vore sentral i formainga av fleire av institusjonane våre (Haldar 1997). Korleis har den då blitt utvikla på tvers av to ulike kulturar? Før eg tok fatt på felterbeidet, satt eg med problemstillinga: «Korleis opplever ungdom kjærleik og forelsking på tvers av ulik kulturell bakgrunn og kjønn?» der eg likestilte dei to kulturane. Nokre månadar ut i arbeidet snevra eg problemstillinga inn til å ha hovudfokus på den kambodsjanske ungdommen, og eg tok vekk «forelsking» frå problemstillinga. Bakgrunnen for dette valet, var at eg opplevde romantisk kjærleik som noko som påverka ungdommen på forskjellige nivå i kvardagslivet enn kun som ei personleg kjensle. Det rørte ved fleire aspekt ved dei unge sine liv, dermed var det interessant å ta desse med i forskingsprosjektet. Forelsking er noko eg opplever som meir kortvarig og flyktig, medan kjærleik varer i større grad livet ut, dermed har romantisk kjærleik ei anna påverknad på fleire element.

Forskarrolla i felt

I dei følgande avsnitta vil eg sjå på kva sentrale moment som spelar inn på mi rolle som forskar. I kvalitativ forsking er forskaren sjølv det viktigaste instrumentet, på bakgrunn av at ein sjølv har ansvaret for å samle inn og konstruere datamaterialet (Hammersley & Atkinson 2007). Ein sentral del av kunnskapsproduksjonen er å reflektere rundt sin eigen posisjon, og sjå på dei ulike faktorane som påverkar ein intervju situasjon.

Kva forforståing hadde eg før møtet med Kambodsja? Ein fullstendig nøytralitet kan ikkje eksistere som forskar, og ein må entre feltet med openheit og vere forberedt på endringar i prosjektet (Tjora 2017:235). Eg har tidlegare vore på felterbeid i Sri Lanka, samt innom fleire andre asiatiske land. Eg hadde basert mine forventningar om Kambodsja frå mine tidlegare erfaringar frå Asia, og eg hadde laga meg tankar om eit triveleg folkeslag med iver for fellesskapet og nysgjerrigkeit. Å ha erfaring frå tidlegare felterbeid, gjorde at eg har kjennskap med generelle asiatiske normer og utfordringar eg har møtt på tidlegare. Dette gjorde også at eg hadde ei forventning om at spørsmålet om klasse, arrangert ekteskap, og religion ville vere meir gjeldande enn det faktisk viste seg å vere. Hadde målgruppa for prosjektet vore ungdom generelt i Kambodsja, hadde nok desse nemnte faktorane vore meir gjeldande. At eg valte målgruppa studentar, gjorde at mine khmer-informantar var mykje likare mine norske informantar enn eg forventa.

Aksel Tjora skriv at: «Forskerens engasjement i tematikken vil da kunne betraktes som støy i prosjektet ved at det kan påvirke resultatene» (Tjora 2017:235). Vidare fortel han at det er ein nødvendig ressurs, fordi forskaren si eiga vurdering av sitt engasjement, kjem til å påverke forskingsarbeidet og korleis forskaren sin eigen kunnskap kan brukast i analysen i ettertid (2017:235). Når ein forske på kjærleik, blir nærliek til feltet ei sjølvfølge. Eg, som alle andre menneske, har også eit forhold til romantisk kjærleik og eit engasjement. Eg som forskar har mine gode og därlege minner med romantisk kjærleik, og desse gjer at eg har forma mine formeiningar om feltet. Desse formeiningane er det Tjora kallar støy, men det er viktig å reflektere rundt korleis mine tankar pregar det eg høyrer hos andre ungdommar på min alder. Utan at eg skal ta for meg mitt personlege kjærleiksliv her, ligg desse eigne erfaringane som ein ressurs eg har tatt med meg inn i både intervjustituasjon og refleksjonane i analysen.

Det kan også nokre gongar føle som ein står både på utsida og innsida som forskar, og det kan vere utfordrande å skilje rolla forskar og venn. Eg ville henge med informantane mine fordi eg tykkjer det var gøy, men eg ville likevel ikkje at dei skulle føle seg brukta, ved at vi kun hadde ein relasjon som følgje av prosjektet mitt. Det kom alltid opp som eit tema når eg møtte på nye menneske, dermed visste som regel alltid dei rundt meg kva for vilkår eg var i Kambodsja for. Dei visste at hensikta med opphaldet mitt var for å drive felter arbeid, men mange av dei gløymte det litt av etter kvart også. Mine nøkkelinformantar var veldig opptatt av å legge til rette for felter arbeidet for meg, og dei var også glade i å diskutere tematikk og komme med innspel. Dei var dedikerte studentar med store drøymar, så eg oppfatta dei meir glade for å kunne utveksle erfaringar med ein internasjonal student. Som forskar blir ein også glad i personane som meir enn ein informant. Det er så og sei umogeleg å ikkje putte kjensler i forskarrolla, og eg har framleis kontakt med mine nøkkelinformantar.

I felt

Det blei gjennomført felter arbeidet i Phnom Penh, Kambodsja, over tre månadar, frå september 2019 til desember 2019. Det blei i alt gjennomført 15 intervju, både i gruppe og individuelle. Eg reiste på felter arbeid med eit utgangspunkt om å finne ungdommar frå lokal- og bysamfunn, i ein alder frå 18 til 23. Det viste seg fort at det blei for omfattande å dekke ei så stor ungdomsgruppe i eit land med så store klasleforskellar. Det blei gjennomført eit par intervju på landsbygda før eg snevra inn problemstillinga, der eg blant anna måtte bruke tolk. Eg følte at eg mista sentrale element i dialogen, noko som også er ein av grunnane til at eg valte

ungdom som hadde eit høgare engelskspråkleg nivå. Når ein forske på tema romantisk kjærleik, der fokuset ligg på refleksjon og ordlegging, er det desto viktigare å få med dei små detaljane. Kvaliteten på studiet kan også bli svekka ved å måtte bruke tolk. Eg opplevde også landsbyungdommane som meir sjenerte, forsiktige og fnisete, og ikkje like vande til å måtte svare på reflekterande spørsmål. Oppgåva snevra seg dermed inn til å ha utgangspunkt i studentar som målgruppe, der engelsken haldt ein høgare standard, og eg slapp dermed å nytte meg av tolk. Dette gjorde at dei einaste krava eg hadde var at dei måtte vere student, og i ein alder frå 19 til 25 år. Eg fant det uproblematisk å finne nok informantar, for det var få kriterium å måtte dekke for å kunne vere informant og eit tema alle studentar har eit forhold til i større eller mindre grad.

Rettleiaren min ved UiA har tidlegare budd i Kambodsja, og hadde ein kjenning ved eit engelskspråkleg universitet i Phnom Penh. Ho setje meg i dialog med henne i førekant av feltarbeidet, noko som bidrog til at eg fekk ein fot innanfor feltet. Ho setje meg deretter i kontakt med tre lokale studentar ved universitetet som blei mine døropnarar inn til feltet, og som var behjelpelege med å skaffe informantar frå andre universitet i byen. Desse har vore sentrale for dei gode dataene eg satt igjen med etter feltarbeidet. To av desse studentane var også informantar, og eg opplevde deira intervju meir tillitsfulle enn dei andre intervjuia. Desse to informantane var mykje tryggare på meg, og hadde fått informasjon om prosjektet på førehånd. Mine tre «hjelparar» var også opptatt av å lære meg lokal kultur, og tok meg med på museum, bibliotek og sosiale settingar.

Elles har eg nytta meg av snøballmetoden for å komme i kontakt med informantar, samt sosiale medium og elles lokal ungdom eg møtte på. Eg kunne ta turen til ein kafé til dømes, og prate med ungdom der. Gjennom sosiale medium nytta eg meg av appen Tinder. Tinder er i utgangspunktet ein app for dating, men er ikkje like utbreidd i Kambodsja som den er i Vesten. På den måten kunne ein møte lokal ungdom utan at det var forventningar om at det var ein date. Eg informerte alltid om prosjektet mitt på førehånd, og dei synast det var spennande å komme i kontakt med ein «forskar frå Europa». Det var meir utfordrande å rekruttere gutter om temaet, dermed var Tinder ein god arena for å få fleire mannlege informantar.

Eg fekk lov til å vere med på undervisningstimar ved universitetet eg hadde ein relasjon til, og få ta del i studentmiljøet. Eg var blant anna med på «community-work», der vi reiste til landsbygda for å gjøre forsking. Eg fekk etter kvart nokre relasjonar frå klassen også, etter

kvart som det blei tryggare på meg. Eg stod på den andre sida veldig fritt til å legge opp dagane mine sjølv, og prøvde å variere frå å henge med ungdommane, til å berre vandre rundt og prate med folk. Eg brukte mykje tid på å vandre gatelangs i Phnom Penh, og prøvde å lære så mykje kultur som mogeleg. Eg fant det relativt enkelt å komme i kontakt med folk, og kambodsjanarane har vore svært hjelpsame og positive. Eg kom til døme i kontakt med ein sveitsisk sosialantropolog som gav meg mange tips på vegen. Han hadde allereie vore i landet i fleire år, og vi brukte mykje tid til å henge rundt for å observere sosiale settingar og hendingar. Han har saman med mine «tre hjelparar» fungert som nøkkelinformant i prosjektet ved å lære meg kultur og hjelpe meg rundt.

Hovudfokuset mitt låg på å møte ungdommane i deira naturlege setting, og eg tok del i det typiske kambodsjanske ungdomslivet. Det kunne vere å spele fotballspel eller å sjå på guitar ved «Riverside». Eg gjorde desse type aktivitetane med ungdom som ikkje var ein del av informantane, og som eg møtte gjennom hostelet til dømes. Eg skapte meg ein stor omgangskrins utanfor universitetet også. Dei fleste av informantane var eg ikkje med utanom intervjuet eg hadde, utanom dei tre nøkkelinformantane. Dei var flinke til å ta meg med på arrangement og kulturelle utflyktar.

Eg følte dei tok meg tidleg inn i varmen, og at eg var deira «kule, høge og kvite ven» frå Europa. Vi snakka opent om ting som interesserte dei, og eg prøvde å snike inn spørsmål om kjærleik og forelsking der det lot seg gjere. Eg kledde meg enkelt, men høfleg, og prøvde å skli mest mogeleg inn i mengda for å kunne «vere ein av dei». Eg var med å ete på gatekjøkken, budde enkelt og prøvde å bli litt kambodsjansk. Det var ingenting som var kjekkare for mine informantar enn å lære meg nokre glosar på khmer.

«Å Gestalte»

Kultur definerast som «den kunnskap folk bruker for å generere og tolke sosial atferd» (Ryen 2002:230). Å innta ei tverrkulturell setting byr på nye sosiale objekt og handlingar, og det er forskaren si rolle å utvikle ei forståing gjennom kommunikasjon og sosiale situasjoner (Ryen 2002:230).

Å drive etnografisk arbeid er eit forsøk på å få inntrykksdata gjennom observasjonar, og forståelsedata gjennom kombinasjonen intervju og observasjon (Grønnestad 2018:26). På den andre sida, handlar etnografisk arbeid om å forstå heilskapen, og ikkje berre det som blir sagt og sett. Filosofen Christian Von Ehrenfels skapte omgrepet «gestalte» i 1890 for at ein skulle

lære å gå i djupna og forstå heilskapen av det ein observerer. Det å «ta gestalt i den andre» betyr å få eit «meiningsfylt heile» av vedkommande, og forstå den komplette eksistens (Grønnestad 2018:30). Beekman gjennomgår seks steg for deltagande observasjon, og eg vil i det følgande gå gjennom desse seks i høve til mitt studie.

- ***Ein tettare dialog***

Beekman framheve viktigheita av å ta del i deltagaren sine opplevingar, noko som bidrar til at ein kjem tettare inn på dei ein studerer (Friberg & Ohlen 2010:274). Dette kan vere moment som å setje seg inn i relevante tema eller måtar å snakke på. Eg sette meg tidleg inn i fleire av felta som interesserte dei unge. Som til dømes den Sørkoreanske popmusikken og den politiske situasjonen i landet. Dette gjorde at eg bygde opp tilliten ved å vise at eg interesserte meg for deira kultur og kunne i større grad bidra i samtalens. Dette bidrog også til at dei viste meg meir tillit til å snakke om kjærleik med større openheit enn eg opplevde dei fyrste vekene. Dialogen og venskapet blei meir ekte og naturleg etter kvart som veke gjekk, og eg fekk bygde opp denne tilliten. Også det med å vise interesse for språket deira og lære seg nokre grunnleggande setningar var også ein form for tillitsbygging.

- ***Det å vere tilstede***

Det å vere tilstede i situasjonen gjev ein grunnlag for ei direkte tolking av det eg observerte (Friberg & Ohlen 2010:274). Eg prøvde å setje meg kjenslemessig inn i situasjonane og føle på dei same sansane som informantane. Det kunne vere om vi var på konsert saman, eller feira FN sin menneskerettighetsdag saman. Ein kvar situasjon er ulik og ei kvar fortolking må tilpassast akkurat den situasjonen den høyrdet til. Desto nærmare ein sjølv prøvde å inkludere seg i situasjonen, jo meir nøyaktig tolking kan ein gjere av den.

Eg hadde med meg ei dagbok under feltoppaldet som eg skreiv ned dagens hendingar kvar kveld. Om eg opplevde nokre spesielle situasjonar som eg ville beskrive kjenslemessig og opplevingsmessig, notert eg det ved neste ledige anledning. Eg sat meg også ned enkelte dagar på kaffibar for å summere tankane. Om eg hadde opplevd noko ekstraordinært eller noko som provoserte meg til dømes, brukte eg dagboka til å setje ord på dette. I analysearbeidet etter Kambodsja, ser eg verdien av å ha gjort eit grundig dagbokarbeid, slik at eg best mogeleg kan prøve å attskape opplevingar.

- ***Vere saman i ein felles horisont***

«Being there means being part of a shared world with a common horizon and coming close to the world as seen through the eyes of the participant» (Friberg & Ohlen 2010:274). Beekman er opptatt av at ein må ta del i det som skjer og viktigheita av nærvær i dei ulike situasjonane. Desto lengre eg oppholdt meg blant informantane, desto meir ein «del av gjengen» blei eg. Dette gjev etter kvart kjensla av å dele denne «felles horisonten» som Beekman er oppteken av. Dette bidrar til mindre fasade. Hadde ein av vennane mine ein därleg dag fordi ein gut ho var interessert i hadde avvist ho, delte ho dette med meg. Også om jentegruppa sat å prata om guitar, tok eg del i dette.

- ***Tid og rom***

«The space embraces objects that mean something to the participants, whereas the objects simultaneously create a general frame of reference» (Friberg & Ohlen 2010:174).

Ved etnografisk arbeid, studerer vi objekta i deira naturlege setting. Kvar objektet blir studert og i kva for tidsrom det går føre seg i, spelar inn på informantane. Føler informantane seg trygge i rommet eller ramma dei operer i, blir også feltobservasjonane meir gyldige. Det er lettare for informantane å falle inn i normale rutine på stader dei føle seg trygge. Å henge med ungdommane på deira vande stader, bidrog til å oppretthalde denne ramma.

- ***Det sosiale og personlege meiningsfulle***

Å drive feltarbeid handlar om meir enn kun å vere i felt. Ved å vere tilstede, både fysisk og psykisk, kan forskaren oppdage det meiningsfulle for deltakarane i den ramma dei er i. Formålet er å få innblikk i symbol og ritual som er skjulte for omverda (Beekman 1986:44). Å søke det sosiale og personleg meiningsfulle er sentralt i ei avhandling med tema romantisk kjærleik. Å intervju og prate med menneske om tema kjærleik, kan ifølgje Thagaard, opplevast utfordrande. Kjærleik er eit personleg tema som angår oss alle, og det krev tillit til forskaren (Thagaard 2005:51).

Beekman meiner at viss forskaren ynskjer å forstå fenomen i djupna, er å «go native» alternativet. Å «go native» betyr å bli så godt kjent med det miljøet ein observerer, at ein blir prega av det informantane opplever, og ein kan risikere å tape den vitskapelege distansen (Hammersley & Atkinson 2007). Å «go native» er vegen inn til innanfråperspektivet ifølgje Beekman (Beekman 1986:42). Mitt feltarbeid varte kun over tre månadar, og for å få den

optimale kontakten med informantane, skulle eg gjerne vore der i fleire år. Tatt i betrakting av å kun vere der i tre månadar, følte eg sjølv at eg kom tett innpå informantane. Som nemnt tidlegare i avsnittet, gav dei meg tillit til å dele sine oppturar og nedturar i livet, datinglivet og personlege utfordringar dei opplevde i kvardagen. Eg hang med informantane mine både på dagtid og kveldstid, og fekk vere med dei i ulike settingar. Eg var med nokre av informantane mine heim også, noko som bidrog til å komme endå tettare på det personlege. Det var ei form for tillitserklæring at eg fekk vere med dei heim.

Ein påverkar det personleg meiningsfulle ved å tilbringe mykje tid rundt informantane sine. Eg merka etter kvart kor irritasjonen min for eit svikande demokrati påverka meg etter kvart som vekene gjekk, og eg stadig blei fortalt ulike historier, og såg døme på korleis menneskeverd blei nedprioritert. Dette er faktorar som påverka meg som forskar. Vi endre perspektiv etter kvart som vi blir litt nærmare kulturen vi forska på, og vi legg nytt grunnlag for å sjå feltet frå eit nytt perspektiv. Vi går frå å vere kun forskar, til å bli forskar og vnn (Grønnestad 2018:34).

- *Oppdage det verkelege liv*

«Being present in the field also moves interpretations closer to real life and its consequences. Not only can the researcher discover things that do not fit his theoretical preconceptions, but prejudices and overly abstract suppositions can be corrected» (Beekman 1986:44).

Den forståinga eg som forskar har av kjærleik, er prega av min kulturelle bakgrunn. Det er vanskeleg å studere kjærleik uavhengig av dei kunnskapane, verdiane og personlege erfaringane eg som forskar har om feltet. Å prøve å forstå kjærleik i ein ungdomskultur så ulik din eigen, gjerast best ved å ta del i den. Beekman skriv at det som skjer i felt er ekte hendingar med ekte menneske (Beekman 1986:44). Ved å ta del i det sosiale og personlege meiningsfulle, gjer ein eit forsøk på å oppdage det verkelege liv. Ved å komme på innsida av det verkelege liv, er det då ein best forstår tema som kjærleik. På den andre sidan, vil informantane påverkast av mi tilstedeværing og tilpassa si åtferd deretter. Nokre vil gjerne sei det dei trur eg vil høyre. Dette er moment som gjere det utfordrande å gripe det verkelege liv.

Utvalet

Pannasatra University of Cambodia

Pannasatra University of Cambodia, heretter kalt PUC, er eit engelskspråkleg universitet der all undervisning går føre seg på engelsk. Studentane er plikta til å ha eit år med engelskundervisning før dei kan byrja på universitetet, og ei god del av dei som underviser har vestleg bakgrunn. Dette kan i noko grad påverke informantane sine meiningar og haldningar, og gje dei ei vestleg vinkling på ulike samfunnsperspektiv. Eg spurde ein av nøkkelinformantane om dette, og ho svara at dei blei nok mest truleg påverka på nokre felt. Ho synast undervisarane var flinke til å stille opne spørsmål, og la studentane sjølv lage refleksive meiningar. Eg hadde også informantar frå andre universitet i byen, og såg ikkje noko tydleg forskjell i meiningane på tvers av universiteta. Det eg la merke til var det engelskspråklege nivået, dermed hadde studentane frå PUC gjerne lettare for å uttrykke seg. Eg blei også fortalt ein av dei fyrste dagane at PUC skil seg frå andre universitet med at dei er meir liberale og studentane står friare til å uttale seg. Andre universitet i Phnom Penh er vesentleg meir konservative, og studentane må vere meir påpasselege med kva dei uttale seg om. Informantane fortel at dette er noko som har forbetra seg betrakteleg på få tiår.

Studentgruppa i Phnom Penh

Som nemnt innleiingsvis, snevra eg problemstillinga mi inn frå å handle om «ungdom i Kambodsja» til «studentar i Kambodsja». Det informantane mine hadde til felles, var at dei var studentar ved eit av Phnom Penh sine universitet. Dei hadde forskjellig klassebakgrunn, kjønn, studie og alder. Det er ikkje gratis utdanning i Kambodsja, men studentane kan få stipend basert på gode karakterar. Ingen av informantane hadde foreldre med høg-klassebakgrunn, og fleire av informantane mine var frå fattige provinsar og frå relativt enkle kår. Det ein ser som fellestrekks ved ungdom som er studentar, er at dei er svært framtidssretta, målbevisste, og som eit resultat av at dei har fått mogelegheit til å studere, opptatt av å utrette noko. Ein kombinasjon av foreldre med forventning, professorar som pushe og eit land som treng utvikling, gjer at studentane er opptatt av å prestere og få ein god jobb. Dette var gjennomgåande hos universiteta eg besøkte.

Dette gjer analyseresultat i denne avhandlinga annleis enn om eg hadde gjort same studie av bygdeungdom i Kambodsja. Denne avhandlinga syner kun trekk ved ei av dei utelege ungdomsgruppene Kambodsja har.

Studentgruppa i Noreg

Dei norske informantane mine studere ved Universitetet i Agder, men kjem frå ulike stader i Noreg. Dei er i forskjellig alder, studere ved ulike fakultet og har ulik bakgrunn. Dei alle er i aldersgruppa 19 til 25 år, og halvparten har kjærast, og andre halvparten har ikkje.

Dei blei rekruttert gjennom snøballmetoden, der eg spurde venna mine om dei hadde ein i kollektivet som ville bli intervju om tema romantisk kjærleik. Målet var å ikkje kjenne vedkommande på førehand.

Intervjua

Kunsten med eit kvalitativt intervju er å få ut dataene «slik dei er» (Ryen 2002:236).

Alle intervjeta blei tatt opp på bandopptakar, men eg noterte også i tillegg. Både fordi det tok fokuset vekk frå å konstant måtte sjå på informanten, men også for ei sikkerheit om bandopptakaren skulle slutte å fungere. Eg gjennomført 15 intervju i Kambodsja. Ni av dei var enkeltintervju, fire av dei var med to informantar saman og to av dei var gruppeintervju med sju og oppover. Ut av desse 15 intervjeta valte eg ut fire gutter og fire jenter. Bakrunnen for dette var kvaliteten på intervjeta, samt å avgrense. Analysen innehold også eit intervju med ein etikkprofessor. I Noreg blei det gjennomført seks intervju, med tre gutter og tre jenter.

Sidan norsk ungdom skulle vere som samanlikningsgrunnlag, hadde eg færre norske informantar. Dei fleste intervjeta blei gjennomført enten i eit klasserom eller på ein kafé. Val av stad for intervju har stor innflytelse for forskingsdataene ein sit igjen med (Hammersley & Atkinson 2007). Eg opplevde at informantane fant kafé-settinga meir avslappande og mindre formell. Dette var gjeldande for begge kulturane. Dette bidrog til ei meir ufarleggjort setting til å prate om eit felt som romantisk kjærleik. Lengda på intervjeta varierte frå 30 minutt til 1,5 time. Nokre var meir utfyllande i svara enn andre, og hadde fleire tankar rundt feltet. Eg prøvde å legge opp intervjetet som ein slags samtale, men utan å bli den dominerande parten sjølv. Eg kunne nokre gonger komme med eigne refleksjonar, ofte om informanten gjekk tom for tankar, og eg kunne bidra med inspirasjon.

I dei fleste tilfelle fant eg det lettare å prate med jenter, dei gav meir utfyllande svar og hadde fleire refleksjonar om temaet. Enkelte gutter hadde ein tendens til å tøffe seg, men eg opplevde dei også som veldig ærlege og interessert i temaet. Det er spesielt i settinga gruppeintervju at

gutane har behov for å vise seg, å spele tøff. Dei norske informantane opplevde eg svært audmjuke, og engasjert i temaet.

Det er ofte lett å «reagere» som intervjuar eller stille leiande spørsmål utan å tenkja over det. Av min naturlege karakter, har eg ofte lett for å reagere på ein uttrykkande måte. Det er ikkje meint som negativ respons, men eg blir reve med i situasjonen. Dette kan spele inn på korleis informanten vel å reagere. Oppleve vedkommande positiv tilbakemelding frå meg? har vedkommande lyst å prate meir? Virke eg avvisande? Det er også lett å komme med leiande spørsmål som oppfølgingsspørsmål. Dette er faktorar som kan spele inn på svara eg får.

Det blei gjennomført eit prøveintervju på førehand i Kambodsja med ein tilfeldig eg møtte på hostelet. Bakgrunnen for dette, var for å kartlegge om spørsmåla var forståelege, korleis dei kunne bli tolka, om nokre av spørsmåla måtte justerast og cirka ein forventa tidsbruk per intervju. Eg justerte eit par av spørsmåla som potensielt kunne feiltolkast.

Utfordringar eg satt igjen med etter intervjua

Å gjere kvalitative intervju i ein framandspråkleg kultur byr på utfordringar. Det større fleirtalet av kambodsjansk ungdom i høgre utdanning har ein forståeleg engelsk utan behov for tolk, men forskjellige uttalar og grammatiske utfordringar dukkar opp. Det lokale språket, khmer, er svært ulikt engelsk, noko som blir ei utfordring når dei skal lære engelsk. Det er blant anna ulike system for bøyning av verb, der blant anna verb ikkje bøyast i bestemte tider på khmer. Å snakke om feltet kjærleik gjer det desto vanskelegare, der behovet for å setje ord på dei små kjenslene og skildringane er essensielt. Informantane mine hadde også ein tendens til å tolke spørsmåla mine annleis enn dei blei spurde. I nokre tilfelle kom det av kulturelle faktorarar, som til dømes at eg brukte omgrep som var ukjende for dei. Det blei gjort forsøk på å stille om att spørsmåla eller forklare dei i større detalj, men det er ikkje alltid klart kva for tolking dei legg til grunn.

Eg opplevde det som spennande og morosamt for ungdommane å snakke om eit felt som kjærleik. Alle har eit forhold til temaet, enten dei hadde opplevd romantisk kjærleik sjølv eller hadde meininger rundt det. Eit intervju kunne gjerne starte med litt fnising, noko som er ein

tradisjonell respons hos ei halvsjenert kambodsjansk jente. Utover i intervjuet blir ungdommen ivrige og i nokre tilfelle kunne intervjuet gå over til ein slags psykologtime, der dei nytta anledninga til å prate om ein tidlegare kjærast eller nokre dei beundra på avstand. Med eit ope felt som kjærleik og romantikk, går intervju i den retning som informanten tolkar det. Eg gjorde bevisst eit val om å ikkje definere kva for kjærleik eg var på jakt etter i starten av intervjuet. Dette gjorde at informantane stod fritt til å definere kva kjærleik var for ein, enten dei tolka det som kjærleik for ei gut eller jente, eller kjærleik til landet. Eg hadde til dømes intervju med ein munk, som ikkje har lov til å ha eit fysisk forhold til kvinner, så for han var kjærleik relatert til naturen og religionen. Etter å ha fått det generelle perspektivet på kjærleik, bevegde eg meg over på den romantiske kjærleiken som oppgåva skulle dreie seg om.

Intervjuguide

Intervjuguiden blei utforma før feltarbeidet, og det blei brukt same intervjuguide i begge landa. Guiden var oppdelt i tre temaa, samt ein del med reservespørsmål om eg sakna noko. Fyrste introdel tok utgangspunkt i “kjærleik generelt”, og var retta mot informanten si eiga oppfatning av romantisk kjærleik. Del to var retta mot samfunnsperspektivet, som blant anna ekteskap, verdsette tradisjonar og kontekst. Del tre tok utgangspunkt i populærelement og sosiale medium, og korleis desse prega synet på romantisk kjærleik. Om eg følte at eg sakna noko, hadde eg fem- seks spørsmål som eg kunne ta i bruk. Intervjuforma var semistrukturert og eg følgde den slavisk, men var også fleksibel. Eg gjorde unntak om eg følte at spørsmåla allereie var besvart. Det er også nokre spørsmål som var meir sentrale å fokusere på i Kambodsja, som til dømes tradisjonar og normer som eg ikkje kjenner til, men som eg kjenner til ved den norske konteksten.

Eg følgde også opp med oppfølgingsspørsmål for å bekrefte usikre moment, eller andre sentrale element som blei nemnt.

Transkribering

«Transcription is a time-consuming business, and this must be allowed for in planning research. There are no hard-and-fast rules..» (Hammersley og Atkinson 2007:149).

Å transkribere intervju med varierande engelsk, uttale og bakgrunnsstøy, byr på sine utfordringar. Mange av studentane hadde god engelsk, men ein del hadde forskjellig type uttaling av ord som blir delvis svelgt halvvegs. Dei uttale til dømes ikkje «s» på slutten av ord, så ord som rice/nice kan gjerne uttalast «rai/nai». Utfordringar har bestått av å forstå kva for ord som har blitt brukt, og kva poeng vedkommande skulle fram til. Transkribering av dei kambodsjanske intervjua har likevel gått relativt fort, fordi dei har få ord i kvar setning. I alt satt eg igjen med 100 sider med transkribering. Eg har prøvd å behalde måten informantane har sagt og ordlagt seg, men har måtte korrigert og endra nokre av sitata.

Analysen

Etnografisk analyse handlar om forskaren si fortolking av dataene, og desse fortolkingane er avhengig av forskar si tolking. Det føregår ein dobbel hermeneutikk, der menneske fortolke sin røyndom, og at forskaren si utfordring er å fortolke denne allereie fortolka røyndommen (Fangen 2015). Etnografi er ein ustrukturert måte å analysere data på, og forskingsprosjektet sin konklusjon ligg i desse fortolkingane som forskaren sjølv gjere. Det er ikkje dataene i seg sjølve som generer ein konklusjon, men forskaren sine eigne fortolking av dataene (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:180).

Eg har valt ein temabasert analyse for oppgåva mi, fordi eg ynskjer å samanlikne informasjonen dei ulike informantane har rundt spørsmåla mine (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004). Eg har jobba induktiv, som betyr at eg har avleda teori frå empiri (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:345). Eg byrja med å skaffe ei oversikt over materialet, for deretter å kode materiale inn i ulike temaa. Dette resulterte i fire delkapittel som omhandla «kjærleik som sosial konstruksjon», «fantasiverda sin røyndom», «valsamfunnet si forbanning» og «bruk og kast-mentalitet». Deretter brukte eg desse delkapitela som utgangspunkt for ein teoretisk informert analyse. Deretter plasserte eg ut teorien under kvart poeng eg synst var relevant å drøfte. Eit god førearbeid gjorde at analysen gjekk meir effektivt. Ei slik tematisering hjelpe til med å skape ein relasjon mellom den forståinga ein hadde på førekant og forståinga ein sit igjen med av materialet, men også det forståinga ein skape ved å kategorisere i ulike kategoriar (Fangen 2015).

Intervjua gjennomført i Noreg - samanlikningsgrunnlaget

Våren 2020 gjennomførte eg seks intervju i Noreg, med tre jenter og tre gutter. På bakgrunn av tid og kjennskap til den norske kulturen, gjorde eg ikkje same type feltarbeid som eg gjorde i Kambodsja. Oppgåva har også tyngde på den kambodsjanske ungdommen.

Dei norske informantane blei rekruttert gjennom snøballmetoden. Eg tok kontakt med venner og bekjente, og spurde om dei hadde ein i kollektivet som kunne tenke seg å stille til intervju. Det var ikkje utfordrande å få nok informantar til prosjektet. Intervjua har føregått på kafé og i grupperom, alt etter ynskje frå informant. Tidsmessig blei intervjua på same lengde som med dei kambodsjanske, men erfarte etter transkriberinga at norske ungdommar prata fortare, og fekk sagt fleire ord. Det er også lettare for dei norske å uttrykke seg om tema kjærleik på sitt eige språk.

Intervjua blei også meir strukturerte, fordi informantane tolka spørsmåla meir som mitt eige syn. Dermed trengte eg sjeldan oppfølgingsspørsmål, utanom av nysgjerrigkeit på andre sentrale moment som kom fram.

Informantane

I det følgande kjem presentasjonen av mine åtte informantar frå Kambodsja og seks frå Noreg. Namn og alder er fiktivt for å oppretthalde anonymiteten til informantane.

Sina er 23 år og ho tar fjerde året sitt på PUC. Ho kjem frå provinsen, og flytta til Phnom Penh då ho byrja å studere. Singel, men har flørt med ein gut dei siste månadane som irritere ho i massevis.

Lina er 21 år og ho tar andre året sitt på PUC. Lina anser seg sjølv som ei jente med lite erfaring på kjærleksfeltet, men lærer av å studere forholdet til bestevenninna. Ho er klar i sine meningar og deler mange gode refleksjonar.

Seng er 24 år og ho tar tredje året sitt på PUC. Seng har aldri hatt kjærast, men ho draumar om ein mann som har same verdiar som henne.

Seihna er 22 år og ho tar tredje året sitt på The Royal University of Phnom Penh. Seihna har trua på ein simpel kjærleik som oppskrift på eit lukkeleg liv.

Niko er 24 år og han studere ved The Royal University of Phnom Penh. Han er homofil og er svært engasjert på kjærleksfeltet. Det er dessverre framleis ei rekke utfordringar å vere homofil i Kambodsja.

Srean er 23 år. Han studere medisin ved medisinfakultetet i Phnom Penh. Srean er ein svært dedikert og travel gut, og kjærleiken får vente. Han er frå provinsen.

Leng er 22 år og studerer ved PUC. Leng er audmjuk, og er opptatt av å finne ein trufast partner som kan vere ein hjelpar gjennom livet.

Toam er 21 år og er skodespelar. Han har tatt eit par friår frå studiet for å prøve å satse innan film- og musikkbransjen. Toam har ikkje tid til å prioritere kjærleik no, og skal fyrst gjennomføre draumane sine. Eg har valt å ha med Toam som informant, fordi han også kan bidra med perspektiv frå innsida av film- og musikkbransjen i Kambodsja.

I tillegg gjorde eg intervju med ein professor i etikk.

Bunleng er 45 år og professor i etikk. Bunleng har vore professor i mange år, og har mykje fokus på kvardagslege tema som sex og ekteskap i undervisningstimane sine. Han er opptatt av å skape gode diskusjonar blant studentane. Han er i noko grad uroa for ungdommen si utvikling i landet.

Informantane i Noreg

Jens er 25 år, og han studerer ved universitet i Agder. Jens kjem frå austlandet. Han er singel, og har litt blanda kjensler til dagens kjærleik, spesielt at det stadig føregår meir ved hjelp av teknologi.

Geir er 23 år, og studerer på UiA. Geir har kjærast, noko som er ei støtte i kvardagen. Han er opptatt av at vi ikkje må gløyme å jobbe med kjærleiken som på lik linje med andre kvardagssyslar.

Kristian er 24 år gamal og held på med masteren sin på UiA. Kristian elskar romantiske drama, men han tykkjer det er synd at det ikkje er som på film alltid. Det å stå med ein høgtalar midt på natta, framfor jenta sitt rom, er ikkje like kult å gjere i røyndommen.

Trine er 19 år og går fyrst året sitt på UiA. Trine er singel og trivast godt med det. Men ho har tankar om kva kjærleik ho søker i framtida.

Elise er 20 år og held på med sitt fyrste år på UiA. Elise er i forhold, noko som er utruleg flott tykkjer ho. Ho hadde alltid sett for seg eit liv der karriere skulle vere i fokus, men no har ho heller draumar som inneheld å køyre til og frå fotballtrening for ungane.

Marie er 24 år og går andre året sitt på UiA. Marie er i eit forhold, noko ho har vore dei fire siste åra. Ho elskar film og musikk, og trur det legg mykje av føringane for korleis unge ser kjærleik.

STUDIET SIN KVALITET

Samfunnsvitskapeleg fenomen er komplekse, og det umogeleg å ha fullstendig oversikt over røyndommen (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:42). To forskjellige forskrarar kan komme fram til ulike konklusjonar på same samfunnsfenomen, og det er prosessen og forskaren sine eigne val og vurderingar som er det avgjerande for forskningsresultat. I denne passasjen skal vi sjå på vurderingane som er blitt gjort og som har spela inn for at eg sit igjen med det resultatet som eg gjer. Eg har valt å bruke truverdigheit, bekrefting og overførbarheit for å gjere ei vurdering av kvaliteten på min studie.

Utfordringar knytt til etnografisk arbeid

Å møte ein ukjent kultur, betyr omstilling i språk, normer og forventingar. Oppfører dei seg annleis enn dei vanlegvis gjer? Prøver dei å lage ein perfekt illusjon av sitt eige liv? Slike spørsmål er vanskeleg å gje eit svar på. På mange måtar følte eg ei tiltru og at dei tok meg meir som ein ven enn ein forskar uti feltoppaldet. Utover i opphaldet følte eg på mange måtar at eg heller var ein utanforståande «livsguide» som dei delte sine kvardagsproblem med. Fleire av informantane var utsett for enorme mengder stress og forventingar, og eg trur

dei følte det godt å kunne dele det med ein total framand. Å snakke om problem og kjensler er framleis eit tabubelagt tema i Kambodsja, og det er dei siste åra dette temaet er byrja å komme på dagsorden. Dette gjorde det nok enklare å dele tankar og kjensler med meg, derav det er meir normalisert i vesten.

Dei var også veldig ærlege om korleis situasjonen i landet deira var. Utruleg stolte av sitt opphav og av landet sitt, men dei var også bevisste på at dei var den kommande generasjonen til å ta tak problema landet stod ovanfor og få røyst landet ut av fattigdom. Dei oppdatere meg stadig om situasjonen i politikken og ting dei var usamde med.

Eit felt som er eit ømt tema for ungdommane, er hushaldet deira. Dei aller fleste av ungdommane eg møtte, var sjenerete og flaue over busituasjonen sin. Om temaet om å vere med dei heim kom opp, unngjekk dei det, og prøvde å komme med unnskyldninga for å ikkje ta meg med heim. Eg trur dei har ei oppfatning om kor flotte heimar vi har i Europa, og dei er redde for å syne meg korleis deira standard er. Det kom fram ved fleire anledningar at fleire av studentane levde på stramt budsjett, der dei gjerne også sendte pengar heim til familien om dei hadde ein deltidssjobb.

Truverdigheit

Gjennomførast forskinga på ein truverdig og tillitsvekkande måte? I kvalitativ metode er det sentralt å stille spørsmål ved truverdigheita til forskinga. For å sjå på truverdigheita til funna, må ein ta for seg framgangsmåten for val av teori og metode, korleis gjennomføringa av intervjua blei gjort og til slutt analysen av resultata som kom fram. Forskaren sin openheit og refleksjon rundt intervjuasjoner er viktig (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:195).

Kven er ungdommane og korleis fant eg dei

Ungdommane i Kambodsja kom eg i kontakt med gjennom felles kjente, sosiale medium og Tinder eller gjennom sosial hendingar der eg kom i kontakt med lokal ungdom. Målet var at informantane sjølv skulle vise interesse for å delta i studiet, slik at eg slapp å spør direkte. Eg fortalte om temaet, og lot dei «ynskje» å få vere med i prosjektet. Å snakke om kjærleik kan ved fyrste tanke virke skremmande. Utanom krava om å vere student og i ein alder mellom 19 og 25, er informantane veldig tilfeldig valt. At eg hadde ein viss tilknyting til PUC gjorde at det var lettare å komme i kontakt med studentar derifrå. At universitetet i tillegg var engelskspråkleg med ein god del vestleg innflytelse, gjorde at dette kan påverke

truverdigheita i noko grad. I ettertid har eg prøvd å plukke ut intervju som dekke breiast mogeleg, og ikkje kun frå eit universitet.

Ved å skaffe informantar frå Tinder, gjorde at eg nådde ut breiare. Og fekk informantar frå andre universitet enn PUC. Eg hadde alltid ein dialog på appen i førekant, for å vite meir om vedkommande og fortelje om prosjektet. Mange av dei gutane som var studentar hadde det i tekstfeltet på appen, dermed var det lettare å komme i kontakt med dei som var relevante for prosjektet.

Kva var temaet

Ungdommane fekk oppgitt i førekant at temaet var romantisk kjærleik. Det var eit gjentakande spørsmål i retur om ein trengde erfaring på feltet. Eg valde å ikkje gje spesifikk informasjon i førekant, slik at eg fekk deira beinveges reaksjon og tankar på spørsmåla mine. Utanom mine to nøkkelinformantar som var kjende med temaet frå før. Intervjuguiden var lik for alle, men eg hadde også nokre reservespørsmål om eg følte eg sakna noko. Frå dei plukka eg ulikt alt etter kor eg følte eg mangla informasjon.

Intervjua

Intervjua blei utført på forskjellige stader, frå eit klasserom til ein kafé. Eg prøvde å finne stader der informantane følte seg trygge, og kunne prate uforstyrra. Lengda på intervjeta varierte, og nokre var meir opne og reflekterte rundt tema enn andre. Dei fleste intervju flaut relativt lett og med ein humoristisk tone.

Bekreftelse

Bekreftelse dreier seg om analysen sin kvalitet. Vegen frå innsamla materiale til analysen seier kor gyldig og legitim sluttresultatet av forskinga blir (Ryen 2002:180). Det er viktig som forskar å halde seg kritisk til dei tolkingane som blir gjort gjennom prosjektet, og vere observant på si rolle. Ein forskar som kjem inn i eit nytt miljø som utanforståande, vil ha andre tolkingar enn ein som allereie er godt kjent ved miljøet (Ryen 2002:181). Vi skal i det kommande sjå på fortolkingsprosessen og vala som er blitt gjort gjennom prosessen frå innsamla materiale til analyse.

Frå intervju til analyse

Gjennom å intervju informantar om deira oppleving av kjærleik, får eg deira tankar og tolking av temaet. Korleis tolkar eg dette vidare i ein analyse? Og kva for forståing har eg sjølv til feltet?

Alle intervju blei tatt opp og transkribert. Intervjua blei transkribert ordrett slikt informantane prata. Overgangen mellom munnleg tale til skriven tekst gjer at ein misse det kjenslemessige aspektet rundt og omgjevnadane. Mykje informasjon går tapt i denne prosessen. Det er den skriftelege teksten som blir analysert og som danne mitt grunnlag for fortolkinga. Gjennom eiga fortolking, som er neste ledd, blir teksten endå «fattigare». Teksten vi tar utgangspunkt i, er ein slags kunstig konstruksjon.

Å gjenfortelje ein framand person sitt liv

«... Mye av informasjonen om den sosiale virkeligheten i seg selv er meningsbærende, det vil si at mennesker som studeres, selv har en oppfatning(fortolkning) av denne virkeligheten» (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:41).

Romantisk kjærleik sit djupt forankra i eit menneske. Det er personleg, og det er i utgangspunktet utfordrande å setje ord på. Eit kvart menneske har si sannheit om romantisk kjærleik og denne type kjensla kan eigentleg ikkje vitskapeleggjera eller analyserast. Sosiologifaget si oppgåve er å ta for seg mennesket si talte historie, og prøve å forstå korleis denne potensielt sett kan vere gjeldande for ei større gruppe menneske. Det er ein dobbel hermeneutikk, der eg sjølv tolkar ein allereie fortolka presentasjon av røyndommen. Informanten har allereie si tolking av den romantisk kjærleiken som er personleg og eigen. Å attgje dette som forskar, er ei stor utfordring.

Val av data

Eg som forskar har sjølv kategorisert dataene og plukka ut dei momenta eg ville sjå vidare på i analysen. Ein forskar er ein selektiv utveljande aktør, og dei dataene som er valt ut, er sjeldan nøytralt valt (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:41) .

Eg har plukka ut mine data på bakgrunn av problemstillinga eg har valt for oppgåva.

Problemstillinga prøver ikkje å søke ein fasit, men søker refleksjon rundt eit tema. Dette gjer at eg ikkje strategisk har valt ut data som eg veit talar for eller imot feltet, men data som best mogeleg gjengjev det biletet eg har laga med av mine funn. Hadde eg valt andre underproblemstillingar, kunne eg fokusert på andre material i datamaterialet mitt.

Overførbarheit

Ein har som mål i sosiologisk analyse å røre ved noko allmenngyldig, og med omgrepet overførbarheit ser ein på om vår undersøking kan gjelde i andre samanhengar (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004). Ved kvantitativ metode har man som hensikt å kunne potensielt generalisere sine funn på bakgrunn av eit representativt utval. I kvalitativ metode er det å generalisere sjeldan eit mål med studiet, men heller eit forsøk på forståing og fortolking av sine analyser.

Å forske på kjærleik er ei utfordring i seg sjølv. Kjærleik er for dei aller fleste noko unikt og personleg, og ein kvar forskar vil tilnærma seg feltet ulikt. At eg ser på feltet som ein sosial konstruksjon vil for nokon vere feil. Eg meiner at nokre av funna mine til ein viss grad kan syne nokre sentrale trekk ved kulturen, men kjensla romantisk kjærleik er for individualistisk og unik til at eg kan dra nokre slutningar. Trekka eg kan sjå dreie seg i større grad om ei felles forståing av tidspoka ungdommane lev i, og dei påverknadane og innflytelsane dei tar til seg. Intervjuet til kvar enkel informant lar seg prege av den tidsepoken og samfunnet dei er ein del av. Det syner også forskjellane mellom korleis to ulike kulturane tilnærma seg feltet kjærleik.

Eitiske refleksjonar

Kvalitativ forsking røre ved enkeltmenneske og relasjonar mellom menneske. Etikk handlar først og fremst om kva som er rett og gale å gjere mot eit menneske, og som forskar kan du komme i situasjonar der du må ta desse vurderingane. Kor langt er ein villig til å gå for å finne ut nøyaktig den forskinga ein er på jakt etter? Og kvar går grensa for tilgjenge i eit menneske sitt liv? Vi har fleire skrekkdøme på forsking som har overskrida etiske grensar, som blant anna det klassiske døme med Stanley Milgrams-eksperimentet frå 1974 (Johannessen, Tufte & Kristoffersen 2004:88). I det kommande avsnittet skal eg ta føre meg mine etiske vurderingar i høve mitt felter arbeidet, og tankar eg gjorde meg.

Forskarolla

Kvalitativ forsking byr på ein nærleik som er spennande og intens, skriv Aksel Tjora (Tjora 2017:15). På same tid dukkar det opp mange etiske dilemma og spørsmål som forskar i felt. Det kommande avsnittet skal ta føre seg ulike etiske vurderingar som blei gjort i forskarolla.

Dei kambodsjanske informantane møtte meg som ei høg, kvit og europeisk jente. I Anne Ryen sitt kapittel om det tverkulturelle intervjuet, fortel ho om relasjonen som kan oppstår mellom ein forskar og informant i ein tverkulturell relasjon (Ryen 2002:230). Ho refererer til Kanter sitt moment om det å kunne forstå den daglege kommunikasjonen mellom to personar som tilhøyrar kvar sin kategori, må ein sjå på den historiske konteksten mellom kategoriane. Det «Å vere kvit i Asia» er å bli tilordna ein bestemt status i mange tilfelle. Dette kjem av arv frå kolonitida, bistandsarbeid og donoraktivitet frå internasjonale organisasjonar som har vore med å skape eit bilet av dei vestlege si rolle. Som Ryen nemner, det at ein forskar ofte kjem tilfeltet i bil med sjåfør, er noko som bidrar til å oppretthalde inntrykket. Korleis møtte dei kambodsjanske informantar meg? Det er vanskeleg å gje eit konkret svar på, og mest truleg hadde informantane ein fordom i førekant. Den rolla endra seg nok ut i opphaldet, etter kvart som dei innsåg at vi var likare enn forventa.

Målgruppa mi i forskingsprosjektet var ungdom i alder 19 til 25 år. Med andre ord, jamaldra med meg sjølv. Dette er ein faktor som spelar inn på min posisjon som forskar. Aksel Tjora skriv at synspunkt og enkelte type erfaringar kan bli teke for gitt, om intervjuar og informant har same kjønn, alder eller livssituasjon (Tjora 2017:119) . Korleis oppfatta informantane meg som forskar? Blant informantane mine i Noreg opplevde eg dette som ein styrke. Det var mykje lettare å få til eit intervju som ein dialog, og informantane snakka til meg som om dei forventa at eg visste kva dei prata om. Og at eg kunne relatere meg til det. På den andre sida kan ein i nokre tilfelle risikere at eg som forskar til dels «putta orda i munnen» på dei, dersom dei forventar at eg skal bidra i dialogen når vi har ein form for diskusjon. Dette var moment eg hadde i bakhovudet før eg gjekk inn i intervjustituasjonen.

Eg hadde noko blanda erfaringar med å intervju gutar. Som regel opplevde eg tiltru, og at dei var komfortable rundt meg. Dette igjen kan komme av min posisjon som jamaldra, og at vi er på same stadium i livet. Eit moment eg beit meg merke i ved nokre av gutane, var ei slags rolle dei tredde inn i. Ei rolle som om dei skulle tøffe seg. Det er vanskeleg å vurdere om det var ei klassisk guteoppførsel eller om det var fordi eg var jamaldra jente. Dette gjaldt i større

grad gutar i Kambodsja. Andre gutar opplevde eg heilt motsett igjen; at dei tykte det var triveleg å snakke om kjærleik med meg.

Informert samtykke og anonymitet

Alle informantane har lese gjennom og skreiv under samtykkjeerklæring. Dette dokumentet informerte om kva prosjektet dreia seg om, rettigheter og kvifor vedkommande var i målgruppa.

Alle informantane er anonymisert og deira originale namn er bytta ut med tilfeldig valte namn. Eg har også valt å ikkje informere kva for klasse dei går i, men fagbakgrunn sidan alle er studentar.

Alle intervju blei tatt opp på bandopptakar, men dette var også valfritt. Alle intervju blir sletta i etterkant av prosjektslutt.

Prosjektet blei meldt og godkjent av NSD.

5

Kva tyding har kjærleik for kambodsjansk ungdom?

Analysen har blitt delt inn i fire temaa som tar for seg kvart sitt underspørsmål. Desse underspørsmåla er, i rekkefølge som dei blir presentert i analysen:

Korleis opplevast tydinga av romantisk kjærleik for ungdom?

Korleis påverka globaliseringa opplevinga av romantisk kjærleik?

Kva tyding har normer og verdiar for romantisk kjærleik på tvers av generasjonane?

Kva er likskapane og skilnadane mellom gutter og jenter sitt syn på romantisk kjærleik?

Desse fire underspørsmåla er valt ut for å belyse problemstillinga. Kvart tema gjer først ei analyse av kambodsjansk ungdom, for deretter å ta for seg den norske ungdommen, og med ei oppsummering til slutt. Hovudfunna vil bli presentert heilt til slutt i kapittelet etter alle temaa er presentert.

Informantane som er representert i analysen, er nemnde i metodekapittelet. Det er fire gutter og fire jenter fra Kambodsja, og tre jenter og tre gutter fra Noreg.

Kjærleik som ein sosial konstruksjon

25.11.19. Phnom Penh.

Dagens intervju var morosamt. Det var med to gutter fra PUC, eit lite gruppeintervju. Han eine var ein drøymande, roleg og audmjuk type. Gut nummer to var sjølvsikker, tøff og realist, og han trengde ikkje meir kjærleik i livet. Haldt med dei forholda han hadde hatt, meir enn nok. Kjærleik fekk han uansett frå familien og vene. Den rolege, drøymande guten fortalte om sitt perfekte kjærleiksforhold med lengsel i auga. Korleis eit forhold basert på tillit, respekt og dele felles interesser skulle bli hans framtidige giftemål. Medan han ordla seg med store ord, sit gut nummer to med halvspydige kommentarar i bakgrunnen. Eg trur det var i forsøk på å vere morosam. Og sikkert litt kul. Men det kunne ikkje brydd drøymaren. For han var klar i sine meininger. Hans svar på kva meininga med kjærleik var;

«It's like a bird, that we have two wings. And it represents a boy and a girl. One wing each. If we lose one wing, the bird cannot fly. We have to support each other, we cannot live alone. That's love.»

Utdrag frå feltdagbok.

Også for sosiologar, er det viktig å frå fram at kjærleik er noko individuelt, unikt for kvar enkelt og noko personleg, påpeikar Marit Haldar (1997:156). Utdraget ovanfor syner at kambodsjansk ungdom opplever den romantisk kjærleiken forskjellig, og kvar enkelt hadde sin definisjon av kva kjærleik betyr for ein. Medan Toam, drøymaren, har laga sitt perfekte bilet av kva kjærleik er og skal bli for han, er Srean ein smule meir skeptisk, som resultat av det han allereie har opplevd. Dette delkapittelet tar utgangspunkt i underspørsmålet: «Korleis opplevast tydinga av romantisk kjærleik for ungdom?»

Felles for dei kambodsjanske informantane, er at dei ser på romantisk kjærleik som noko vakkert. Ei kjensle som både byr på glede og lukke, men også ei kjensle så sterk motsett veg, kjensla av smerte. Det dei forbinde som ulukkeleg eller tapt kjærleik. Den romantiske kjærleiken, ifølgje Tove Thagaard, har kjenslene i sentrum. Det er kjenslene som er avgjerande for vala ein tar, og ikkje fornufta. Desse kjenslene er individuelle, og det er opp til kvart enkelt individ korleis dei vel å føle, og plassere seg i forhold til sine eigne kjensler (Thagaard 2005:16).

Både Seng og Toam beskriv kjærleik som ei kjensla, som i utgangspunktet er skapt for å vere fin.

«First of all, love is an emotion.» (Seng)

«To me, love is kind of an emotional feeling. So far, living on this planet for 22 years, I couldn't find the word love. Sometimes, love is about how you feel between two people. It's also pain. Hurt. But I think the word love for me, is sharing good and bad experience with people around you. Sharing and caring and yeah, with other people, sharing your feelings, also with other people around you, not just only your partner. Sharing and caring.» (Toam)

Srean og Sina ser på kjærleik som ein relasjon mellom to menneske. Ifølgje Alberoni er kjærleik basert på ulike typar av relasjonar (Alberoni 1997:13). Kjenslemessige band er prega av den relasjonen dei er ein del av. I forelskingsfasa gjev partane slepp på individuelle behov for å saman utvikle og vekse til ei eining.

Som Sina fortel:

«Actually, most of the time I think that love is so beautiful. Yeah, of course. Because everyone needs a partner. Actually, in Cambodia we mostly feel stressed, but when we have a partner, we feel something that motivates us.»

Dei ser på kjærleik som ein sentral del av livet, og alle informantane er einige om at kjærleik er viktig. Sina meine dei unge bør bli flinkare til å bruke kjærleiken mot den stressande kvardagen. Ein kjærast kan redusere stress og vere ein samtalepartner. Det same nemne Leng. At kjærasten skal vere ein slags rådgjevar i livet, men samtidig ein besteven.

«For me, I think that love is important. If you use it in a right way. A partner can correct us to do something. An adviser. Our best friend. Our family.» (Leng)

Niko fortel:

«It's very important, but I mean love can make you happy, love can set your goals, love can make us hold on to someone, but honestly, it's not the most important, but one of them. You have to be able to survive by yourself.»

Det er ikkje sosiologien si oppgåve å gje eit svar på kva romantisk kjærleik *er*. Sosiologien si oppgåve er å forstå korleis romantisk kjærleik eksisterer og utviklast i ein kontekst, og at ein best forstår romantisk kjærleik i kulturen og tida den opererer i, som ein sosial konstruksjon. For å forstå haldningane og verdiane til kambodsjansk ungdom, må vi sjå på den kambodsjanske konteksten. Den tida og epoken informantane har vekse opp i, er sentral for korleis ungdommen opplever romantisk kjærleik. Vi skal i det følgande sjå på eit sentralt moment som går att i intervjuet hos informantane, og som heng saman med spørsmålet om korleis unge kambodsjanarar plasserer romantisk kjærleik saman med det å vere student. Dialog mellom meg og Sina:

«No, more like, if you compare everything in your life, like building a career, shopping, like everything you like to do, how important is love?» (Meg)

«Eehh, I think maybe studies.» (Sina)

«Is more important than love?» (Meg)

*she laughs.

«You think?» (Meg)

«Yeah. Actually, now, I always think like that.» (Sina)

«Ahh.» (meg)

«Studies are more important than other things. But when love comes one day, studies and love can go along together.» (Sina)

«Ah, okay, so if I ask you this question in five years, do you think you will give me the same answer, that studies are more important than love?» (Meg)

«I don't think so.»*laughing (Sina)

«So, you really want to do something big. Be something great.» (Meg)

«Yeah, of course. I want to do something great - to make my own growth. But when love comes, we need to spend some time with love. Actually. But we cannot leave our studies behind, because sometimes, love is love. Love is like, we can find it next time. But studies, we cannot take studies again and again. Because it's a waste of time for us.» (Sina)

«Yeah, true.» (Meg)

Utifrå denne dialogen, kan det sjå ut som Sina står mellom hovudet og hjartet. Fleire av informantane drøymar om kjærleik, men draumen om karriere og sjølvrealisering står høgare i ungdomsåra. Dei er opptatt av å kunne forsørge seg sjølv, og kunne etablere seg på eiga hand før dei sleppe den romantiske kjærleiken inn. Sina ser på det som ulike prioriteringar, der karriere er den fyrste prioritering som student.

Som Leng seier:

«I want to follow my dreams first, because if you don't have money or a job - you cannot have a relationship. Money is important also.»

Same fortel Toam:

«It's too early. Follow my dreams first. It's my priority. »

Romantisk kjærleik er ikkje i like stor grad ein del av desse draumane, som draumane om karriere og sjølvrealisering.

Ungdommane veks opp i eit generasjonsskifte der dei får høyre frå professorar og foreldre at dei er den kommande generasjonen til å gjere endringar i landet (Baudinet 2018:3).

Generasjonsskiftet Kambodsja opplever er ei endring i samfunnstrukturane, brotet mellom det tradisjonelle og det moderne samfunn. Eit samfunn som går meir over til å handle om dei individualistiske vala og sjølvrealisering; det seinmoderne samfunn (Aakvaag 2008:272). Den plutselige globaliseringa som landet opplevde har vore med å hjelpe landet inn på den internasjonale marknaden, samt teknologien sin ringverknad. Det å kunne ta utdanning, er ifølgje sosiologen Ulrich Beck, eit bidrag til auka individualisering (Øia 1996). Ungdom som stille spørsmål ved dei tradisjonelle normene, får ta utdanning, kan flytte heimanfrå, få eigen jobb, danne nettverk og ein teknologi med uendeleg tilgang, er sentrale trekk i overgangen mellom det tradisjonelle og moderne samfunn. Kvar enkelt skape sitt eige liv kor tradisjonane har mindre betydning (Thagaard 2005:16). Dette generasjonsskifte prega konteksten ungdommane veks opp i. Informantane ser romantisk kjærleik i samhøve med det seinmoderne samfunnet, kjærleik som dei står friare til å velje sjølv.

Dette bidrar til at ungdommen har mogelegheit til å prioritere eigen ynskjer og behov, noko som gjer at sjølvrealisering blir verdsett.

Det dagens studentungdom i Kambodsja opplever er ei form for kulturell frisetjing (Ziehe 1983). Dei tradisjonelle normene og verdiane har fått mindre tyding, institusjonane som skule og familie har missa si kraft, og ungdommane står friare til å velje sin eigen identitet. Populærelement og sosiale medium bidrar til kunnskap om livet som voksen, og gjev dei unge «oppskrifter» på korleis livet skal vere. Denne oppskrifta kan på mange måtar skape «ein ferdigmodell» over kjærleiksperspektivet også (Ziehe 1993:39). Dette kjem eg tilbake til i neste underspørsmål som omhandlar globaliseringa sin innflytelse. Som ein konsekvens av eit friare samfunn, har dei unge eit større ansvar for å utvikle sitt refleksive sjølv. Giddens fortel at mennesket er sjølv ansvarleg for å utarbeide sitt eige sjølvstendige sinn, og ved å innhente vår viten, formar ein sitt eige liv (Giddens 1994:22). Dette skal skje samstundes som alle dei andre momenta ein må ta stilling til som menneske. Ziehe nyttar tre omgrep som skildrar fasen dei unge opplever; refleksivitet, formbarhet og individualisring (Ziehe 1989:12).

Kambodsjansk ungdom får mogelegheit til skape sin «perfekte» identitet, dei kan forme si eiga framtid, og er i mykje større grad sjølvstendige individ.

Informantane vil utrette noko, hjelpe landet og skape karriere. På spørsmålet om dei vil gifte seg, er informantane raske med å svare at: “not yet.”

Som Seihna fortel:

«So actually, for me, I want to enjoy life, with my boyfriend. We can do something meaningful and enjoy those things together. That's love. It doesn't mean you need to get married. It is still love. It's can get a pressure, if we get married. And one day we cannot live together anymore, and it's hard to get divorced, because we are already married. But if we don't, and if we are not happy together, we can leave each other. Choose someone else. Just like that. Easier. And we have a lot of things to do in life. Holding on to something.»

Det gjennomgåande svaret hos informantane er at dei kanskje vil gifte seg ein gong i framtida. Dei er veldig opptatt av å påpeike at andre oppnåingar kjem før eit eventuelt giftemål. Beck & Beck-Gernsheim viser til eit kjærleiksliv som ikkje har tid til å bli oppretthaldt på bakgrunn av eiga sjølvrealisering, og dette hadde mange av dei unge følt på om dei hadde inngått eit forhold no (Beck & Gernsheim 1995). Som svaret til Seihna syner ovanfor, tør ungdommen å bryte med det tradisjonelle. Dei lar seg inspirere og påverke av verda utanfor, noko eg kjem tilbake til i neste analysedel om ungdom og globalisering.

Som Seng fortel:

«Because, for the culture in Cambodia, in the past, it was normal to marry at a young age. It's better these days, because more and more take a higher education. Can study and make their own choices. Before, it was not as free as now. But there is still a lot of arranged marriages in the rural areas.»

Dei bryt både med dei tradisjonelle normene, men også den velkjente oppskrifta på korleis kvinner skal oppføre seg – Chbap Srei. Informantane fortalte meg at det framleis er arrangert ekteskap i landet, men det er meir utbreidd på bygda. Ungdommane har fått meir medråderett i valet om ein partner, og det er mindre tvang enn det var før. Marc Baudinet fortel at i Kambodsja har ekteskap blitt sett på som den einaste akseptable forma for forhold mellom to menneske i lang tid (2018:5). Dette har ungdomsgenerasjonen byrja å endre på.

«So, there is still arranged marriage?» (meg)

«Sometimes it could be positive and sometimes it could be bad. It depends on themselves. The parents are always choosing a good man. But it depends on the couple, if they can understand each other or not. Sometimes we can choose on our own. It also happens.» (Lina)

Arrangert ekteskap har alltid hatt ei sentral rolle blant Kambodsja sine tradisjonar og religiøse ritual. Informantane fortel meg at det forsett eksisterer, men definisjonen og normene for

korleis arrangert ekteskap skal utførast, har blitt utvida. Ungdomsgenerasjonen er med på å setje sine normer for korleis dei vil balansere allereie eksisterande tradisjonar, med deira behov for fridom og sjølvrealisering. Vi skal vidare ta for oss det komparative aspektet, norsk ungdom.

Tyding av romantisk kjærleik hos dei norske informantane

På lik linje med den kambodsjanske ungdommen, blir kjærleiken oppfatta som noko individuelt og vakker hos dei norske ungdommane. Dei fortel også om ein kjensle som er meint for å vere vakker, men kan også på same tid vere brutal og smertefullt.

Jens fortel:

«Eg tenker på det som noko fint, men noko som også kan vere anstrengande. Krevjande.»

For andre igjen, blir det sett på som ein relasjon mellom to menneske.

Kristian seier:

«Fyrste eg tenke på er bandet mellom to menneske. Kjensla av gjensidig kjærleik.»

Det er eit ord som skil dei norske informantane frå dei kambodsjanske i skildringa av romantisk kjærleik, og det er ordet lukke.

«Eg trur vi har fleire moglegheiter no til å finne lukka då, men samtidig er det litt med den prosessen vi har vore inne på og. Sjølv om vi har så mange mogelegheiter, så kan vi på mange måtar sjå oss litt blinde på dei også. At vi tar det for god fisk og berre, ja, no gjekk det ikkje med vedkommande. Då prøve vi heller ein ny ein på tinder. Og så blir det til at du nesten, på ein måte, tar det litt for gitt. Og så at du ikkje faktisk slås litt då. At du ikkje byr nok på deg sjølv. Tørr ikkje. Og så mykje av dette her kan vere ei viss form for underhaldning og - kjærleik. Tenke eg.» (Jens)

Tuva nemner også:

«Dei som jakte på den eine, veit jo ikkje heilt kven vedkommande er. Dei har jo berre eit sett med krav. Og kvifor dei har eit sett med krav, eg veit da søren. Men det er noko med å sjå føre seg kva lukke kan vere for ein. Eller kva kjærleik kan vere. Og den som ikkje er open for at kjærleik kan vere so mangt, det er dei som trur på at det finst den eine.»

Er lukke noko anna for kambodsjansk ungdom enn den norske? Eller er ikkje spørsmålet om lukke så viktig for kambodsjansk ungdom? Den norske ungdommen veks opp i eit utvikla

land der ein i mindre grad treng å uroe seg for om ein kan ta utdanning eller ha ein stabil økonomi. Informantane eg har intervjuet i Noreg, har vokse opp i det som ofte blir omtala som generasjon prestasjon. Ein generasjon der eit stort fleirtal har fått følt på mykje press i form av å alltid skulle ha gode karakterar og prestere, men også har denne generasjonen fått føle på det Thomas Ziehe omtalar som «oppskrifter på korleis ein skal leve livet». Ved å ha vokse opp under trygge rammer og oppfylte basisbehov, kan den norske ungdommen konsentrere seg om å skape det perfekte liv. Dette perfekte livet har for mange unge blitt det sosiale medium har definert det som. Før ein skal ta fatt på vaksenlivet, skal ein helst ha backpacka jorda rundt, jobba som frivillig på ein skule i Afrika, ha den perfekte kjærast og så vidare. Vi skal oppnå eit liv som dreier seg om ei vedvarande lukke, og ved å finne den perfekte kjærast, oppfyller dette eit av lukkekrava.

Som Jens fortel:

«Nei, alt frå sosiale media til korleis livet skal vere generelt. Livet skal berre gå fort unna då, og vi skal oppleve mykje og vi skal sei at vi har opplevd mykje. Eg tenke nesten kjærleik kan vere som ein jobb også tenke eg. At det dei seie om at vi unge skal hive oss etter kvar moglegheit til å kunne utfolde oss, oppleve noko nytt, kunne erfare meir. For å liksom bli tryggare i oss sjølv. Kvifor må vi bli so mykje tryggare i oss sjølv?»

Dette spørsmålet om lukke gjenspegle også måten mange ungdommene leitar etter ein partner. Dei er opptatte av å finne den perfekte partner i det «elles perfekte liv». Den mykje omtalte «generasjon prestasjon» har også fått merkelappen med å vere ein generasjon der psykiske lidingar er mykje utbreidd. Det har byrja å kome på dagsordenen dei siste åra i Kambodsja også, i relasjon med ein ny, stressande kvardag for studentane. Det har også kome gjennom sosiale medium, og spesielt gjennom Sør-Korea. Nokre av dei kambodsjanske informantane var innom tanken om at ein kjærast kunne hjelpe til med å redusere stress i kvardagen. Psykisk lidingar er blitt eit auka samfunnsproblem, noko som gjer at ungdom treng meir emosjonell støtte. Sosiolog Jan Frode Haugseth viser til korleis dagens norske ungdomsgruppe søker anerkjening og tryggleik i nære relasjoner (Haugseth 2020). Når kvardagen blir for stressande, søker ungdommen meir emosjonell støtte i foreldra.

Gjer ein det same med ein kjærast?

Trine fortel på spørsmålet om kva ho søker i eit framtidig forhold:

«Eg tenke tryggleik. At ein føle seg trygg, men samtidig er det så mange ting som påverke om ein føle seg trygg.»

Poenget til Haugseth om at ungdom treng emosjonell og sosial støtte frå nære relasjoner, kan gjenspegle eit ynskje om ein kjærast i studenttida. Kan ein kjærast ha same funksjon som foreldra, der kvardagen er fylt med stress?

Som Geir fortel:

«kjærleik er den kjensla inni deg som gjev ro og velbehag.»

Og For Elise, som har kjærast, fortel ho:

« ...derfor er kjærleik for meg også ei jamleg bekrefting på at eg er god nok...»

For dei unge som ikkje har kjærast endå, kan kjærleiken vere håpe og motivasjon.

Som Jens fortel:

«Man kan på ein måte førestille seg noko som ikkje er der, men eg trur også at det er like viktig den trua, og det at man kan verkeleg kan drøyme om noko. Sjølv om det ikkje ein realitet, so er det den tanken, og noko som kan drive deg og motivere deg. Og det at kjærleik inspirerer. Man kan på ein måte førestille seg noko som ikkje er der, men noko eg trur er like viktig.»

Oppsummering

Korleis opplevast tydinga av romantisk kjærleik for dei to kulturane? Fellestrekket for dei to informantgruppene er at kjærleik er viktig og blir rekna som noko vakkert. Kva for tyding romantisk kjærleik har i livsfasen som student, er basert på konteksten landet er kome i utviklingsmessig. Kambodsjansk ungdom er i ein brytningsfase mellom det tradisjonelle og det moderne samfunn, noko som gjenspegle dei individualistiske og sjølvrefleksive verdiane. Dei er på veg inn i det moderne samfunn, der utviklinga av sjølvstyrke står sentralt. Dette betyr at kambodsjansk ungdom lar romantisk kjærleik komme i andre rekke, medan å fylje draumane og oppnå karriere er fyrste prioriteten. Vestlege land har kome lenger i den seinmoderne utviklinga, og har over lengre tid hatt alle vilkår oppfylte for å kunne sjølvrealisere og skape det «perfekte» liv. Ved å vekse opp i eit utvikla samfunn, er det ikkje same bekymringar om pengar og utdanning. Dei har heller fokus på å skape det lukkelegelivet, og trygge rammer for framtida. Norsk ungdom har skifta retning mot å søke trygge og stabile rammer. Begge studentgruppene har til felles at dei opplever det Thomas Ziehe kallar kulturell frisetjing, men med forskjellige tilnærmingar og utgangspunkt. Vi skal i det følgande delkapittelet ta for oss

korleis ungdom adoptere «ferdige modellar» for livet si oppskrift. Ziehe omtalar dette som ein kulturell ekspropriasjon (Ziehe 1993:39).

Fantasiverda sin røyndom

21.11.19. Phnom Penh

Æææh, i dag var vi på kino for å sjå ein lokal film!! Frå Phnom Penh, og som handle om kjærleik! Det kunne ikkje treft betre! Eg fekk med meg Sina. Ho er alltid klarfor å vise meg eller lære meg Kambodsja. Fint å kunne få eit perspektiv på kva ein faktisk kunne dra parallelar til frå det verkelege ungdomslivet og ikkje. Sina var ivrig under filmen, så eg fekk litt jamleg oppdatering på kva om var typisk ung kjærleik i Kambodsja og ikkje. Ein skjønn film. Vi kjøpte oss ein pose med insekt etter filmen og sette oss ved Riverside. Sina synast filmen var ei fin gjenspegling av det reelle liv i Phnom Penh. Fniset ungdomsskulejenter, intern rivalisering og «kyssing er spennande». Ein klem og eit kyss hadde litt større betydning enn å hoppe rett i senga.

Sina synast hovudskodespelaren var veldig kjekk då. Eg fekk ein strålende ide; vi kunne jo sende han ei melding på Instagram og spør om eit intervju! Sina lo av meg, men skjønte deretter at eg var seriøs. Eg sendte han ei melding eg.

*Eg fekk svar på denne meldinga dagen etter, og han stilte til intervju! Eit par dagar etter at han vant pris. Det var eit stolt augeblick då eg fortalte dette til Sina.

Kor enn du bevege deg i Kambodsja, sit tuktuk-sjåførane tilbaketent på mobilen eller unge gutar på ein benk oppslukt i mobilskjermen. Eg blei tidleg fortalt då eg kom til Kambodsja at dei aller fleste kambodsjanarane har gått frå ingen mobil til smarttelefon. Ein slik overgang blei overveldande, og dermed blir det brukt mykje tid på sosiale medium og internett. Ein revolusjonerande, ny verden for så mange. Informantane mine kunne også bekrefte at dei brukte fleire timer om dagen til film, sosiale medium og musikk. Dette delkapittelet tar utgangspunkt i underspørsmålet: «Korleis påverkar globalisering opplevinga av romantisk kjærleik hos ungdom?». Vi skal i det følgande sjå på korleis dei kambodsjanske ungdommane har blitt påverka av den globale verden, korleis internett har blitt ein sentral del av dei unge sitt liv, og i kor stor grad det påverkar synet på kjærleik.

I førekant av innspeling av den nemnte filmen ovanfor, hadde det blitt gjort undersøking på kva typisk ungdomskjærleik var i Kambodsja. Hensikta var at ungdom kunne dra parallelar

til eigne opplevingar, og kunne kjenne seg att i filmen. Skodespelaren, som også dreiv med musikk på sida, fortalte at dei også gjorde det same med musikk.

«making music so the youth can see themself in the music. And from our own feelings. And a lot of youth can see them self in the text.» (Toam)

Den Sørkoreanske filmindustrien har dei siste åra vore den dominerande i sørøst Asia, og har byrja å entre Europa også (So 2020). Kambodsjansk filmindustri har fått kjenneteikn for å vere av lav standard. Toam fortel at landet har fått auga opp for ungdommen, og at dei er sterke konsumera av populærelement. Landet vil gjere eit forsøk på å satse meir på filmindustrien framover.

Informantane fekk spørsmål om kor mykje dei trudde populærelement påverka dei i løpet av oppveksten og kvardagen. Dei var samde om at dei blei utsett for mykje inspirasjon og idear over nettet. Jentene var spesielt opptatt av ein ting som påverka deira syn på kjærleik i kvardagen, og det var interessant for koreansk såpeseriar.

Seinha seier:

«I love the Korean guys. They are so serious. Like a real man! Yeah, handsome. And their love is so sweet. The Khmer- movies are also good, but the feelings they put into the movie is not so deep. The Korean actors, they know how to put their feelings into the movie, the watcher can feel that love and passion.»

Sina fortel også:

«They think that in the movie, every drama, every K-drama, every movie, at the end, always ends happy for them. So, they feel like they will end up happy together like that, but actually, it's not like that.»

Sørkoreansk film og musikk, K-pop, er det mest populære blant khmerungdom i desse dagar. På spørsmålet om dei hentar kunnskap om kjærleik frå seriane, fortel informantane at dei kan lære den perfekte kjærleiken gjennom film og serie.

Seinha fortel:

«Yes. I learn a lot. From Chinese drama for example. The meaning is equal to the way that they love each other, the way they sacrifice. Also, in the Chinese movies, they talk about love, for their duty, they work for the nation. So, I think this really means something. And one more thing, the way that they live their life so simple. And in touch with nature. Like, the couple that I see, so, they always talk about loving each other, and living in the province – something

that is simple. And living in a simple way. so, I learn from them. The way that they are. How they spend their life together.»

For Seinha, er det å leve simpelt ei «oppskrift» på romantisk kjærleik. Som nemnt i førre delkapittel er Ziehe opptatt av korleis ungdom tar til seg «ferdiglagda oppskrifter» frå populærelement og sosiale medium. Seinha har tatt denne oppskrifta ut av dei kinesiske filmane. Sina har også skapt seg dette biletet av den perfekte kjærleik.

«So, everyone has dreams. Including me. I think that no relationship can be perfect, but it can be around 80%. So, for me, I just imagine a man who likes to help the society, a man who helps poor people. I am a person who likes to help the society. So, I mean a man that works in an NGO, I think that a man like that is a kind person. Always open-minded. Like, helps other people. A man with a good characteristic. A man similar to me. That will be a good love for me. This is just an imagination for my future.» (Sina)

Som følge av å lausriving frå foreldra, og brotet med det tradisjonelle, lære ungdommen mykje frå sosiale medium og film. Dei lar seg inspirere av element dei ser på TV-skjermen, og nyttar seg av tilgangen dei har fått til den globale verda. Ungdommene har blitt frontfigurar i samfunnet for hente inspirasjon frå vestlege og utanlandske kanalar, og adopterer det inn i kambodsjansk kultur. Professoren i etikk, Bunleng, såg på denne utviklinga som urovekkande. Han såg på det som trist at ungdom heller hentar inspirasjon for livet gjennom medium, enn å oppleve denne erfaring på eiga hand. Han mistenkte at dette også kunne påverke den romantiske kjærleiken, fordi ungdom adoptere inspirasjon for korleis kjærleiken skulle vere, gjennom massemedium. Dei hadde nok underhaldning gjennom skjermen, og dette kan lage eit urealistisk biletet av korleis den romantisk kjærleik burde vere. Bunleng fortel:

«I think that's a struggle we have here among young folks, so when they build a relationship, it's just a relationship that is inspired by something that is initiated, created by other people.»

Sosialpsykolog Karen Dill Shackleford påpeikar at våre haldningar og oppfatningar endrast når vi beveger oss over i den oppdikta verda (2016:57). Vi søker meir samsvar med dei påstandane og oppfatningane som ein finn i historia. Vi stiller spørsmål ved vår oppfatning av den reelle verda, og byrja etter kvart ufrivillig å absorbere moment som er dramatisert i den fiktive verda. Etter kvart handlar vi som følgje av desse tankane og overtydingane. Det vi har

opplevd gjennom filmen eller serien, kan provosere fram ein reaksjon som ligg utanfor vår medvit. Dermed er populærelement sin fantasiverd med å former vår røyndom (Shackleford 2016:57).

Når det gjeld feltet musikk, brukar ungdommen den både til stemningsskaping og til inspirasjon.

Som Sina fortel:

«Yes. You feel like, when you listen to the music, sometimes it feels like, you have felt it before, and some music is also like related to situations like now. And when you feel like tired with that love, and you find the love- music, and then you listen and ooh, the music is really related to my real life like now. My real situation right now. So that's why music is so inspiring.»

Even Ruud har gjort forsking på korleis musikk kan vere med i identitetsskapings hos ungdom, og mange unge nyttar den i eiga personleg utvikling. Både kva for musikk dei identifisera seg med, men også korleis musikk har vore der gjennom oppveksten (Ruud 2013:73). Ungdom høyrer på musikk for å påverke kjenslene, og gjennom musikken kan dei regulere dei.

Som Sina fortel ovanfor:

«When you feel like tired with the love, and you find the love music, ooh, my life is like that now.»

Dette blir kalla emosjon- og kjensleregulering, og ungdom brukar musikken for å regulere, forsterke, eller få utløp for kjenslene. Sterke kjensler kan også bli attkjent frå oppveksten der ein fyrst opplevde den. Til dømes kjensla av sin fyrste kjærleik eller rusen av adrenalinkick. Då ein seinare i livet kjem over den same kjensla, kan ein få eit ekstra sterkt band til minne i ungdomsstida.

Gutane fortel om den same type kjensla av musikken si emosjon- og kjensleregulering.

Toam fortel:

«Music is emotional. So when you listen to romantic songs, you feel something. You listen to sad songs, you feel something. It affects me.»

Niko held fram med:

«Yes. well, it's, I don't know how my emotions work, but sometimes when I like a song or something, I get addicted, and if something is sad or happy, I will feel the same thing, and yeah, because sometimes I can get dreams from that. And it's also something that teaches me

or shows me about how life works, but I know that is unrealistic, but you have to learn from it, to see if it is real or not, or if it could be, like these Disney-movies, it's like happy endings like ever after, it's not going to happen in real life. But there are points from it. That you can learn from.»

Som Niko fortel ovanfor, lærer han også «how life works» gjennom musikk. «Idenitet er ikke noko ein er fødd med, men nokon man skaper gjennom viktige minner og historier som har vore med å forme oss som person» (Ruud 2013:54). Musikk sette stemning til opplevingane, og er med å inspirerer korleis ein kan leve livet sitt. Som Niko og fortel, er det med å skape drøymane for korleis ein vil at livet skal vere.

Forutan å lære kjærleik frå film og musikk, nyttar nokre av dei unge sosiale medium til eit anna konkret formål. Med formål om å søke merksemd.

Utdrag frå ein samtale mellom meg, Leng og kompisen (som ikkje er ein del av mine åtte informantar):

«They use Facebook to express their feelings.» (Leng)

«They do it a lot.» (kompisen til Leng)

«I do it, because I want to. We cannot share our problems with other people. No one listens to us. That's why we use Facebook. We are upset.» (Leng)

«Why is no one listening to you? Can you go to your friends?» (Meg)

«Sometimes, they are busy. It is useless for them to listen. If I feel depressed, they are busy.

So I use Facebook so I can express my feelings.» (Leng)

«Is that because you are so stressed these days? So you don't talk with each other?» (Meg)

«Yes, sometimes. One hour. So Facebook-chat is a good way to communicate. For me, to express the feeling on Facebook, its like everyone is there for me. I am not good at pushing myself back up. But if I post something, depressing, no one helps me. Even if you see it, you don't talk about it. It's like that.» (kompisen til Leng)

«So maybe you are bad at talking to each other?» (meg)

«They will not help me to think about it.» (Kompisen til Leng)

«Sometimes it is because they are busy.» (Leng)

«But is it normal to talk about feelings in Cambodia?» (Meg)

«Mostly, you keep them in your mind. Sometimes, maybe. Sometimes. Just like that.» (Leng)

I Kambodsja har sosiale media blitt ein plattform for enkelte å ytre sine tankar og kjensler. Instagram er for mange ein arena for å føle seg sett, og dei søker stadfesting gjennom likarklikk og følgjarar (Ellison, Steinfield & Lampe 2017). Psykisk helse er ifølge Sina framleis eit fersk tema i Kambodsja, og for få år sidan byrja samfunnet å la seg påverke av det dei såg frå Sør-Korea. Det kjem stadig meir på dagsordenen i landet, men det er forsett relativt tabubelagt.

Lina fortel:

«I talked with one girl who did that (brukte facebook som ein arena for å få merksemd). And she felt so stressed, so she uses Facebook and social media to get out her feelings. She feels better. And people can see and talk to her.»

Instagram kan også nyttast som ein presentasjon og utstillingsarena (Berntsen 2014). Brukarar av Instagram kan prøve å skape eit perfekt bilet av seg sjølv som korrelerer med dei normene som eksisterer i den sosiale gruppa dei høyrer til. Det inntrykket som formidlast er ein idealisert og iscenesett representasjon av røyndommen. Berntsen viser til forsking som syner at 60% av unge Instagrambrukarar legge ut bilet som dei trur at andre vil like, og at mange brukte strategiar for å få mest mogleg likarklikk (Berntsen 2014).

Informantane tar også del i andre sine liv gjennom sosiale medium, og dannar seg eit inntrykk av at dei leve det perfekte liv. På spørsmålet om dei hadde eit par dei såg opp til, blei kjærastepar dei har følgt gjennom sosiale media nemnde. Dei kjente dei ikkje, men gjennom sosiale medium framstod det som gode par.

Som Seng fortel:

«... I know him from social media. we have contact. he is from Cambodia, but is born in South Vietnam. But now he moved to Canada. He and his wife have loved each other since they were teenagers. He is a poor man, but he has a higher education. He tried to sacrifice for his study, and then he had a lot of knowledge, and a good job. And his girl comes from a wealthy family, looks like a Chinese girl, but she is Khmer person. So, the condition is that the boy is poor, and the girl is high class. But they became a couple, maybe her parents saw that he was a good boy, and then they got married, but now he is old, I don't know how long they have been in Canada, but they are still in love. Like when he travels to Europe, he brings his wife, going together. A sweet couple. And one more thing; I always see that he posts about his wife and admire her. He says good things about her. A lot. so, not many men do that to their wife.»

Igjen syner døme ovanfor «ferdig modellar» for livsoppskrifter (Ziehe 1983). Seng har dialog med ein over sosiale medium, og har laga seg ei førestilling om at dette paret har den fullbyrda kjærleik. Slike par legg føringar for korleis Seng definerer sin perfekte kjærleik, på lik linje som Seihna nytta kinesiske filmar til same formål. Vi skal i den kommande passasjen sjå på korleis norsk ungdom lar seg påverke av populærkulturen om omgir dei.

Korleis globaliseringa påverkar dei norske informantane

Norsk ungdom har vakse opp med ei stor eksponering frå populærelement og internett frå tidleg alder. På spørsmålet om kor stor del tv og musikk har vore av oppveksten deira, har dei norske ungdommene hatt tv og film gjennomgåande gjennom heile oppveksten. Som Geir fortel:

«Til enhver tid. Film og musikk har fulgt meg hele livet mitt, og gjør det enda.»

Sosiolog Tormod Øia påpeikar at unge tilpassar seg samfunnsutviklinga raskare enn andre, særleg når det gjeld nye trendar og teknologi (Vestel 1996:19). Ungdom er dermed mottakar av innflytelse frå sosiale medium og internett, og familie blir i mindre grad nytta som inspirasjon på korleis livet skal levast. På lik linje med den kambodsjanske ungdommen, finn mange ungdommar desse «oppskriftene» på korleis livet skal levast gjennom sosiale medium og internett.

Som Geir fortel:

«I dagens samfunn er vi meir usikre enn nokon gang, fordi da er så mykje musikk og film som skaper kontradiksjonar for oppførsel og levesett. Ein veit liksom ikkje heilt kva som er rett og gale haldning lenger. Verdigrunnlag strekkast jo ut i uendelige tolkingar.»

Det som skil dei norske informantane frå dei kambodsjanske, er om påverknad frå populærelement og sosiale medium er ein bra ting. Som Kristian svarer på spørsmålet om kor mykje populærelement har prega han:

«Defintivt. Mykje. Spesielt når ein er ung tenke eg. Jo mindre erfaring ein har sjølv, jo meir konsumerer du diverse medier. Du får på ein måte inntrykk av at det er slik. Det er sånn det er. Eg har definitivt måtte oppleve at alt ikkje er som eg har trudd, fordi eg har sett det på film ein gong, eller hørt titusen songar eller noko sånt, so tenke du at; det skal eg gjere! og so, nei, shit, det er kleint i røyndommen. Du står på ein måte ikkje med boomboksen utanfor nokon

sitt rom kl. 3 på natta. Då er naboane som begynne å skrike på deg. Kan du gje faen liksom. Det er ikkje ho som kjem ut og so er ein forelska. Ikkje at eg har stått med boomboksen då. Kanskje det må prøvast.» (Kristian)

«So, trur du at musikken og filmen påverke di oppfatning av kjærleik?» (Meg)

«Mhm. Eg trur det er poenget og, for dei som lage det. Dei ynskje å selje biletet av korleis det skal vere, og når du fyrst like det bildet, so vil du fortsette å sjå det. Det er det som gjer at dei fleste filmar, kjærleksfilmar, er veldig generisk, det er litt den same greia: Dei møtast, dei passa eigentleg ikkje saman, dei har ei konflikt, så går alt til helvete, så må ein av dei gjere opp. Og så er dei forelska, og så leve dei lukkeleg i alle sine dagar sjølv om det har gått to veker. Det er jo det ein har lyst til og. Du har lyst til å møte ein og so intens vere forelska med ein gong. Da her e livets mål. Det er ikkje slik røyndommen er, fordi menneske er litt meir komplekse enn som så og det tar litt tid å bli kjent.» (Kristian)

«Men synst du ikkje at det er litt skummelt? Viss du, som du seie; Industrien prøve å skape eit slikt image. Men altså, kvifor happy endings? Er det bra? Er jo aldri konfliktfritt?» (Meg)

«Definitivt. Det er jo ein del av grunnen, ein faktor som påverkar høge skilsmissetal, og folk som slår opp i hytt og pine. Trur definitivt det er bakgrunnen for det. Det er lett å selje ideen om at du kan bli forelska og leve lukkeleg heile livet etterpå, fordi det er det alle føle når dei er forelska. Det er jo sånn at ein ikkje ser noko feil i den andre, og kjærleik gjer deg blind og dei greiene der. Men å selje eit liv med at du må på jobb kvar dag, hente i barnehagen, det livet. At livet faktisk er sletsomt. At ein kjem til å krangle og kjefte. Kven skal ta oppvasken? Det er vanskeleg å selje ikkje sant. Ingen har lyst til å sjå ein serien som handle om berre det. Det må vere ei konflikt. Det er alltid ei konflikt, som drive ting og gjer det spennande då. Men i røyndommen så er ikkje konfliktar alltid like spennande.» (Kristian)

Fiktive kjærleikshistorier har som hensikt å vere ei underhaldning og noko du kan drøyme deg vekk i. Mottakaren har ei forventning til at historia vedkommande har byrja på, skal ende med ei lukkeleg slutt. I ein kvardag som opplevast som hektisk og stressande for mange, vel ein med hensikt å setje seg ned med ei bok eller film som kan avlaste sinnet. Dette gjer ein med hensikt om å oppleve det som ei god kjensle, noko som ein kan drøyme seg litt vekk i. Oppleve ein sitt eige kjærleiksliv som utfordrande, vil ein ikkje ta med seg dette inn i den fiktive verda (Roach 2016:167).

Som Jens fortel:

«Men eg trur det handlar om å vere lukkeleg. Og no har vi vel funne ut av kjærleik gjer dei fleste lukkelege. Men så kan det gå den andre vegen også, og bli ulukkeleg. Men det er sånne ting man veit om. Man kan jo sjå seg jo litt blind på kjærleik av og til. Man kan på ein måte førestille seg noko som ikkje er der, men noko eg trur er like viktig er den trua og den at man kan verkeleg drøyme om noko. Sjølv om det ikkje ein realitet, so er det den tanken og noko som kan drive deg og motivere deg. Og det trur eg kan vere at kjærleik inspirerer...»

Som kjønnsforskaren Roach fortel over, og blir bekrefta av ein av informantane, skapast film og musikk basert på det samfunnet ynskjer. Samstundes konstruerer vi ein fiktiv røyndom, det samfunnet vi trur vi vil ha. Som Jens fortel ovanfor, å førestille seg noko som ikkje er der.

For som Elise seie, vil ingen sjå ein film om det ordinære liv:

«For det er jo veldig kjedeleg å lage ein film om eit heilt vanleg liv på ein måte. Men ja.»

Hensikta med å lage ein valdsfilm er ikkje å få fleire unge til å utøve vald. Så kvifor skal ein skape filmar med hensikt å påverke menneska sine kjærleiksliv? I boka *Film og følelsar* skriv forfattaren at emosjonar som velbehag, skuelyst og begjær er moment som filmskaparane prøve å vekke i den fiktive verda (Erstad & Solum 2007:52). Forholdet mellom kjensler, stil og stemning skapar filmen sitt humør, og hensikta til filmskaparen er å vekke bestemte kjenslemessige opplevingskvalitetar. Dei tre emosjonane som er nemnde ovanfor, er emosjonar som vi også skaper gjennom kjærleik. Kan filmverda, med hensikt å skape desse same kjenslene, påverke vårt behov for å ville ha meir?

«Sannheten er avhengig av tidlig og grundig overbevisende etablering av merkelige eller fantastiske omgivelser, en følelse av en annen tid eller uvanlige figurer, slik at vi blir oppslukt i filmens generelle atmosfære, humør og stemning» (Boogs & Petrie 2004:43).

Ein dyktig filmskapar kan skape «skinnnet av sannheita», og greie å la sjåaren sette røyndommen til side. Vi legg våre skepsis og rasjonelle evne bak oss når vi tar del i fantasiverda (Boogs & Petrie 2004). Dette gjer at vi blir lette mottakarar for stereotypiar, og noko vi på godt og vondt hentar til den reelle verda (Shackleford 2016:6). Konsekvensen av dette, som både Tuva og Elise tar opp, er at det bidrar til at unge kan sjå på kjærleik som noko lett.

Som Elise fortel:

«Men elles e kjærleik beinhard jobbing. Ikkje berre i kjærasteforhold, men og i foreldreforhold, søskensforhold. Det kjem ikkje naturleg. Du må jobbe for det. Og som filmverda då, men «happy ever after» - det er jo heilt tull! Og akkurat det begynte eg å tenke på no, angåande musikk og popkultur osv. Det er jo når filmen sluttar at det vanskeleg byrja. Fordi det er jo ikkje vanskeleg å vere forelska, det er jo kjempelett. Men det å halde «the spark», det er jo det som er vanskeleg. Eg skulle gjerne likt å sjå ein film om det.»

Informantane blir eksponert for perfekte kjendisliv og plettfrige kroppar. Ein lar seg påverke gjennom å sveipe seg gjennom Instagram, sjå på realityprogram, og poste biletar av seg sjølv. Som Joe Boggs og Dennis Petrie påpeiker i *The Art of Watching Films*, påverkar underhaldningsmediar våre tankar når vi søker dei for å unngå den stressande kvardagen. Ofte kan underhaldning vere ein rømmingsveg frå daglegdagse problem. Som sårbare tv-tittarar, er ein ekstra sårbar til å ta til seg inspirasjon og normer (Boogs & Petrie 2004). Det kan vere lett å ta til seg det perfekte liv ein ser på Instagram. Som Elise fortel på spørsmålet om ho har eit forhold ho ser opp til:

«Kristin og Dennis⁷. Dei synast eg er flotte folk kvar for seg, men også veldig fine saman. Eg følgje nøye med på deira liv. Og spesielt fordi eg trur eg kjenne meg igjen i Kristin sitt liv, fordi ho har ei mor som er sjuk(MS) og Kristin har ikkje hatt lyst på born, og det har heller ikkje eg hatt lyst på. Heilt til kjærasten min kom og øydela da. Ho tør å sei sine meningar, og så tørrho å sei; Fuck det, no endra eg meininga mi og meine dette. Det synast eg er ein veldig fin eigenskap. Dermed ser veldig opp til deira ekteskap, han lar ho styre på, og køyre sitt løp og så er han der for å passe på ungen til dømes. Eller er der å støtta ho når ho kjem tilbake igjen.»

Samtidig som ungdom lar seg påverke av fiktive røyndommar og influensarar, verkar det som ein stor del av norsk ungdom også er kjeldekritiske og ser realityprogram med ein viss ironisk distanse. Ungdom finn desse programma underhaldande, og nokre greier å skilje det reelle frå det fiktive. Likevel tar vi opp mykje i underbevisstheita og vi menneske har eit naturleg instinkt om å samanlikne oss med andre. Dette gjer at vi ofte kan samanliknar oss med karakterar vi hentar frå film og massemmedia (Shackleford 2016).

⁷ Eit kjærestepar, influensarar, som var med på Paradise Hotel

Oppsummering

Korleis påverkar globaliseringa opplevinga av romantisk kjærleik? Begge ungdomsgruppene fortel korleis dei lar seg inspirere av populærelement og sosiale medium. Nokre påpeika også at ein kan lære romantisk kjærleik og kva som er den rette kjærleik for ein sjølv. I staden for å skape si eiga erfaring på kjærleksfeltet og livet generelt, finn heller ungdom «ferdig modellar» med oppskrifter på korleis livet kan levast (Ziehe 1983). Ein av mine kambodsjanske informantar har til dømes gjort seg ei oppfatning om at å " leve simpelt" er svaret på den perfekte kjærleik, og dette har ho lært gjennom kinesiske filmar. Ungdommane nyttar seg også av musikk til kjensleregulering og for å finne inspirasjon. Ein kan sjå mykje fellestrekks ved dei to ungdomsgruppene på dette feltet, med det kan verke som at kambodsjansk ungdom er meir opptatt av at dei lærer romantisk kjærleik. På den andre sida verkar det som at norsk ungdom er meir opptatt av at det skal vere ein inspirasjon. I det følgjande delkapittelet, skal vi sjå korleis globaliseringa har påverka dei tradisjonelle normene og verdiane.

Valsamfunnet si forbanning

21.09.19. Phnom Penh.

Denne kvelden inviterte Seng meg med på skybar! Ein söt, koseleg ein med utsikt over Riverside. Ho lot meg bestille ei ølfyrst, og bladde usikker gjennom menyen. Det såg ut til at ho ikkje var vandt med alkohol, noko ho tilstod seinare på kvelden. Skulle ein vere ein smule bekymra i og med at det var ho som køyrt meg på scooter? Og allereie fyrste gong eg møtte ho hadde vore i eit uhell? Seng var ei ivrig jente med store draumar og mange meininger. Eg kom nesten ikkje til ordet, noko som for så vidt var greitt. Seng fortalte meg om den typiske kambodsjanske kulturen med jenter som ikkje ville gje vekk kroppen sin før ekteskap, og som ville vere sjølvstendige. Det var ikkje alle som var så sikker på om det ville gifte seg i heile teke, etter å gjerne ha vokse opp med vald i heimen. Så lenge ein kunne forsørge seg sjølv, så var vel ikkje karrierelivet så ille? Det skulle i alle fall vere skikkeleg kjærleik. Ikkje noko basert på økonomiske vilkår.

*Ho synast det likevel var vanskeleg å definere den typiske ungdomskjærleiken i Kambodsja. For ein hadde jo «the bad youth» og Byungdommen som hadde sex med forskjellige og kyssa på gata. Desse drakk seg full til og med! For Seng var sukken nok for å ha det gøy. Det var jo openbart at Laos var fattige, for dei drakk jo tre dagar i veka! Ein blir jo dum av alkohol. Treige var dei og.
(utdrag frå feltdagboka, veke ein i Kambodsja)*

Kambodsja er i utvikling, og eg blei tidleg fortalt at eg kom til å få sjå ei ungdomsgruppe som føle tilhøyrsls i to generasjonar. Ungdommane er stolte av sitt opphav, men prøver å balansere landet sine kulturelle verdiar og normer, med store mengder innflytelse av globaliseringa som stadig gripe fastare tak. Delkapittelet tar utgangspunkt i underspørsmålet: «Kva tyding har normer og verdiar for romantisk kjærleik på tvers av generasjonane?». Vidare vil eg sjå nærmare på kva tankar informantane har om korleis romantisk kjærleik har endra seg sidan foreldra deira vaks opp og korleis dei balanserer det tradisjonelle Kambodsja, med det seinmoderne tilstrøyminga.

I delkapittelet om «kjærleik som sosial konstruksjon» tok vi for oss at dagens khmerungdom veks opp i ein generasjon som er i ferd med å endre samfunnstrukturane. Dette er eit resultat av at stadig fleire unge kambodsjanarar får ta utdanning, kan flytte heimanfrå, får eigen jobb, danne nettverk, og opplevd større fridom. Landet opplever ein overgang frå tradisjonelle normer over til det moderne. Det som før var foreldra som skulle lære opp borna, har byrja å ta dreiling til born som må lære opp sine foreldra (Øia 1996:19). Dei unge tar til seg innflytelse frå utlandet gjennom sosiale media og internett, og skal saman med nye verdiar, balansere dei allereie eksisterande normene og tradisjonane til Kambodsja.

Korleis løyser informantane denne problemstillinga?

Toam fortel:

«Because, we are freer. We are more independent. We have social media. We can see everyone, everywhere, in the world. So, yes. In the past, especially before you were 18, you had to stay at home. The traditional norms.»

Dei kambodsjanske jentene er einige om at dette er ei positiv utvikling, og viser til at fleire jenter får ta utdanning. Dermed er dei ikkje låst til eit dårleg ekteskap på grunn av økonomi, men kan greie seg sjølv basert på eiga inntekt.

Lina fortel:

«But now we have opportunities to take higher education. Girls can study. Have a higher education. For me, I live in the province, and before I could just stay there and be there with my husband. But now I can come to Phnom Penh. Take a higher education and can study abroad. Or here. So, I can have a chance to choose my own way in life. I have more opportunities.»

«Cambodian society is traditional, hierarchical and still rooted in village life» (Baudinet 2018:5). Landet blir stadig meir urbanisert, men likevel lever den største delen av Kambodsja si befolkning i rurale områder. Dei rurale områda i Kambodsja dyrkar framleis mykje av dei tradisjonelle normene. Dei fleste informantane kjem frå provinsen, og har flytta til Phnom Penh i forbindelse med studiar. Dei har kjære familieband, og er opptatt av å vidarebringe tradisjonane dei verdsette. Ungdommen som har vokse opp i byen derimot, har lagt frå seg mykje av dei tradisjonelle normene. Som Marc Baudinet fortel om ungdommen som er vaks opp i Phnom Penh; dei er klare over dei tradisjonelle normene, men dei vel å ignorere dei (2018:17). Til dei eldre sin frustrasjon. Informantane frå provinsen fortel at det er viktig for dei å kunne ta sjølvstendige val, men framleis respektere foreldra.

Som Sina fortel om guten ho har eit godt auge til:

«Yeah, and for him, it's just like, he doesn't like a girl who is rude to his parents. Because he said be like a girl, like a woman, who is like strong, but in the front of, yeah independent, in front of the old people, it's like always like respect. He wants a woman. Yes, similar to me! My parents are like they are my everything. I go to teach and get a salary to support my studies. My parents support me, and he give me advice. But they are still the most important in my life, you have to respect my family. My parents. Especially. Not just be rude.»

Den same tilliten til foreldra nemner også Lina. Lina ser verdien med arrangert ekteskap, og veit at foreldra vil det beste for ho. Ho har sett den gode relasjonen foreldra har hatt sjølv, og stoler på at dei vil finne det same for henne.

Ho fortel:

«For 50 years ago, arranged marriage mostly happened. Arranged marriage can be both bad and good. My parents are arranged. They can live together, because before you could see that some boys and girls are good. My parents understand each other. I cannot find a good boy for me, and I know my parents will find a good boy for me. They want the best for me. They see characteristics for me and for him. I think it's okay because I don't have a man in my heart now. But if I had one, it wouldn't be okay. There was one man, and my parents asked, but I told them that I wanted to study, and that was okay.» (Lina)

På spørsmålet om dei trudde kjærleiken har blitt lettare eller meir utfordrande dei siste tiåra, trur fleire at den har blitt lettare. Ein stor grunn for dette er at dagens generasjon kan «lære

kjærleik» på andre måtar, til dømes gjennom populærelement og media. Igjen syner dette korleis dei unge finn «oppskrifter» for korleis livet skal levast (Ziehe 1983).

Som Seihna fortel:

«Love today, people can understand the word better than before. I think the old people, even my parents, they don't know what love is, so maybe my parents saying: oh, you are going to marry with that guy! But its not love always. I know that my parents was arranged. My mom didn't know anything about my father before they got married. So, I think that they didn't new about the feeling of love before after the marriage. But people now understand more, by different, two different things. Like social media, like YouTube-movies, a lot of things, friends, hang out, discuss about love, and I think their understanding of love is much more than before, before they just live with their life they had, but they don't know the meaning of it.»

Ungdommane trur romantisk kjærleik er lettare i dagens samfunn, fordi dei kan lære meir gjennom sekundærkjelder. Det er også eit element til som definerer det moderne samfunn, og det er å inneha val.

Niko fortel:

«Love today, it's freer. But also, it's not more willing. Like for the people then, it was not easy for them to date around. If their parents told them; this is a good guy, I can see if you can be together, they would just follow. And now, they are freer to find, but since it's freer, they are less willing to commit. They think that; if this is not the right one, I can find a new one. Like, we become greedier. Nothing is enough for people. But if you can think enough that, enough is enough for you, you will be happier, because the type of people that try to find something better and better all the time, they are just not happy. And then they going to end up hurting themselves. They would end up asking; why I am single? Why can I not hold on to a relationship for a long time? Because you are greedy! Nothing is enough for you. You are not willing to see other people's perspective and you are not willing to take and say that you are wrong. So that is like not good at all.»

Dei kambodsjanske ungdommane ser val som fridom, medan ein av mine khmer-informantar, Niko, har byrja å stilje seg spørsmål til desse dei uendelige vala. Niko undra seg over om valsamfunnet gjer ein grådig, og hige etter å stadig ville ha meir. Val i samhøve til karriere og livsval kan vere positivt, men kan val når det gjeld ein partner alltid vere positivt? Skape fridommen ein grådigheit? Fridommen kan skape ein grådighet i form av å alltid kun skulle

tilfredsstille «augeblikkelege» behov (Bauman 2003). Dei uendelege val kan gjere oss grådige, fordi ein fort kan ende opp med å stille spørsmål om noko betre.

Saman med å ville sjølvrealisere og følgje sine drøymar, er også ungdommane takknemlege. Sidan dei fekk mogelegheita til å kunne studere, føle dei også ei slags «takknemlighetsgjeld» ovanfor det kollektive.

Srean fortel:

«Yes. And what I want is to have a big contribution for myself and for the country and for the world.»

Buddhistiske verdiar er opptatt av fellesskapet og om å gjere din nestemann god. Informantane har vokse opp med religiøse verdiar og tradisjonar. Sidan dei har fått mogelegheit til å ta utdanning og blitt friare, føle dei eit ansvar for å gje noko tilbake til kollektivet, til landet og familien. Ved at dei får lov å studere, ligg det også eit håp om at dagens ungdom er generasjonen som skal få landet ut av korruption og fattigdom. Vi skal i det følgande ta for oss dei norske ungdommane.

Tyding av normer og verdiar for norsk ungdom

I fyrste delkapittel om «kjærleik som ein sosial konstruksjon», var eg innom korleis norsk ungdom byrja å søke trygge og stabile rammer. Sosiolog Jan Frode Haugseth har i nyare forsking sett på norsk ungdom sine ideal, og fortel om ein ungdomskultur som har gjennomgått store endringar sidan 90-talet. Det som før var rebelsk og opprørske ungdommar, har blitt erstatta med veloppdragne og strukturerte unge. Det har blitt etablert større tillit til politiske institusjonar, og Haugseth viser til dagens unge som er mindre opptatt av å vere autentiske, ubunde eller å «være seg sjølv» enn på 90-talet.

Der den kambodsjanske ungdommen i like stor grad drøymar om karriere og individualisering, drøymar norske ungdommar om trygge og gjensidig kjærleik. Norsk ungdom har blitt mindre opptatt av å være unik, og verdsette i større grad verdiar som investere i framtida, til dømes trygge relasjonar (Haugseth 2020). Sjølvrealisering har sidan 90-talet vore eit sentralt kjenneteikn i den norske ungdomskulturen, noko som endå ikkje etablert for den kambodsjanske ungdomsgruppa. For det som var 90-talet si utgåve av norsk ungdom, kan på mange måtar minne om khmerungdom i dagens Kambodsja. Det Marc Bauinet kallar eit «wind of change» viser til ein ungdomsgenerasjon som stiller spørsmål ved

normene, tøye grensene og etablere nye verdiar (Bauinet 2018:6). Medan khmerungdom opp av å vere unike og drive sjølvrealisering, er norsk ungdom opptatt av etablering av stabile og trygge rammer. Dette synast i svara ungdommen gjev på kven dei ser opp til av par. Geir svarer på spørsmålet om han har ekteskap eller relasjon han ser opp til:

«Eg såg veldig opp til forholdet mine svigerforeldre hadde før min svigerfar døde i 2013. Men de nøt kvarandre i kvart sekund dei var vakne»

Same fortel Tuva:

«Eg tenke foreldra mine først og fremst. Fordi eg føle et er meir vennskapsforhold enn kjærleik ovanfor oss.»

På den andre sida, som også kan vere med å prege at norsk ungdom søker trygge rammer, er skilsmissestatistikken. Fleire av informantane har også blitt påverka av skilte foreldre. Det gjenspegle svaret deira på om dei ein dag vil gifte seg, kontra dei som ikkje har opplevd skilsmiss.

Tuva fortel:

«Eg er skilsisseborn. Eg trur absolutt at å ha ein livspartner kan vere givande for ein person, men eg trur ikkje nødvendigvis det å gifte seg vil vere noko som gjev deg noko i den forstand. Sånn heilt juridisk, so er det praktiske og praktisk ting ved det, men eg trur det i seg sjølv aleine ikkje nødvendigvis vil gje deg noko, er meir kva ein har knytta til det skal bety.»

I Noreg viser statistikk at over 50% av dei som giftar seg skilje seg igjen (SSB 2020). Det kan tenkast at dette kan påverke dei unge sine haldninga til ekteskap. Dersom dei har sett eit ekteskap ikkje har funka hos foreldra, kan det ha stor samanheng med at dei sjølv ikkje har trua. Som Elise fortel:

«Det trur eg kjem av at eg ser ikkje på det som ei pakt for alltid. Foreldra mine er skilt og der trur eg at mykje sitte. Til dømes i forholdet mitt no, so tenke eg over det - og det kjem ei ny tanke i hovudet mitt, som seie: Jammen, eg hadde greidd meg aleine. Eg klare meg aleine. For eg er innstilt på at det skal ta slutt. Og eg er innstilt på at eg er forberedt på at det ikkje skal vere for alltid. Og det gjeld kjærasten min no også.»

Dette er også ei av årsakene for at sambuarskap har blitt meir det normalt. For Kambodsjanske unge, er skilsisse noko nytt dei siste åra. Baudinet viser til det er blitt meir

normalt og akseptert med skilsmisses som følgje av høgare utdanning for kvinnene. Av 1 287 saker med skilsmisses i 2013, var 70% av dei gjennomført av khmerkvinner (Baudinet 2018:12). Den kambodsjanske ungdommen har dermed ikkje relaterte seg til det på same måte som dei norske informantane. Kristian trur at ein av grunnane til dette, er at dagens samfunn har for mange val.

Han fortel:

«Eg trur ikkje menneske er so glad i val som vi lika å tru at vi er. Det er eit velkjent studie der dei tok sånn små jelly beans. Så skulle alle få to stk, og velje ein av dei. Folk berre tok ein, og var fornøgd med valet. Den var god. Topp. Så fekk dei 17 stk. Og då, då var det ingen som var fornøgde etterpå. For då var det så mange dei kunne valt. ååh. eg sku sikkert ha valt pære i staden for. Kanskje jordbær. Og det trur eg e reflektivt til dagens datingliv. Som på tinder, avhengig av din oppleveling med tinder, så kan det jo vere match match match. Og då har du ti tusen ting å velje mellom. Og du føler at du har lov til å prøve alle smakane før bestemme deg for kva du lika best. Men før i tida gjorde du ikkje det, du tenkte kanskje meir over det, og var meir reflektiv. Og derfor gjorde det lettare for deg sjølv. Og sjølvsagt når du fyrst begynte so fekk du ikkje lov av samfunnet, sosialt press. Det er jo ein stor faktor tenke eg.»

Kristian er usikker på om dagens val er så positivt for mennesket. Det same nemnte Niko hos den kambodsjanske ungdommen, at for mange val kunne slå negativt ut. Giddens refererer til eit valsamfunn er ungdom står ovanfor ei rekke val i livet (Giddens 1996:14). Val som påverkar dei unge i negativt forstand, fordi det som opprinnelege skulle vere fridom med val, har blitt «tvanglaus tvang». Jo fleire val, jo meir usikkerheit blir dei unge sittande igjen med. Kristian lurer på om menneske har byrja å innsett det. At vi eigentleg vil ha få, men trygge val, i staden for ei rekke val som vi aldri finn ut om vi gjorde rett.

Som Tuva fortel:

«Då trur eg at det handla mindre om, på godt og vondt, kjensler. Altså, at det ikkje svar slik at vi ikkje fekk kjærleikshistorier, men ein skulle finne seg ein partner og skulle ha nokon å få barn med og ein skulle vere fungerande ilag som eit household. og at liksom førelsas der imellom ikkje nødvendigvis var det viktigaste og konseptet då, equality var gjerne ikkje like utvikla på den tida. so litt korleis balansen i parforholdet, no snakka vi jo sjølvsagt om veldig hetronormative forhold, asso berre balansen den gong er ikkje den ein vil sjå i dagens samfunn med er meir moderne kvinne. men asso, I guess at det var litt meir sånn eit gjeremål alle skulle checkast av.»

Oppsummering

«Kva tyding har normer og verdiar for romantisk kjærleik på tvers av generasjonane?» Ungdomsgruppene trur kjærleik har blitt enklare i dagens samfunn, som følgje av at vi har større tilgang på å lære kjærleik. Kambodsjansk ungdom trur foreldregenerasjonen ikkje var så opptatt av å finne perfekt kjærleik, både fordi mange var arrangerte ekteskap, men også fordi økonomisk årsaker var ein av motivasjonane for å inngå ekteskap. Den norske ungdomsgenerasjonen har meir blanda kjensler til ekteskap, som følgje av foreldre som har gått gjennom skilsmisse. Dette bidrar til å ungdommane i større grad har fokus på trygge og stabile rammer i vaksen alder. Skilje vi ser mellom kambodsjansk og norsk ungdom, ligg i måten dei ser på det å ha val. Kambodsjansk ungdom, som har tatt eit steg inn i det seinmoderne samfunn, opplever val som uendeleig med fridom. Fridom til å velje den retning, utdanning og livet dei sjølv vil. Norsk ungdom byrja å stille spørsmål ved for mange val. Er det eigentleg fridom å stå ovanfor uendelige valmoglegheiter? Eller er det valsamfunnet si forbanning?

Vi skal i det siste delkapittelet ta for oss kjønnsrollene og korleis kjønn verkar inn på synet på romantisk kjærleik.

Bruk og kast-mentalitet

10.12.19. Phnom Penh.

Henta frå blogginnlegget mitt på sosiologen.no.

Eg hadde ei førelesning om «Norwegian culture, feminism and gender» for 1. klassingane frå gender studies ved Pannasastra University. Og eg var så stolt når eg var ferdig; engelsken min haldt og dei lo opp til fleire gonger! Vi hadde nokre givande diskusjonar og spørsmål etter timen. Eg fekk blant anna spørsmål om korleis vi fekk til å halde det så reint i landet vårt, eller korleis trafikken kunne gå så smertefritt. Ting eg tar for gitt, men som fascinerte ungdommen. Det var likevel eit spørsmål som skilte seg ut.

Ein munk på fremste rad hadde bite seg merke i at vi hadde ein kvinneleg statsministar, og lurt på korleis ei kvinne kunne greie å styre over 5 millionar menneske. Fyrst forstod eg ikkje spørsmålet heilt. Korleis Solberg kunne greie det? Kvifor skulle ein ikkje greie det? Etter kvart kopla eg at han oppriktig lurt på korleis ei kvinne kunne greie den jobben, fordi for han var den jobben meint for ein mann.

Eg svarde han at det ansvaret ikkje handla om kva kjønn ein har. Det ansvaret handle om haldning, leiareigenskapar, verdiar, ideologi og persontype. Og det kan ei kvinne greie like godt som ein mann. Om ikkje betre. Slike spørsmål syner korleis landet endå har eit godt stykke arbeid framfor seg når det kjem til feltet likestilling.

Utdraget frå bloggen ovanfor syner korleis likestilling i Kambodsja framleis har eit stor forbettingspotensiale. Landet har gjort store framsteg på få år, og vi finn mange jenter i høgare utdanning. Jentene eg prata med i Kambodsja er jenter med ambisjonar og drøymar, og dei er beviste på kva typar av romantiske forhold dei ikkje vil hamne i. Det skal vere eit forhold basert på likestilling og tryggleik. Korleis er kjønnsrollene i Kambodsja? Dette temaet tar utgangspunkt i underspørsmålet: «Kva er likskapane og skilnadane mellom gutter og jenter sitt syn på romantisk kjærleik?»

Kjønnsrollene blir skapt i den konteksten dei blir utøvd, og tradisjonar og normer spelar ei sentral rolle i korleis gutter og jenter utøver kjønnet sitt. Sosiologane Sprecher og Toro-Morn viser til at kulturforskellar spelar ei større rolle i korleis menneske utøve kjærleik, enn kva for kjønn dei har (Thagaard 2005:44). Kambodsja og Noreg er på to svært ulike stader i forhold til spørsmålet om likestilling, og dette påverkar kjønnsrollene. Dei kambodsjanske informantane er opptatt av likestilling, og at forholdet skal vere basert på ekte kjærleik, og ikkje på økonomisk grunnlag som det i større grad var i tidlegare tider. Skulle ein hamne i eit dårlig forhold, vil jentene kunne gå ut av forholdet og framleis kunne klare seg sjølv.

Som Sina fortel:

«Actually, if I love someone, it's really real. I really make love, I don't want to just break up and find a new guy. I don't want to do that, because I want to only have one partner in my life. And before I get that partner, I need to tell you, that, if you want to marry me, if you want to get along with me, you need to give me some space. like, I want to study, I want to finish studying, I want to find my own, my great me in the future, so you have to wait for me. »

Og Seng:

«Yeah. No one can skip it. But marriage should happen at the right time and with the right person. Why marriage at the right time? The right time is not as a second-year student. You have to find a job first and getting a own house. And follow your dreams. If I meet the right one, with the right characteristic, maybe. But my own life is my first priority.»

Ein av faktorane for at kvinner har fått auka individualisering i seinare tid, er på grunn mogelegheita til å kunne ta høgare utdanning. Kambodsja sin GPI⁸ syner ein oppgang frå 0,31 i 2000 til 0,62 i 2011 (Baudinet 2018:37). Som eit resultat av å kunne få lov til å ta høgare utdanning, blir ein også meir opplyst, og ein kan vere med å påverke i samfunnet. Dette gjer at jentene blir meir bevisst på sine rettigheter, og får smaken på det sjølvstendige liv. Det same gjeld dei gamle, tradisjonelle normene for korleis kvinna skulle oppføre seg, Chbap Srei. Det som før skulle vere ei høfleg, stille og pliktoppfyllande kvinne som skulle gjere det mannen bad ho om, har blitt erstatta av jenter som stille spørsmål med likestillinga. Dette er sentrale moment som påverkar kjønnsrollene, og kvinnene er ikkje lenger avhengige av å bli forsørga av ein ektemann i framtida. Dette resulterer i auka forventingar til det manlege kjønn.

Som Sina fortel:

«He not just only respects me, but everyone. It's also important with a man with the same education. Education-level. It can be a little bit higher, so he can stay on my side, and give us motivation.»

Bunleng, professor i etikk, fortel at han opplever kambodsjanske jenter som nokon som tør å utfordre.

Som han fortel:

«I see women very challenging. Very open to dialogs and they have questions. On some partially issues, they are sometimes still shy. For example, like, they don't really expose much to that, but when we talk about family, when we talk about liberty, rights, we talk about the difference between liberals and libertarians, how do they expose themselves to life, to relationships, they talk about it. But when we go to a bit more sensitive issues, like for example, sex with love, sex without love, it's a little bit culturally, sensitive issue here.»

⁸ «Gender Parity Index» er ein sosioøkonomisk indeks som måle den relative tilgangen til utdanning av menn og kvinner (United Nations-Development programme 2020).

Kva gjer denne utviklinga med det mannlege kjønn? «Men are gold, women are cloth» var ei beskriving som blei brukt om menn og kvinner i Kambodsja i tidlegare tradisjon. Med det blei det meint at menn var som gull, dei miste ikkje sin verdi om dei blei tilgrisa med søle. Medan kvinner var som klede, tiltrekte seg søla og miste sin verdi (Mauro 2015). Det mannlege kjønn har framleis størst dominans i landet, både i heimen og på det politiske feltet. Dei har mykje større fridom, og har alltid vore hovudforsørgjarar i landet. Som eit resultat av at kvinner stadig får ta meir utdanning, opplever nokre familiarar at kvenna tena meir enn mannen. Dette opplever mennene som ei utfordring, fordi han kan føle at han har mista kontrollen over familien. Som ein av informantane til Baudinet fortel:

«Women should work to earn a living but when a wife earns more than her husband, this becomes a problem because she will stop respecting him... You see, the respect a man gets in his family is connected to what he earns. If a man's wife earns more, she will stop respecting her husband and this is not good» (Baudinet 2018:9).

Medan kvinnene jobbar for å endre dei tradisjonelle kjønnsrollene, prøver mennene å halde fast ved noko av dei forbinde med å vere mann. Dette står ikkje like sterkt hos dei yngre gutane. Kan dette ha noko samanheng med at ein stor andel menn i Kambodsja er utru? Fleire av informantane fortalte meg at utruskap var eit stort problem i Kambodsja, og spesielt hos menn.

Som Sina fortel:

«Girls use their ears and hear a beautiful voice and behavior. But boys see with their eyes, and see beauty.»

Dette blei eg også fortalt av ein lokal kambodsjansk tuktuk-sjåfør. Han samanlikna ei kvinne med eit fat med ris. Kvifor ete den same kjedelege risen kvar dag om ein kunne variere? Dei mannlege informantane var også ærlege om norma for utruskap. At det er akseptabelt at menn kan gå frå kvinne til kvinne, medan jenter blei stempla om dei gjorde det same. På spørsmål om det var noko feil med dagens kjærleik, svarte Srean slik:

«I think. Yes. In the city and urban areas. Because before we, I think, we more easily found true love. But I think today, in the urban areas, I think there's a lot of fake love, like, I think there is fake love, and they are trying to get more love from people who like, a girl, a charming girl. So, she can, like, talk to every guy while she is in a relationship or something. And guys, can have many girls, while he is in a relationship. Yes, it's normal. More in these

days in Cambodia. But before, I think, 1% love, just one. And it's true love. Because we don't have like social media or something. We don't use it much. And we don't see as many people. So that's why it's very hard find people, it's hard to connect to people. Yes.» (Srean)

«But, if you had to guess. How many percent, approximately, are cheating?» (meg)

«Actually, I think it depends on the type of people. Like, a playboy, or, the thing is, I think it depends on the type of people. So it's like a playboy, and they just do that.» (Srean)

«For boys to cheat?» (meg)

«Yes. I mean maybe the world, I don't know. But we focus more on girls, like if the boys have another girl, cheating is fine. But if the girl cheats, society would say something, because that would be a bad reputation, and not so good.» (Srean)

«Okay, so you are saying: it's okay for girls to cheat, but not for boys? » (meg)

«It's not okay for girls to cheat, but it's ok for boys for cheat. But you won't see that in the province.» (Srean)

«It's more normal in the province? Or less?» (meg)

«Not normal in the province with cheating, because maybe the province is small, and people are talking. But in the town, people can do whatever they want. I never cheated on my girlfriend. Ex-girlfriend. But I will say it's 50%, not normal and 50%, normal. 50/50. » (Srean)

Det vi ser ovanfor er ulike kulturelle normer for å «gjere kjønn». Kjønn utspelar seg i interaksjonen og er ein del av samspelet. Ifølgje West og Zimmerman, kan kjønn forsterkast og underkaste seg i settinga den er ein del av (West og Zimmerman 1987). Historisk sett og religiøst, har menn vore det sterkeste kjønn i Kambodsja. Chhambap Srei, mannsdominert religion og utbreidd utruskap, er nokre moment som legg føringar for korleis Kambodsja vel å «gjere kjønn». Dette igjen er moment som spelar inn på korleis dei ulike kjønna ser på romantisk kjærleik, og kva for sosial konstruksjon som ligg bak.

Utruskap kan vere ein reaksjon på endring i kjønnsrollene, og dei kambodsjanske gutane si tolking av å «gjere kjønnet» sitt. Ein rapport gjennomført av GADC, Gender and Development for Cambodia, syner at kjønnsrollene har tatt fatt på ei endring, og til dømes har menn byrja å bidra med husarbeid (Brickell 2011). Det viser seg at tv- og radioprogram har bidratt til å belyse om kjønnsforskjellar. Informantane hadde ikkje noko god forklaring på

kvifor utruskapen var eit utbreidd fenomen hos menn, men det er eit slags normuttrykk eller reaksjon frå dei ulike kjønna.

Likskapar og skilnadar mellom kjønna hos norske ungdom

Kva er kjønnsroller i Noreg? Som allereie nemnt, heng spørsmålet om korleis dei ulike kjønna oppleve kjærleik, saman med spørsmål om kontekstuelle forhold. Mykje av opplevinga av kjærleik for kambodsjansk ungdom, heng saman med kontekst og normer. Det tradisjonelle for Kambodsja, har vore Chbap Srei og arrangert ekteskap. I Noreg tok vi fatt på likestillingskampen mykje tidlegare, med feminismerørsla på 70-talet, noko som har gjort at kjønnsrollene har blitt utvikla over tid. Ser vi til dømes på institusjonen ekteskap, har denne gått frå å vere eit felles prosjekt om økonomi og overleving, til ein arena for dyrking av romantikk (Haldar 1997). Det er også stadig meir normalt å velje eit liv aleine, enten det er fordi ein vil prioritere karriere eller ikkje ser behovet av å få born. Dette er noko informantane mine også var inne på, å akseptere livet som singel.

Som Eirin fortel:

«Eg har lenge tenkt at draumelivet mitt var aleine i ei leilegheit i Oslo, med kul jobb. Ehh, men so fekk eg kjærast, og so har det endra seg då. Kor eg no drøyme om å køyre ein sju-setar, og køyre til fotballtrenings, og ha ei stor kjellarstove til ungane. Eg har på ein måte gått mykje meir inn i det tradisjonelle, familiegreiene som eg ynskje. Eg veit ikkje om det handlar om at eg har blitt litt eldre, eller om det handlar om at eg har blitt forelska.»

Tuva fortel:

«Det hadde gått. jaa, eg tenke at.. personleg når eg var yngre, so tenkte eg at alltid kom til å vere sånn "forever single" person eigentleg. Så eg trur det er mange ting ein kan fylle livet med, som ikkje treng å vere ein kjærestekjæreste. Ein kan oppleve mykje kjærleik i livet utan det. Oo er det vel eigentleg litt tilfeldig at eg dumpa over det då. Men eg var overtydd om at eg kom å vere «forever single» då eg var yngre.»

Sitata ovanfor syner korleis det moderne samfunnet har laga nye samfunnsnormer, eit resultat av ein lang likestillingskamp. Som vi såg i analysen av kambodsjansk ungdom, har dette påverka korleis dei to kjønna stille seg til i samhøve utviklinga. Det som i Kambodsja er ein debatt om kva for rolle mannen skal ha i hierarkiet, er i Noreg blitt ein debatt om «gutane er blitt dei nye taparane» (Vogt 2018). Det ser ein både i utdanningssystema, på skule og i

fråfall-statistikken. Thagaard viser til kvinner som er opptatt av å drive kjenslearbeid og investere i kjenslene, medan gutane investerer i dei meir praktiske oppgåvene (Thagaard 2005:43). Det blir stadig meir forventingar til at menn skal byrje å snakke om kjensler, dei skal involvere seg meir i farsrolla og dei har visse plikter som kjærast. Korleis spelar dette innpå kjærleksperspektivet? Har dei blitt taparar der også?

Kristian fortel:

«Når ein for eksempel ser på forskjellen mellom menn og kvinner på dating-appar. Om ein tar ei kvinne sin tinder og begynne å sveipe, så er det liksom match på match. Viss du tar ein gut sin mobil, so er det tusen sveip og ein match. Eg har lese statistikk på da, og når ein er 8+, for ein mann, «into be clear- skala» sjølvsagt, men so viss du e 8+, so har du basically 90% av alle matchane er konsentrert til to øvre prosentane. Men for ei kvinne går det heile vegen ned til ein firar og oppover, så har du tilgang på 80% av marknaden. Ein ting som frustrerer veldig mange menn.»

Medan utruskapen står høgt blant kambodsjanske gutter, lir det norske samfunnet av kresne kvinner. Forsking syner at ein av fire menn er barnlause, og at mykje av grunnen ligger i at kvinner stadig tar høgare utdanning, og set større krav til det mannlige kjønn (Lommerud & Grasdal 2020). Dette gjenspegle også dating i ungdomsalder. Som det syner i sitatet til Kristian, er det mange gutter som lar seg irritere over korleis kvinner har tatt over kontrollen på til dømes dating-appar. Dating på nett er blitt meir og meir vanleg i Noreg (Ringgaard 2019). Til tross for at fleire av informantane er brukarar av Tinder sjølv, stille dei seg skeptisk til den moderne utviklinga av dating. Som Jens svare på spørsmålet om Tinder er bra eller dårlig:

«Har ikkje peiling på om det er dårlig og bra. Mest dårlig trur eg. Det kjem nok litt av same prinsippet som å sjå ein film eller teater eller noko sånt. Den filmen tar jo ein gong slutt. Eller det stykket. Og då tenke eg litt sånn - du har liksom ikkje forventningar til at det skal vare. Vi ser liksom eit tal; nokon er oppe i 100-200-300 matches, oj, nokon like meg gitt! Men kva er det dei lika? nei, då har eg prøvd meg på ein, og eg føle ikkje tonen er so god. Då kan eg gå over til neste match. So har eg berre 298 igjen. nei, eg trur det skape nokre haldningar til dei som ikkje heilt ser dei linjene. Men eg trur også veldig mange veit kva dei gjev seg ut på. Og so da der med at ein skal bli so kjent så fort - og så trur eg at da handlar om å kjenne seg sjølv godt nok og. Du skal liksom vete - det eg føle - du skal vete så inderleg godt at du ikkje tråkke over nokre linjer, eller på nokon. For du er så sårbar i ein slik situasjon kor du ikkje veit så mykje om vedkommande. Og så er det nokon som tenke at det heller få gå...»

Dette kan påverke korleis gutar ser romantisk kjærleik. Filosofen Anne-Marie Søndergaard Christensen trur dagens unge får ei anti-romantisk haldning av å date på nett. Unge blir opptatt av korleis dei blir oppfatta av andre i større grad enn i den verkelege verda, og blir opptatt av korleis dei presentere seg på sosiale medium. Vi trur at sjølviscenesettinga er avgjerande for om vi blir elsa eller ei. Dermed bli kjærleiken noko truande, fordi det er risikofylt. Det er ein prestasjon meir enn det er ei glede. Den italienske sosiologen Carolina Bandinelli trur dating-appar slår godt ut i samfunnet, fordi det får brukaren til å føle seg bekrefta og attraktiv gjennom likarklikk. Dette er ikkje nødvendigvis positivt, for det gjer at menneske får nok bekrefting gjennom appen, og ikkje treng å reise på date. Dei nøye seg med likarklikk, og leve heller på draumane om kjærleik (Ringgaard 2019).

Kombinert med därleg erfaring på Tinder, fortel også Kristian om store forventningar som ikkje strekke til.

Som han seie:

«Eg tenke da er, litt sånn frå det vitenskapleg perspektivet, litt meir sånn hormonar, og alt da der. Men liksom, eg trur at ein i den moderne tida lika å hype da opp litt meir enn det er det er. Ein såg ikkje på det på den same måten for 1 000 år sidan vil eg tru.» (Kristian)

«Kvífor trur du det blir hypa opp?» (Meg)

«Nei, eg trur vi gjer det til meir enn kva det er. Igjen, eg trur liksom alt er veldig kjemisk og veldig sånn kroppsleg. Men det betyr ikkje at det er mindre fantastisk av den grunn. Men eg lika å tru at er veldig overnaturleg. Trur det er ein vanleg representasjon av kjærleik. Eller forsking spesielt.» (Kristian)

«Kor viktig er det for deg? kjærleik? kan du sjå føre deg eit liv utan?» (meg)

«Ja og nei. Eg er 25 og eg har aldri vore ordentleg stormforelsa. Eg kan sjå da føre seg sånn sett, men eg trur alle lengste etter det innerst inne og har lyst på da, so sånn sett so, nei. Men eg trur mange menneske går gjennom livet utan å oppleve ordentleg kjærleik.» (Kristian)

«Absolutt, sikkert fleire enn ein trur.» (meg)

Nettdating fører til kronisk misnøye og skuffelse, fortel Illouz (Illouz 2011). Menneska blir aldri fornøgde på ein «evig marknad» med uendeleg val. Det skapast ein rasjonell tankegang der ein skal oppnå det best mogeleg på kjærleiksmarknaden, på ein arena ein kan selektere

kvarandre. Effektiviteten ved å bruke internett bidrar til større kritisk vurdering (Illouz 2011) Forventningane til kva romantisk kjærleik skal vere og alle vala det inneber, kan føre til skuffelse av røyndommen. Som Kristian fortel ovanfor, trur han at menneske gjer kjærleik til meir enn kva det er. Desse forventningane kan skapast gjennom å drøyme seg vekk på tinder.

Kva er å «gjere kjønn» i Noreg?

Geir fortel:

«Eg ser føre meg ei framtid der eg kan utforske ting saman med ein kjærast. Reise til syden og litt slikt og då. Men eg skal vere god mot ho. Ta godt vare på ho. Da skal eg.»

Norske gutter blir stadig vekk i media omtalt som samfunnets taparar (Vogt 2018). Statistikken syner at fleire gutter droppar ut av vidaregåande og at jentene får best karakterar. Informantane mine ovanfor fortel at jentene har kontroll på dating-appane, noko som irriterer gutane. Kva gjer desse samfunnsendringane med kjønnsrollene? Ser vi på den norske konteksten, har likestillinga kome mykje lenger i Noreg enn den har i Kambodsja. Kvinner har allereie blitt meir sjølvstendige, og dei aller fleste kvinner i det norske samfunnet har tilgang på høgare utdanning. Kvinner har blitt sjølvstendige nok til å kunne greie seg sjølv, og dermed blir det meir kresne. Dette påverkar måten gutter og jenter ser romantisk kjærleik. Gutter kan bli meir pessimistiske om dei veit at det må 200 tindersveip til for å få ein date. Kvinner på si side blir meir avslappa til kjærleik, fordi dei støtta seg på at marknaden er stor og open.

Tuva fortel:

«Eg trur at man legge altfor mykje vekt på at å finne ein kjærast vil «somehow make you complete». Eg trur dei aller fleste ynskje å vere eit fullbyrda menneske. Og eg føle at veldig mange trur at det er ein snarveg der. Å få ein kjærst. Fordi ved å ha ein kjærast, so har du for det første; openbart nok «kulheit» til å fortene kjærleik og du har nokon i ditt hjørne og det kan vere ein komponering for ting eller alt mogleg rart. Men eg trur, eg seie ikkje at å få livspartner ikkje vil vere ein del av å «make you complete», men eg trur ikkje at det automatisk gjer det.»

Tuva meina det er viktig å prioritere seg sjølv også. At det ikkje er ein kjærast i livet som gjer ein fullbyrda, men at ein også kan greie det aleine.

Bauman viser til eit moderne samfunn som lir av «bruk og kast»-mentalitet, og om relasjonar med lausare band. Fridommen kan skape ein grådigheit i form av å alltid kun skulle tilfredsstille «augeblikkelege» behov (Bauman 2003). Relasjonar er prega av usikre og flyktige band. Det er mindre forventingar til at forhold skal vare. Menneske har også usikkerheit kopla til sin eigen likviditet til eigenkjærleik, noko som er eit grunnleggande element i eit kjærleiksforhold (Bauman 2003).

Oppsummering

Kva er likskapane og skilnadane mellom gutter og jenter sitt syn på romantisk kjærleik? Kjønnsrollene blir definert ut ifrå kulturen dei operert i, og det å «gjere kjønn» er kulturelt vilkårsbunden. Ein kan sjå skilnad i kjønnsrollene mellom kambodsjansk ungdom og norsk ungdom som følgje av kor langt dei er kome i samhøve likestilling mellom kjønna. Medan kambodsjansk jenter framleis jobbar med å likestille seg med gutane, har norske jenter byrja å sette normene for det norske samfunn.

Ei kulturell frisetjing?

Med utgangspunkt i problemstillinga: «*Korleis konstruerer kambodsjansk og norsk ungdom romantisk kjærleik?*» har denne avhandlinga sett på korleis kambodsjansk og norsk ungdom opplever romantisk kjærleik. Det er blitt gjort eit forsøk på å forstå korleis romantisk kjærleik påverkar andre element i livet deira som student, og korleis den pregar vala studentane tek for framtida. Med utgangspunkt i eit sosiologisk aspekt, blir romantisk kjærleik i denne oppgåva sett på som ein sosial konstruksjon.

Informantane mine har til felles at dei ser på den romantiske kjærleiken som noko fint, og ei kjensle som i utgangspunktet er skapt for å gje velbehag og lukke. Denne kjensla kan også gje det motsette, nemleg kjensla av tap eller smerte. Altså, det informantane ser på som ulukkeleg kjærleik. For kambodsjanske studentar, er det eit sentralt element som blir høgare prioritert enn kjærleik i livsfasen dei er i. Dei kambodsjanske informantane er opptekne av sjølvrealisering og ei karriere før dei kan prioritere den romantiske kjærleiken. Det er nok å drøyme om den inntil vidare, fordi det viktigaste som student er å kunne få seg jobb og kunne forsørge seg sjølv. Dei føler også på det kollektivistiske ansvaret ovanfor landet og familien,

og at dei bør gje noko attende til samfunnet som ei takk for mogelegheitene dei har fått. Dette er eit av momenta som har gjort at khmerungdom har blitt pådrivarar for å løfte Kambodsja over frå det tradisjonelle samfunn til det moderne samfunn. Ungdommane får ta utdanning, dei kan flytte heimanfrå, dei let seg inspirere, samt påverke av populærelement.

Dei opplever det Thomas Ziehe omtalar som ei kulturell frisetjing. Gamle normer og verditradisjonar misser sin plass, og ungdom opplever større fridom til å skape sin eigen identitet (Ziehe 1993:38). Nye livsmønster blir skapt. Ungdomstida handlar om å bygge grunnlaget for sitt «selvrefleksive prosjekt». Ein er ikkje fødd til eit menneske, men skaper sjølvet sitt etter kvart som ein veks opp (Giddens 1997). Det refleksive sjølvet blir mottakar for populærelement og sosiale medium. Sekundærelement har aldri vore så viktig i unge menneske sine liv, og vi let oss inspirerer av det den teknologiske verda serverer oss. I staden for å erfare og oppleve livet sjølve, hentar vi ferdigmodellar for korleis livet bør levast gjennom populærelement og sosiale medium (Ziehe 1993:39). Khmerungdom blir også eksponert for vestlege tv-seriar og musikk, noko som gjer at kambodsjansk ungdom også hentar oppskrifter frå den vestlege verda. Ungdommane hentar ikkje berre oppskrifter for korleis livet bør levast, men også oppskrifter for korleis den romantiske kjærleiken bør vere. Det skapast ein illusjon om korleis den perfekte og romantiske kjærleik er.

Det same ser vi blant norsk ungdom. Det har blitt ei oppskrift på korleis livet helst bør levast som ung, der back-packing, utveksling og korleis den perfekte kjærast bør vere, er nokre av ingrediensar som bør vere ein del av den oppskrifta. Vi blar gjennom Instagram og får servert både andre venner sine perfekte liv, men også influensarane sine. Dermed skapar vi eit bilete for oss sjølv om korleis livet vårt eigentleg skulle vore. Ved å følgje dei same oppskriftene, blir også ungdom meir homogene. Det gjeld også feltet romantisk kjærleik. Dagens ungdom blir eksponert for kjærleik på ein anna måte enn tidlegare generasjonar, noko som formar synet på kjærleik likare blant dagens unge. Dei får den same eksponeringskanalen gjennom mediebilete, noko ikkje tidlegare generasjonar ikkje har hatt same tilgang til (Thagaard 2005:46).

Kjønnsrollene har også blitt forma seg i takt med endringane i samfunnet. Måten dei to ulike kontekstane vel å «gjere kjønn», er eit resultat av tradisjonar og normer (Thagaard 2005:44). Kor langt landet er kome i samhøve likestillinga, er eit moment som spelar inn på kjønnsrollene. Måten norske gutter og jenter ser romantisk kjærleik på, versus kambodsjansk ungdom, er igjen påverka av konteksten dei er vakse opp i. Medan utruskap til dømes er blitt

ein av «normene» for korleis enkelte gutter utøver si rolle i Kambodsja, kan det verke som det kvinnelege kjønn har byrja å setje normene for korleis kjærleik skal utøvast i den norske konteksten. Gutar skal helst også prate om kjensler og vise kjensler, noko som har blitt eit fenomen dei siste tiåra (Kjær 2003).

Det moderne samfunn er flyktig, uføreseieleg og konsumbasert, ifølgje Bauman (Bauman 2003). Det stillast mindre forventingar til relasjonar, og «bruk og kast»-mentaliteten står sterkt. Det er utfordrande å skulle balansere eit forhold og eit sjølvrealiseringsprosjekt på same tid (Beck & Beck-Gernsheim 1995). Kambodsjansk ungdom tykkjer det også er utfordrande i studenttida, dermed føretrekke dei å vente med kjærleiken. Norsk ungdom har fått føle på den ofte omtalte «generasjon prestasjon», og har ifølgje Haugseth, byrja å søke etter trygg og stabile relasjonar (Haugseth 2020). Der kambodsjansk ungdom er på veg inn i moderiseringsfasa, er norsk ungdom på eit anna stadium i moderniteten. Der khmerungdom verdsette alle dei vala dei får servert, er norsk ungdom byrja å stille spørsmål om mange val er det som representerer fridom. Som min informant Kristian fortel, trur han ikkje menneske er så glade i så mange val som vi trur. Kor fri blir den romantisk kjærleiken eigentleg? Tinder har byrja å ta over normalen for dating. Du kan sveipe 200 menneske på ein dag. Er alle desse vala det vi kallar fridom? Norsk ungdom fortel meg om søkeren etter det lukkelege liv, og perfeksjon. Ein blir aldri sikker på sine val om ein heile tida leitar etter perfeksjonen. Igjen, vi lever i Bauman sitt usikre samfunn med «bruk og kast»-mentalitet (Bauman 2003).

Dermed blir det lettare for dagens unge å følgje desse oppskriftene som dei blir eksponert for kvar einaste dag. I eit samfunn med uendeleg valmogelegheiter, er det lettare å følgje oppskrifta nokon har laga for deg. Det gjer at du ikkje fell utanfor den normale samfunnet forventar av deg og du sleppe unna samfunnet sine uendelege valmogelegheiter. Og ikkje minst syner desse oppskriftene illusjonen av korleis den romantiske kjærleiken skal vere. Fiktive romantiske forteljingar syner oss gutter som snakkar om kjensler, som held oppe døra for deg og som alltid veit korleis du har det.

«Eg trudde livet mitt skulle vere ein romantisk komedie eg,» fortalte Elise smilande. «Men slik var det jo då altså ikkje.»

Å vere ungdom i dagens samfunn er uføreseieleg. Det er forventingar og prestasjon, og søkeren etter aksept (Bakken, Sletten & Eriksen 2018). Min norske informant ovanfor, Elise, har skapt sitt bilet av kva livet skulle vere. Kvar hadde ho skapt dette biletet frå? Ifølgje Thomas Ziehe, har Elise henta denne komedien frå «ferdiglagte modellar» for kva det perfekte livet

skal vere (1983). Eit perfekt liv som samfunnet har tatt ut av den fiktive røyndommen som døme på eit samfunn vi *trur* at vi vil ha.

Vidare forsking

Om eg ein dag får reise tilbake til Kambodsja for å gjere meir forsking, er det mange andre samfunnsgrupper eg gjerne ville studert nærmare. Gjennom feltopphaldet kom eg i kontakt med kambodsjanarane med forskjellig bakgrunn. Det hadde vore spennande å samanlikne dei ulike gruppene i landet opp mot kvarandre, og korleis dei ser på romantisk kjærleik. Eg kom blant anna i kontakt med nordmenn på flyplassen i Bangkok som skulle besøke kjærastane sine i Kambodsja. Korleis er det å ha eit forhold på tvers av kulturar? Også kvinnene som jobbar i utelivsbransjen. Eg fekk ikkje lov å betale sjølv fleire stader, for det skulle mennene gjere for meg. Dei fortalte meg at å betale eller få gaver også er eit teikn på romantisk kjærleik. Romantisk kjærleik var i større grad basert på økonomiske verdiar.

6

Referanse og vedlegg

Referanse

- Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Alberoni, F. (1985). *Forelsking og kjærleik*. Oslo: Det norske samlaget.
- Alberoni, F. (1997). *Eg elskar deg*. Oslo: Det norske samlaget.
- Andersen, I. S. (2020). *kjærlighet og forelskelse*. Henta fra Filosofi i skolen:
<https://filosofiikkolen.no/trinn-8-10/kjaerlighet-og-forelskelse/>
- Bakken, A., Sletten, M. A., & Eriksen , I. (2018, 02). Generasjon prestasjon? Ungdoms opplevelse av press og stress. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, ss. 46-76.
- Baudinet, M. (2018). *Cambodia in the twenty first century - a short social study*. Phnom Penh: International Printing house Phnom Penh.
- Beck, U., & Gernsheim, E. B. (1995). *The normal chaos of love*. Polity press.
- Beckmann, H. B. (2014, september). Den livsviktige musikken, en kvalitatativ undersøkelse om musikk, ungdom og helse. *doktoravhandling*. Oslo, Noreg: Norges musikkhøgskole.
- Beekman, T. (1986). Stepping inside: On participant experience and bodily presence in the field. *Joural of education* , ss. 39-45.
- Berger, P. L., & Luckmann, T. (1966). *The social construction of reality*. New York: Penguin Books.
- Berntsen, H. (2014). *Ung på Instagram: selvpresentasjon og inntrykkshåndtering gjennom bilde* . Haugesund: Høgskolen i Haugesund.
- Boogs, J., & Petrie, D. (2004). *The art of watching films(6.utgåve)*. McGraw-Hill education.
- Brickell, K. (2011). “We don’t forget the old rice pot when we get the new one”: Discourses on Ideals and. *The University of Chicago Press*, ss. 437-462.
- Brinkley, J. (2011). *Cambodia`s curse - The modern history of a troubled land*. New York: Public affairs.
- Chandler, D. P., & Kent, A. (2008). *People of Virtue : Reconfiguring Religion, Power and Morality in Cambodia Today*. Copenhagen: NiAS Press.

- Effinger, B. P. (2004). Socio- historical paths of the male breadwinner model - an explanation of cross- national differences. *The British Journal of Sociology*, ss. 377-399.
- Ellingsæter, A., & Widerberg, K. (2012). *Velferdsstatens familier*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ellison , N., Steinfield, C., & Lampe, C. (2017, 11). Journal of Computer-mediated communication. *The Benefits of Facebook “Friends:” Social Capital and College Students’ Use of Online Social Network Sites*, ss. 303-379.
- Erstad, O., & Solum, O. (2007). *Følelser for film*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Fangen, K. (2015, 05 17). *Kvalitativ Metode*. Henta frå De nasjonale forskningsetiske komiteene : <https://www.etikkom.no/FBIB/Introduksjon/Metoder-og-tilnarminger/Kvalitativ-metode/>
- Fredrickson, B. L. (2014). Hva kjærlighet er. *Psykologisk.no*.
- Friberg, F., & Ohlen, J. (2010). Reflective Exploration of Beekman’s. *Advancing qualitative methods*, 273-280.
- Fromm, E. (1993). *The art of loving* . London: The Aquarian Press.
- GADC. (2018). Henta frå Gender and development for Cambodia: <https://www.gadc.org.kh/>
- Giddens, A. (1994). *Intimitetens forandring*. København: Hans Reitzels forlag.
- Giddens, A. (1996). *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Gravås, T. F. (1992). Kjærlighetens tvetydighet. *Hovedoppgave i sosiologi, cand.polit 1992*. Universitetet i Oslo: Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi UiO.
- Grønnestad, T. E. (2018). Benken - et sted å vere? *PhD - En etnografisk studie i et åpent illegalt rusmiljø*. Faculty of Social Sciences - Universitetet i Stavanger.
- Haldar, M. (1997). "Kjærlighetens sosiologi" i Veiden, Pål og Nilsen, Rune (red): *Sosiologisk fantasi*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hammersley, M., & Atkinson, P. (2007). *Ethnography*. New York: Routledge Ltd - M.U.A.
- Haugseth, J. (2015). Tema: kjærlighet. *Sosiologinytt*, 1-13.
- Haugseth, J. F. (2020, 02). Ungdommens idealer. *Norsk sosiologisk tidsskrift*.
- Hochschild, A. R. (1983). *The managed heart. Commercialization of human feeling*. London : University of California Press Ltd.
- Illouz, E. (1997). *Consuming the Romantic Utopia. Love and the Cultural*. University of California Press.
- Illouz, E. (2011). *Why Love Hurts: A Sociological Explanation*. Polity Press.
- Jakobsen, A. (2015). It`s a match! *Masteravhandling - Institutt for sosiologi og statsvitenskap NTNU*.

- Johannessen , A., Tufte, P., & Kristoffersen , L. (2004). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* . Oslo: Abstrakt forlag .
- Kjær, A.-K. B. (2003). Menns opplevelse av samlivsvansker. En fenomenologisk studie. *Hovedoppgave i psykologi*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Lommerud, K., & Grasdal, A. (2020, 04 02). *Hvorfor er stadig flere menn barnløse?* Henta fra Kilden kjønnsforskning: <http://kjonnfsforskning.no/nb/2020/04/hvorfor-er-stadig-flere-menn-barnl%C3%A8se>
- Mauro, R. (2015, 04 22). *The Cambodia project*. Henta fra Men are gold, Women are cloth: <https://womensvoicesofcambodia.wordpress.com/2015/04/11/men-are-gold-women-are-cloth/>
- Mills, C. W. (1967). *The Sociological Imagination*. London: Oxford University Press.
- Mony, K. (2004, September 1). *Cambodian Marriage*. Henta fra EthnoMED: <https://ethnomed.org/resource/cambodian-marriage/>
- Nielsen , H. B., & Henningsen, I. (2018, 02 01). Guttepanikk og jentepress – paradokser og kunnskapskrise. *Tidsskrift for kjønnsforskning*, s. volum 42.
- Opseth, H. (2015, 04 19). *Verdens 100 beste NGO-er*. Henta fra Bistandsaktuelt: <https://www.bistandsaktuelt.no/nyheter/2014/verdens-100-best-ngo-er-->
- Planet, L. (2017). *Lonely Planet Vietnam, Cambodia, Laos & Northern Thailand*. Lonely Planet Global Limited.
- Ringgaard, A. (2019, 11 05). *Forskere mener Tinder og sosiale medier går utover kjærligheten*. Henta fra Forskning.no: <https://forskning.no/kultur-sex-sosiale-relasjoner/forskere-mener-tinder-og-sosiale-medier-gar-utover-kjaerligheten/1582654>
- Roach, C. M. (2016). *Happily ever after: the romance story in popular culture* . Indiana : Indiana University Press.
- Ruud, E. (2013). *Musikk og identitet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet - fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Shackleford, K. E. (2016). *How fantasy becomes reality*. Oxford: Oxford university press.
- Silverman, D. (2011). *Qualitative research*. London: Sage.
- So, W. (2020, 03 02). <https://www.statista.com/topics/5587/film-industry-in-south-korea/> Henta fra Statista: <https://www.statista.com/topics/5587/film-industry-in-south-korea/>
- SSB. (2020, 04). *Statistisk Sentralbyrå*. Henta fra Ekteskap og skilsmisser: <https://www.ssb.no/ekteskap>
- Stewart, A. (1998). *Who will determine expectations?*. SAGE Publishing .
- Strangio, S. (2014). *Hun Sens Cambodia*. Thailand: Silkworm books.

- Strømnes, E. (2013, juni). Emosjoner og identitet - en kvantitativ studie av ungdommer sitt forhold til musikk. *masteroppgåve*. Trondheim, Noreg: NTNU.
- Thagaard, T. (2005). *Følelser og fornuft - kjærlighetens sosiologi*. Oslo: abstrakt forlag.
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis, 3.utgave*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Transparency, I. (2020, 01). *Korrupsjonsindeksen 2019 lansert i dag: Kampen mot korruption fortsetter*. Henta frå Transparency Norge: <http://transparency.no/>
- United Nations-Development Programme. (2020). *Human Development reports*. Henta frå Cambodia: <http://www.hdr.undp.org/en/countries/profiles/KHM>
- Vogt, K. C. (2018, 02). Svartmaling av gutter. *Norsk sosiologisk tidsskrift*.
- Ziehe, T. (1986). Inför avmystifieringen av världen : ungdom och kulturell modernisering. I M. L. (Red.), *Postmoderna tider* (ss. 345-361). Stockholm: Norstedts.
- Ziehe, T., Fornäs, J., & Retzlaff, J. (1993). *Kulturanalyser : ungdom, utbildning, modernitet*. Stockholm: Brutus Östlings bokförlag Symposion.
- Ziehe, T., & Herbert, S. (1983). *Ny ungdom og usædvanlige læreprocesser: Kulturel frisættelse og subjektivitet*. København: Politisk revy.
- Ziehe, T., Johan, F., & Nielsen, E. (1989). *Ambivalenser og mangfoldighed : en artikelsamling om ungdom, skole, æstetik og kultur*. København: Politisk revy.
- Zimmerman, D. H., & West, C. (1987, June). Doing gender. *Gender and Society, Sage Publications*, ss. 125-151.
- Øia, T. (1996). *Ung på 90-tallet*. Oslo: UngForsk/Cappelen Akademisk forlag.
- Øia, T., & Vestel, V. (2014, 01). Generasjonskløfta som forsvant. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, s. 133.
- Østerberg, D., & Bjørnerem, R. T. (2017). *Musikkfeltet, innføring i musikk sosiologi*. Oslo: Cappelen Dammdakademisk.

VEDLEGG:

Vedlegg 1: Samtykkeerklæring

Vedlegg 2: Godkjenning av NSD

Vedlegg 3: Intervjuguide

VEDLEGG 1

Are you interested in taking part in the research project "Youth love. How do young people perceive love, and the act of falling in love, depending upon cultural background and gender"?

This is an inquiry about participation in a research project where the main purpose is to study how young people perceive love and the act of falling in love, and how culture has an influencing role. In this letter we will give you information about the purpose of the project and what your participation will entail.

Purpose of the project

The purpose of the project is to collect information for my master thesis in sociology. I have chosen this theme because of youths stature as a vulnerable phase in life, and as a period of which is crucial for defining ones identity and guidance for the future of one's self.

My preliminary topic question is: "Youth love. How do young people perceive love, and the act of falling in love, depending upon cultural background and gender?"

Some under categories;

- What values and cultural constructions do you find among young people?
- In which way do movies and music effect the youths apprehension of love?
- Do different opinions exist between the sexes?

Who is responsible for the research project?

University of Agder is responsible for the research project.

Me, Linda-Marie Leirpoll and my supervisors, Ann Christin Nilsen and Irene Trysnes, will carry out the research project.

Why are you being asked to participate?

You are being asked to participate based on the fact you were born between the years 1994 and 2003, which makes a member of the best suitable age group for the project».

What does participation involve for you?

If you choose to participate, you will agree to an interview on the topic of love and romance, and how you perceive the above topics. Additional questions will seek to give insight into how culture, media, movies and music has influenced your perception on the main topics. Questions about personal issues may precede, like for example religion. Own desire to answer. The interview will be recorded on a tape recorder, with participants consent.

Participation is voluntary

Participation in this project is voluntary. If you choose to participate, you can withdraw your consent at any time without reason. All information given will be anonymized. If you do not wish to participate, or later choose to withdraw from the project, you are free to do so without any negative consequences.

Your personal privacy – how we will store and use your personal data

I will only use your information for the reasons explained above. We treat the information confidentially and in accordance with the privacy policy.

- The researchers who will access your information are as follows: me, Linda Leirpoll, and my supervisors, Ann Christin Nilsen and Irene Trysnes
- The data material will be secured in a safe way by being stored in a password-protected folder.

What will happen to your personal data at the end of the research project?

The project is scheduled to end in May 2020.

After the project end, personal information and admission will be deleted.

Your rights

You have the right to gain insight into what information is registered about you and you can withdraw from the program at any time. Any information about you will then be deleted.

So long as you can be identified in the collected data, you have the right to:

- access the personal data that is being processed about you
- request that your personal data is deleted
- request that incorrect personal data about you is corrected/rectified
- receive a copy of your personal data (data portability), and

send a complaint to the Data Protection Officer or The Norwegian Data Protection Authority regarding the processing of your personal data

Where can I find out more?

If you have questions about the project, or want to exercise your rights, contact:

- University of Agder by Linda Leirpoll, telephone +47 477 54 192 or e-mail lindaleir-94@hotmail.com. Or supervisor Irene Trysnes, telephone +47 38 14 21 74

- NSD – The Norwegian Centre for Research Data AS, by email:
[\(personverntjenester@nsd.no\)](mailto:personverntjenester@nsd.no) or by telephone: +47 55 58 21 17.

Yours sincerely,

Project Leader

(Researcher/supervisor)

Student (if applicable)

VEDLEGG 2

NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Ungdomsforelsking. Korleis opplever ungdom kjærleik og forelsking på tvers av ulik kulturell bakgrunn og kjønn.

Referansenummer

625731

Registrert

03.07.2019 av Linda-Marie Leirpoll - lindal17@student.uia.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Universitet i Agder / Fakultet for samfunnsvitenskap / Institutt for sosiologi og sosialt arbeid

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Ann Kristin Eklund Nilsen , ann.c.nilsen@uia.no, tlf: 4738141532

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Linda-Marie Leirpoll, lindaleir-94@hotmail.com, tlf: 47754192

Prosjektperiode

12.08.2019 - 31.05.2020

Status

22.07.2019 - Vurdert

Vurdering (1)

22.07.2019 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 22.07.2019 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle særlege kategorier av personopplysninger om religion og seksuelle forhold og alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 31.05.2020.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a), jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

PERSONVERNPRINSIPPER NSD

vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om: - lovighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlig formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgenderettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt

om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER NSD

legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD

vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Kajsa Amundsen

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

VEDLEGG 3

INTERVJUGUIDE

Kjærleik generelt.

Kva tenker du om kjærleik? Kva e kjærleik?

Kva er kjærleik for deg, og kor viktig er det?

Kunne du tenkt å gifte deg? Eventuelt ja, nei? Kvifor?

Korleis ser du for deg ditt framtidige forhold?

Kva trur du hensikta med kjærleik er?

Frå samfunnet

Har du eit kjærestepar/ekteskap som du ser opp til? Kvifor er dette eventuelt bra?

Kva tankar har du rundt det å avslutte eit kjærleiksforhold?

Med tanke på feltet kjærleik; Kva trur du er annleis for deg som veks opp i dagens generasjon versus for femti år sidan? Typ foreldra dine, og korleis det hadde det då dei vaks opp.

Trur du at musikk/film osv. hadde større innflytelse på dei unge då enn det har no?

Kva tenke du om å vekse opp i dagens samfunn versus for femti år sidan? Betre, verre? Kva er dei største forskjellane?

Populærkulturen sin påverknad

Kor mykje tid brukar du på sosiale media/serie/film/musikk?

Kva likar du å sjå på av tv/film og kvifor finn du dette interessant?

Kor mykje har den vore til stede for deg opp gjennom oppveksten? (kor mykje film og musikk har du høyrt på?)

Trur du desse kjærleksfilmane/seriane påverke di oppfatning av kjærleik?

Trur du det finast «the one»?

Trur du at film- og musikkverden kan vere med på å vrangforestille dagens ungdom om kva kjærleik faktisk er?

Synast du det er noko «feil» med dagens kjærleik?

Kva synast du om tinder?

Ekstra spørsmål ved behov

Når eg seier kjærleik og teknologi – kva tenke du då?

Korleis er det å gifte seg med nokon utanfor sin samfunnsklasse?

Korleis er det å balansere religion og kjærleik?

Å møte folk på bar? Er det greitt, eller ikkje greitt?